Aukra kommune

Aukra – full av energi

Vedteke Budsjett 2019 og Økonomiplan 2019-2022

ePhorte: 18/558-13
Vedteke i: K-sak 87/18

Innhald

INNLEIING TIL BUDSJETT 4

ORGANISERING 7

Politisk struktur 7
Administrativ struktur 8
Administrativ organisering per 01.01.2019 9

PLAN – OG STYRINGSSYSTEM 10

Framskriven folkemengd, etter statistikkvariabel, tid, alder og region 13

ØKONOMISTATUS I AUKRA KOMMUNE 14

Handlingsreglar for å trygge berekraftig økonomisk utvikling 14
Netto driftsresultat 16
Budsjettert bruk og avsetning til fond i 2019 – 2022 17
Utvikling i kommunen sitt gjeldsnivå 18
Finansutgifter i økonomiplanperioda 18

STATLEGE RAMMEVILKÅR 19

Inntektssystemet 19
Inntektsutjamning 19
Utgiftsutjamning 19
Frie statlege inntekter i 2019 - rammetilskot og skatt på inntekt og formue 21
Rammetilskot - endringar i 2019 (sum på makro-nivå i 1000 kr) 21

FRIE INNTEKTER I BUDSJETT OG ØKONOMIPLANPERIODEN 22

Aukra kommune sitt rammetilskot: 22
Skatt på inntekt og formue 22
Utvikling i utgiftsnivå og fordeling til drift 22
Eigedomsskatt 23
Havbruksfondet 23
Budsjettkriterier 24
Renteutgifter 24

DRIFT – BUDSJETT 2019 OG ØKONOMIPLAN 2019-2022 25

Budsjettskjema 1A og 1B 25

SAMLA OVERSIKT OVER TILRÅDDE TILTAK OG TREKK TIL FINANSIERING AV DESSE: 26

10 SENTRALE STYRINGSORGAN 27

10.1 Politiske organ, rådmannen, kommunalsjefane og serviceavdelinga 27
10.3 Økonomiavdelinga 30
10.4. Organisasjonsavdelinga 32
10.7 Barnevern 34
10.8 Pedagogisk rådgjevar 35
10.9 Tilskot GassROR iks, revisjon med meir 37
20 Gossen barne- og ungdomsskole 39
21 Julsundet skole 41
22 Barnebo barnehage 43
23 Bergetippen barnehage 45
24 Innvandring og integrering 47
25 Kultur 50
30 Eining institusjonstenester 54
32 Eining heimetenester 56
40 Helse 58
50 NAV 60
62 Tekniske tenester 62

INVESTERING - BUDSJETT 2019 OG ØKONOMIPLAN 2019-2022 65

BUDSJETTSKJEMA 2A OG 2B 65
INVESTERINGAR – STORE TILTAK 66
INVESTERINGAR – SMÅ TILTAK 69

VEDLEGG 75

ØKONOMISKE OVERSIKTER INVESTERING 2019 - 2022 76
INVESTERINGSTILTAK SAMANLIKNA MED BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2018-2021 77

SAKSFRAMLEGG MED POLITISK INNSTILLING OG VEDTAK 79

KOSTRA 85

SJØLVKOST 99

Innleiing til budsjett

Driftsbudsjett for 2019 har med få endringar vorte arbeidd ut frå vedteken ramme i sist økonomiplan. Det er nokre forslag til korrigerte rammer, men dei fleste endringane i drifta skjer ved omfordeling innanfor total ramme.

Dei tilrådde investeringane har heller ikkje store endringar i forhold til politisk vedtak i 2017 for planperioden 2018 – 2021. Rådmanen har lagt fram forslag om nokre tiltak, dei fleste av desse er innanfor VAR-områda.

Det vart vedteke endringar i eigedomsskattereglane i 2018, for vår kommunen vart desse ikkje av stor betydning. Men det er alltid eit men – eit eventuelt nytt vedtak i Stortinget vil kunne føre med seg endringar også for vår kommune. Det er viktig at kommunen er budd på framtidige endringar i eigedomsskatten og at vi skal arbeide godt med å ha eit berekraftig driftsnivå som kan tole svingingar i inntektene i tida som kjem.

Den komande samfunnsplana har nokre viktige føringar for framtida til Aukra kommune, slik vi ynskjer at kommunen skal stå fram og slik vi ynskjer å styre i åra som kjem. Viktige mål for framtida er allereie arbeidd med og vert lagt ut til høyring i desse dagar:

Attraktiv kommune/bulyst

Barn og unge

Aukra i regionen

Fornying, forbetring, innovasjon, frivillig arbeid

Kompetente medarbeidarar, rekruttering

Økonomiforvaltning, berekraftig driftsnivå

Klima og miljø

Handlingsdelen i kommuneplan skal vere grunnlaget for kommunen sine prioriteringar av ressursar, planleggings- og samarbeidsoppgåver. Rådmannen har i sitt forslag til budsjett og økonomiplan for dei komande fire åra lagt vekt på desse føringane som er arbeidd ut av representantar frå politikk, innbyggjarar og i administrasjonen. Plana er enno ikkje behandla i Kommunestyret.

Vi har eit rikt kulturliv og stor aktivitet innan frivillige lag og organisasjonar. Det er mykje frivillig arbeid som krev samskaping og felles innsats. Nettopp dette har Nasjonalforeningen for Folkehelse lagt merke til og har bede kommunen delta i eit pilotprosjekt for å skape ein innovativ samarbeidsmodell mellom kommunen og frivilligheita.

For å vere med i konkurransen om ynskt kompetanse vil vi satse på intern opplæring og rettleiing samt på å rekruttere inn gode fagpersonar. Rådmannen ser det og som viktig at vi legg til rette for at våre medarbeidarar kan få moglegheiter til å utvikle seg fagleg. Dette gjer vi mellom anna når vi nyttar økonomiske midlar for å hjelpe medarbeidarane til kompetanseheving og arbeider for å få gode fagmiljø i dei einskilde einingane.

Politikarar viser vilje til satsing på rekruttering, utvikling og omstilling og det vart hausten 2018 lagt fram ei sak frå rådmannen med forslag om eit årleg tilskot på 2.500.000 der rekruttering samt etter- og vidareutdanning er viktige punkt. Det vil seie at kommunen satsar mykje på å rekruttere inn og ikkje minst på å behalde dyktige medarbeidarar ved å gje tilbod om nødvendig kompetanseheving.

Det er mange kommunar som vil konkurrere om å få kvalifisert arbeidskraft på fleire område, den største utfordringa ligg nok på området pleie og omsorg der behovet vil vere stort i åra som kjem, og naturleg nok vil dette vere eit av dei store satsingsområda til kommunen.

Samanlikna med fleire andre kommunar ser vi at driftsnivået framleis er noko høgt i enkelte tenester. Vi ser at vi brukar mykje innanfor pleie og omsorg til eksempel. Administrasjonen vil fortsette å gå gjennom og vurdere moglegheiter for endringar slik at tenesta kan vere so godt tilpassa den enkelte brukar som nødvendig. Vi har dette siste året gått over frå å drifte ein sjukeheim til å drifte både sjukeheim, heildøgns omsorg og også heimetenesta på ein annleis måte. Pleie og omsorg er kompliserte og viktige tenester for kommunen og ein må ta tida til hjelp for å bygge opp tenestene på ein best mogleg måte. Ein treng tid på å endre arbeidsmetodar, kultur og å få til god samhandling i tenestene.

Det er sjølvsagt mogleg å gjere endringar i driftsnivået – men då må me vere villige til å gå med på omstilling. Det kan til eksempel vere mogleg å redusere grunnbemanninga innanfor institusjonstenesta, det vil krevje omstilling både for brukarar og tilsette. Rådmannen har ikkje lagt inn forslag om dette i budsjettet for 2019, men vil ta ein ny gjennomgang av tenesta for å synleggjere kva rammer som er heilt nødvendige for å drifte på ein forsvarleg måte.

Rådmannen vil med dette forslaget til budsjett dreie tenestene meir over frå reparasjon til førebyggande arbeid - i samhandling med brukarar. Det gjeld for alle tenesteområde. Vi ønskjer til dømes færre spesialpedagogiske tiltak i skolen og vi ønskjer ikkje at nokon skal måtte på institusjon før det er naudsynt. Det er arbeidet med ei slik dreiing av ressursinnsatsen rådmannen no har starta på.

Eksemplar på korleis ein har planlagt her er: forslag om psykologteneste eitt år før lovpålegget kjem, eit anna er forslag om å tilsette ein ernæringsfysiolog for mellom anna å planlegge rett kosthald i barnehage, skole og i eldreomsorga, samt forslag om kokk i barnehagane. Målet med ei slik dreiing er å vise at tidleg innsats kan bety at ein seinare har moglegheit for å unngå noko av dei kroniske sjukdomane og også arbeide for at fleire kan unngå utanforskap.

Eit einstemmig kommunestyre i Aukra har vedteke å gå inn i eit treårig pilotprosjekt om felles Legevakt med fleire ROR-kommunar. Det vert i desse dagar lagt planar for eit større legevaktdistrikt med base i Molde, men med utprøving av satellittar der avstandane til sentral legevakt blir for lang. Det er enno ikkje stadfesta kor satellittane kjem, men det er gitt sterke politiske signal frå Aukra om at ein ventar at ein av dei vert lagt til Gossen. I neste års budsjett og økonomiplan vil ein talfeste kva dette eventuelt vil utgjere av kostnadar samanlikna med legevaktordninga kommunen har i dag.

Ein klar føresetnad for å starte opp med ny legevaktordning er at det kjem beredskapsferje i sambandet Aukra – Hollingsholm. Det er ikkje lagt inn forslag om pengar til dette i budsjett eller økonomiplan - rådmannen føreset at fylkesvegen vert sikra av Fylkeskommunale midlar.

Grensejustering vert ei oppgåve som vil krevje ein del arbeid i 2019, i og med at Orten frå 1.1.2020 blir ein del av Aukra kommune. Matrikkel er ei oppgåve, kommunale avgifter skal organiserast og dei nye innbyggjarane skal ha like rettar til barnehage, skole, helsehjelp som dei andre innbyggjarane i kommunen.

Vidare arbeid med digitalisering vil vere i fokus – arbeid med eit felles sak- og arkivsystem har møtt hindringar på vegen, men er like fullt eit satsingsområde for oss.

Helseplattformen er ei av dei store framtidige oppgåvene som kommunen må legge arbeid i dei neste åra. Kort fortalt handlar det om at alle helsetenester som ein innbyggjar nyttar seg av vert samla i eitt system. Det vil i framtida gje ei oversikt for den enkelte innbyggjar som igjen vil forenkle arbeidet for alle som skal gje tenester til den einskilde. Dette er eit stort arbeid som alle kommunane i Midt-Norge vil vere ein del av. Arbeidet har starta, og fleire av våre medarbeidarar vert involvert i utviklingsarbeid framover.

Det er i budsjettforslaget ikkje teke høgde for at uføreseielege utgifter kan kome til. Rådmannen vil likevel peike på at i åra vi no går inn i med planlegging av nye kommunar og med det gjennomgang av alle interkommunale samarbeid, så vil det kunne skje endringar på utgiftssida som det vil vere naudsynt å kome tilbake til.

Med dette legg rådmannen fram sitt forslag til budsjett for 2019 og økonomiplan for perioden 2019 – 2022.

Aukra, 19.10.2018

Ingrid Husøy Rimstad

rådman

Organisering

Politisk struktur

Aukra kommune sin politiske styringsstruktur er formannskapsmodellen. Formannskapet er sett saman av kommunestyret sine representantar, og spelar ei avgjerande rolle ved at utvalet er plassert mellom fagutvala og kommunestyret i saksbehandlinga. Dette har ført til at formannskapet har ei nøkkelrolle i vedtaksprosessane i kommunane, og skal gje innstilling til kommunestyret før endeleg vedtak.

Kommunestyret (21 medlemmar) er kommunen sitt øvste politiske organ, og fattar vedtak på vegne av kommunen, så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak.

POLITISK ORGANISERING PER 01.01.19



Kommuneplanutval, Kontrollutval og Klageutvalet er lovpålagte organ. Det same er Eldrerådet og Rådet for funksjonshemma.

Formannskapet er tildelt avgjerdsmynde i alle saker der det er høve til å delegere i samsvar med kommunelov og særlov og som ikkje er lagt til anna organ eller rådmann. Alle saker med økonomisk innhald som skal handsamast i kommunestyret utover årsbudsjettet, skal som hovudregel først fremjast for formannskapet. Formannskapet vedtek innstilling i saka. Formannskapet er kommunen sitt kommuneplanutval og behandlar saker etter til Plan- og bygningsloven. Utvalet er rådføringsorgan for rådmannen i nemnde plansaker. Utvalet gir høyringsuttale i lokale, regionale og nasjonale saker (høyring, plansaker, lovproposisjonar med meir).

Livsløpsutvalet, drift- og arealutvalet og administrasjonsutvalet er med heimel i kommunelova § 10 nr. 2 delegert mynde til å ta avgjerd i alle saker innanfor sitt ansvarsområde der ikkje anna følgjer av lover, forskrifter og vidare, eller der ikkje andre er gjeve mynde. I saker der utvala ikkje har mynde til å avgjere saker innan sitt ansvarsområde, skal dei normalt behandle sakene før desse vert lagt fram for overordna organ. Utvala har og delegert mynde etter andre lover, forskrifter og retningsliner, jamfør delegeringsreglementet.

Utvala vert delegert mynde til å opprette og legge ned komitear/ arbeidsutval, til å førebu behandling av saker og til å utføre særskilde verv, jamfør kommunelova § 10 nr. 5 og nr. 6.

Administrativ struktur

Aukra kommune er administrativt organisert i to fullmaktsnivå, rådmannen og einings- og stabsleiarane.

Rådmannen er kommunen sin øvste administrative leiar, og er ansvarleg for saksutgreiingar for folkevalde organ og iverksetting av politiske vedtak. Rådmannen sitt ansvar og mynde er nærare gjort greie for i kommunen sitt regelverk for delegering av mynde til Rådmannen, vedteke i K-sak 106/12 og revidert i K-sak 16/14.

Einings- og stabsleiarane er ansvarlege for sine verksemder innanfor ramma av dei fullmakter som er delegert frå rådmannen. Det betyr at einingsleiarane har nødvendig mynde til å sikre einingane si drift både når det gjeld fag, økonomi og personaloppgåver.

Kommunen si verksemd er inndelt i 12 tenesteområder, 3 stabsområder og ei utbyggingsavdeling, jf. organisasjonskartet på neste side i dokumentet.

Administrativ organisering per 01.01.2019



Plan – og styringssystem

Frå: Rettleiar økonomiplanlegging i kommunar og fylkeskommunar:

«Kommuneplanen er det overordna styringsdokument i kommunen der alle viktige mål og oppgåver i kommunen er beskrive. Kommuneplanen er delt i en samfunnsdel med handlingsdel, og en arealdel. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilheit og kommunen som organisasjon. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal være grunnlag for sektorane sine planar og verksemda i kommunen. Handlingsdelen skal seie noko om korleis kommuneplanen skal følgjast opp dei fire påfølgande år eller meir, og reviderast årleg. Økonomiplanen (kommuneloven § 44) kan inngå i handlingsdelen i kommuneplanen (plan- og bygningsloven § 11-1).

Økonomiplanen tek utgangspunkt i kommuneplanen sine langsiktige mål, strategiar og utfordingar og angir korleis kommunen skal anvende sine ressursar for å nå vedteke politiske mål. Årsbudsjettet er som regel første året i økonomiplanen, og beskriv ressursfordelinga i detalj for det gjeldande året, mens årsregnskapet summerer opp korleis ressursbruken faktisk blei. Langsiktige mål og utfordringar kan ikkje løysast på eitt år, men må planleggast, gjennomførast, evaluerast og følgjes opp over tid. Samtidig må det planleggast for at tiltak som vert vedteke i årsbudsjettet ikkje underminerer den økonomiske balanse på lengre sikt. Difor er ei gjennom-arbeidd og oppdatert økonomiplan vel så viktig som et godt årsbudsjett. Planlegging utover årsbudsjettet er ein føresetnad for god økonomistyring.»

Den kommunale planprosessen er i miljøverndepartementet sin rettleiar framstilt slik på side 9:

INTEGRERT KOMMUNEPLANLEGGING



Figur 2: Ett-årshjulet som en del av handlingsdelen og 4-årshjulet som en del av kommuneplanprosessen.

Det er vidare uttalt at «Handlingsdelen og økonomiplanen er kommunen sine viktigaste verktøy for å sikre god økonomisk planlegging og styring. Handlingsdelen skal vise kommunen sine prioriteringar og kva kommunen skal arbeide med i løpet av dei neste fire budsjettår eller meir. Handlingsdelen angir ressursfordeling og spesifiserer

resultatmål og/eller tiltak som er tenkt gjennomført for å følgje opp måla i kommuneplanen». Kommuneplanen vart vedteke i K-sak 44/11 den 16. juni 2011 og gjeld i perioden 2011 – 2020. Det er vedteke desse fire satsingsområda:



Innanfor dei ulike satsingsområda er det sett opp overordna mål, og sagt noko om slik vil vi ha det og slik gjer vi det.

Bygdeutvikling	
Overordna mål: Aukra skal vere attraktiv som bukommune, slik at folk trives og vel å bli i Aukra	
Slik vil vi ha det!	Slik gjer vi det!
Aukra skal vere ein «vi-kommune»	Skape og synleggjere aktivitetar for å styrke «vi-kjensla». Utvikle sentrum med funksjoner/møteplassar som dekker fleire behov Etablere uformelle møteplassar Aukra skal vere ein MOT-kommune
Eit sterkt kultur- og fritidstilbod for alle aldersgrupper	Bygge kulturhus Bygge fleirbrukshus i Julsundet Støtte fritidstilbod og tiltak retta mot den uorganiserte delen av ungdommen Støtte tiltak retta mot unge vaksne (25-45 år)
Legge til rette for eit variert bustadtilbod	Legge til rette for etablering av førstegangsbustadar for ungdom Legge til rette for variert bustadbygging med omsyn til bustadtype og tomtestørrelse

Nærings- og regionsutvikling	
Overordna mål: Aukra skal vere ein meir attraktiv kommune for næringslivet og regionen	
Arbeide for at Aukra skal ha fastlandssamband og forbetra infrastruktur	Avsetting til fastlandsfondet slik at kommunen kan bidra med finansiering. Det skal arbeidast målretta og systematisk med dette. Arbeide med å betre offentleg kommunikasjon fram til fastlandssambandet kjem
Aukra skal ha eit meir mangfaldig næringsliv	Vi skal styrke eksisterande næringsverksemd i kommunen Aukra skal etablere ein "næringshage" og ha kontor ferdig til utleige Aukra skal ha nok industriareal ferdig til sal og utleige, sjø og land Satse meir på reiseliv, handel og service
Styrke regionsamarbeidet	Vår innsats i Gassror IKS med årleg tilskot på 10 % av skatteinntektene er viktig Vere aktiv i aktuelle fora i regionen. Ved endring av infrastrukturen er det naturlig å vurdere Kommunestrukturen

Tettstad og areal		
Overordna mål: Utvikle Julsundet og tettstaden Falkhytten		
Slik vil vi ha det!		Slik gjer vi det!
Forbetre tettstadane som naturlege møtestadar		Bygge kulturhus og symjehall Vurdere arkitektoniske forbetringar i sentrumsområdet i kommunen. Bygge fleirbrukshall med samfunnshus-funksjonar i Julsundet Fleire bustadar/leilegheiter i og kring tettstaden Falkhytten
Eit betre tilbod på offentleg kommunikasjon til/frå tettstadane		Arbeide for å forbetre busstilbodet Forsøksordning med buss på kveld og helg Stamrute Molde – Hollingsholmen. Arbeide for at det vert betre korrespondanse mellom buss, ferje og fly
Betre tilkomsten til natur- og friluftsområda		Etablere fleire stiar med opparbeidde opphaldsstader for ålmenta Betre skilting og generell informasjon om desse stadane slik at det vert lettare for ålmenta å ta dei i bruk

Kommunale tenester		
Overordna mål: Innbyggarane skal oppleve god kvalitet og kommunen har økonomisk handlefridom		
God informasjonsflyt mellom kommunen og innbyggarane		Bevisst bruk av web og media som informasjonskanalar Utarbeide serviceerklæringar (nivå på tenesta) Gjennomføre brukarundersøkingar
Bevisste prioriteringar		Definere kommunen sine kjernetenester, og ta bevisste val på kva ein ønskjer å ta ansvar for utover desse. Min 50% av driftsresultatet vert avsett på fond for å kunne finansiere investeringar, og å ha reserve til å møte framtidige økonomiske svingingar Netto driftsresultat på min. 10 % av driftsinntektene Ein skal definere klare mål for kva ein vil oppnå med auka ressursbruken utover "normalnivået" på tenesteområder.
Aukra kommune skal vere ein pådrivar i samfunnsutviklinga og ein attraktiv arbeidsgjevar		Interkommunalt samarbeid Regionalt samarbeid Leiarskap Medarbeidarhaldningar Utvikle felles verdigrunnlag Sikre framtidig kompetanse
Utvikle verktøy for styringsinformasjon		Som ein del av det politiske beslutningsgrunnlaget vil det i forkant av budsjettarbeidet bli utarbeida statusrapportar Ta i bruk målstyringsverktøy Utvikle årshjulet

Ny Kommuneplan for Aukra 2019-2025 er under utarbeiding. Kommuneplana er kommunen sitt langsiktige og overordna styringsverktøy der satsingsområde, mål og strategiar vert vedteke.
I tråd med plan- og bygningslova skal det utarbeidast ein handlingsplan om korleis kommuneplana skal følges opp dei fire påfølgande år eller meir. Det er pålagt å gjere årlege vedtak om oppdatering av kommuneplana sin handlingsdel. Økonomiplana etter kommunelova § 44 kan gå inn i denne handlingsdelen, men kan og utformast/vedtakast som eigen sak.

Når ny samfunnsplan er vedteke og ny kommunelov trer i kraft vil budsjett og økonomiplan få ein tydlegare samanheng og kopling opp mot kommunen sin samfunnsdel av kommuneplana.

Framskriven folkemengd, etter statistikkvariabel, tid, alder og region

	0 år	1-5 år	6-12 år	13-15 år	16-19 år	20-44 år	45-66 år	67-79 år	80-89 år	90 år eller eldre
2019	37	184	355	151	193	1106	911	452	154	39
2020	37	182	342	170	185	1110	932	454	156	34
2025	41	211	307	144	226	1151	965	475	182	43
2030	45	226	310	126	198	1249	1024	445	242	42

Framskriving for ulike aldersgrupper

I tider med store flyktningstraumar og samtidig økonomiske nedgangstider, med mellom anna arbeidsløyse og tendensar til tilbakeflytting til heimland frå tidlegare arbeidsinnvandrar, er det knytt uvisse til korleis folketalet vil utvikle seg framover. Med utgangspunkt i SSB si framskriving av «Låg innvandring» kan ein sjå følgjande utviklingstrekk:

Ei jamn befolkningsutvikling i prognoseperioden

Aldersgruppa 80 år og eldre vil oppleve ein markant og stor vekst frå ca år 2025.

Andelen yngre eldre (67-79 år) vil få ein kraftig vekst fram mot ca år 2025.

Det er venta ein jamn vekst i den yngste aldersgruppa (0-5 år), og fram mot år 2030.

Ungdomsskolealdersgruppa er venta å vekse noko fram mot 2020, og deretter avta.

Tal på barn i grunnskulealder vil svinge litt i prognoseperioden

Tal på personar i yrkesaktiv alder (20–66 år) vil auke i perioden



Økonomistatus i Aukra kommune

Aukra kommune sin økonomi er svært god, med høge netto driftsresultat og avsetningar til fond. Eigedomsskatten har hatt ei vesentleg auke sidan den vart innført i 2003, og vert i 2019 budsjettert med kr. 250 millionar. Kommunen sine inntekter frå eigedomsskatt utgjer då 42% av samla frie disponible inntekter og gjev ei årleg inntektsauke på 74%.

I driftsåra 2017 og 2018 er det frå administrasjonen meldt om vesentlege avvik og trong for å auka driftsrammer i forhold til vedteke budsjettet. Det er spesielt einingane Institusjon, Helse og Tekniske tenester som har hatt utfordringar med å drifte innanfor økonomiske rammer fastsett i dei opphavelege budsjetta. Utfordringane innanfor institusjon er ikkje unike for Aukra kommune, men blir og meldt om for fleire av våre nabokommunar.

Samla sett ligg Aukra kommune sitt utgiftsnivå godt over andre samanliknbare kommunar. Frie midlar som blir nytta til årleg drift er derfor samla sett vurdert å være høgt, men demografiendring og endring innanfor ulike tenester kan likevel ha ført til at ramma ikkje lenger er riktig fordelt på kommunane sine einingar. Rådmannen ønskjer derfor ein gjennomgang av rammene, der ein mellom anna legg til grunn innført bemanningsnorm i barnehagane, norm for lærartettheit i skolane, demografisk endring dei siste åra, og kunnskap om ståstad i dag gjennom analyse av KOSTRA-tal.

Rådmannen har difor eit mål om at alle einingane sine rammer blir evaluert i løpet av 2019.

Fastlandsløysing

Gjennom ei effektiv kommunikasjonsløysing knytt opp mot framtidige E39, ønskjer Aukra kommune å leggje forholda til rette for ei god samfunnsutvikling. Prosjekteiger er Kjerringsundet AS, som er eit selskap eigd av Aukra og Midsund kommune. Kjerringsundet AS er eit etablert vegselskap med formål å «utarbeide reguleringsplan for ny fylkesveg Gossa-Otrøya i tråd med vedteken kommunedelplan for området, utarbeide finansieringsgrunnlag for utbygging, og sørgje for realisering av utbygginga etter vedtak som er gjort i felles formannskapsmøte og seinare kvar for seg».

Realiseringa av fastlandsløysing har per i dag ikkje økonomisk prioritet hos Fylkeskommune, og kviler difor på kva bidrag Aukra kommune kan yte. Ved behandlinga av budsjett og økonomiplan 2016 -2019 vart det fatta slik vedtak: «Aukra kommunestyre vil for å kunne realisere prosjektet Kjerringsundet sette av 90 mill. kroner dei kommande 20 åra. For å kunne realisere og i tillegg og kunne utnytte dei moglege synergieffektane som kan ligge til rette for å utnyttast, dersom Møreaksen og Kjerringsundet skal kunne sjåast på og realiserast i samanheng».

Inntekter frå eigedomsskatt vart i 2016 vesentleg høgare enn tidlegare føresett i kommunen sitt budsjett. Rådmannen sitt forslag i budsjett- og økonomiplan for 2017 – 2020 om at auka inntekter frå eigedomsskatt vart brukt til å auke avsetninga til fond for fastlandsløysinga vart vedteke.

I dialogmøte mellom administrasjon og politisk leiing den 04. september 2018 vart det frå politisk hald signalisert at avsetting framover skal være kr. 100 mill. pr. år.

Fond for fastlandsløysing vil ut frå desse føresetnadane være på kr. 835 mill. ved utgangen av 2022.

Handlingsreglar for å trygge berekraftig økonomisk utvikling

For den kommunale økonomien er målet berekraftig økonomisk utvikling som ikkje står i vegen for at framtidige

generasjonar klarar å ivareta sine interesser.

I dialogmøte den 04. september 2018 la administrasjonen fram forslag om å etablere handlingsreglar for Aukra kommune sin økonomi. Desse skal være styrande gjennom samfunnsplan, økonomiplan og det enkelte år sitt budsjett. Frå politisk hald vart det oppslutting om desse måla, som no blir arbeidd inn i samfunnsplana og lagt fram til politisk vedtak i handsaminga av denne:

- Sikre finansiering av fastlandsløysing gjennom årleg avsetting til fond med kr. 100 mill.
- Kommunen skal ha eit disposisjonsfond lik 8% av kommunen sine årlege brutto driftsinntekter.
- Det skal gjerast ei årleg avsetting på kr. 7 mill. til fond for framtidig vedlikehald av kommunale bygg
- Nedbetalingstid for kommunen si langsiktige gjeld er 15 år
- Budsjetterte årleg auke i frie midlar fordelt til drift, kan ikkje være større enn budsjettert auke i statleg rammetilskot og skatt på inntekt og formue.

Desse føringane er lagt til grunn i utarbeidinga av budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022. Fond for vedlikehald av kommunale bygg er etablert, og avsetting er gjort med kr. 7 mill. det enkelte år i planperioda. Avsetting for fond for fastlandsløysing er lagt inn med kr. 100 mill. Ved utgangen av 2022 vil behaldninga på fond for vedlikehald være kr. 28 mill. og fond for fastlandsløysing kr. 835 mill.

Nedbetalingstid for nytt lån er lagt inn med 15 års avdragstid.

Målet om disposisjonsfond lik 8% av kommunen sine årlege brutto driftsinntekter er ikkje på plass for heile perioda. I 2020 og 2022 er fondet noko lågare enn det som no er sett som mål.

Det er og i den framlagte budsjett og økonomiplana hefta usikkerheit ved fleire av dei frie inntektene. Vi har i 2018 ein vesentleg nedgang i skatt på inntekt og formue, og utviklinga er usikker i tida framover. Samstundes er det endringar innanfor eigedomsskatt. Endring i eigedomsskattelova trer i kraft frå 01.01.2019, og i 2017 vart det avsagt dom i høgsterett knytt til prinsippa for reduksjon av slit og elde som kan få betyding ved verdsetting av nettanlegg. Takseringa for 2018 er enno ikkje avslutta, og ein kan derfor få klagesaker som vil påverke storleik på kommunen sin eigedomsskatt. Endringar i kommunen sine frie disponible inntekter vil få verknad på storleiken på avsetting til disposisjonsfond.

Netto driftsresultat

Kommunen sitt netto driftsresultat var i 2017 på 21,5%. Årsaka til høgt netto driftsresultat er kommunen si årlege inntekt frå eigedomsskatt, som i 2017 utgjorde 40,6% av kommunen sine brutto driftsinntekter. Høge netto driftsresultat er heilt nødvendige dersom ein, i tråd med Kommunestyret sitt vedtak, skal kunne sette av til fond for fastlandsløysing. Netto driftsresultat er i budsjett for 2019 er berekna til 27,4%.

Kommunen vil, ut frå føresetnader som no er lagt inn i budsjettet , dei neste fire åra få eit netto driftsresultat som vil være mellom 23 til 27 prosent. Kravet i kommuneplanen om eit netto driftsresultat på 10% av driftsinntektene vert derfor oppfylt med god margin i heile økonomiplanperioden.





Budsjettert bruk og avsetning til fond i 2019 – 2022

	2018	2019	2020	2021	2022
Disposisjonsfond					
Beholdning 01.01. 2018	87 106 975	53 282 288	58 820 719	47 689 277	79 953 712
Bruk av fondet i driftsregnskapet					
Bruk av fondet i investeringsregnskapet	69 174 500	49 561 600	61 910 000	8 650 000	55 228 000
Avsetninger til fondet	35 349 813	55 100 031	50 778 558	40 914 435	33 715 172
Beholdning 31.12	**53 282 288**	**58 820 719**	**47 689 277**	**79 953 712**	**58 440 884**
Endringer i budsjett 2018:					
Fond for framtidig vedlikehald av kommunale eigedomar					
Beholdning 01.01. 2018		0	0	7 000 000	14 000 000
Bruk av fondet i driftsregnskapet					
Bruk av fondet i investeringsregnskapet		7 000 000			
Avsetninger til fondet		7 000 000	7 000 000	7 000 000	7 000 000
Beholdning 31.12	**0**	**0**	**7 000 000**	**14 000 000**	**21 000 000**
Disposisjonsfond - fastlandsløysing					
Behaldning	324 738 639	435 888 639	535 888 639	635 888 639	735 888 639
Frå ubunde investeringsfond					
Bruk av fondet i driftsrekneskapet	4 850 000				
Bruk av fondet i investeringsregnskapet					
Avsetninger til fondet	116 000 000	100 000 000	100 000 000	100 000 000	100 000 000
Beholdning 31.12	**435 888 639**	**535 888 639**	**635 888 639**	**735 888 639**	**835 888 639**
Bundne driftsfond (m.a. VAR-området)					
Beholdning 01.01	13 673 781	13 915 151	14 255 784	14 235 184	13 568 134
Bruk av fondene i driftsregnskapet	129 200	45 612	46 114	667 050	880 416
Bruk av fondene i investeringsregnskapet	0	0	0	0	0
Avsetninger til fondene	370 570	386 245	25 514	0	0
Beholdning 31.12	**13 915 151**	**14 255 784**	**14 235 184**	**13 568 134**	**12 687 718**
Ubundne investeringsfond					
Beholdning 01.01	5 471 370	5 471 370	4 243 370	3 015 370	1 787 370
Bruk av fondene		1 228 000	1 228 000	1 228 000	1 228 000
Avsetninger til fondene					
Beholdning 31.12	**5 471 370**	**4 243 370**	**3 015 370**	**1 787 370**	**559 370**
Bundne investeringsfond					
Beholdning 01.01	471 298	471 298	471 298	471 298	471 298
Bruk av fondene	0	0	0	0	0
Avsetninger til fondene	0	0	0	0	0
Beholdning 31.12	**471 298**	**471 298**	**471 298**	**471 298**	**471 298**

Utvikling i kommunen sitt gjeldsnivå

Finansiering av investeringane vert, som vedteke i økonomiplan for 2018 – 2021, i hovudsak finansiert gjennom bruk av disposisjonsfond, statlege tilskot og refusjonar og sal av fast eigedom. I 2021 vil det i tillegg bli føreslått låneopptak på kr. 100 mill. Låneopptaket er redusert med kr. 20 mill. i forhold til det som var lagt til grunn i planvedtaket for 2018-2021. Årsaka til dette er at ferdigstilling av kulturhuset blir i 2022 i staden for 2021, og at ein har auka inntekter som blir avsett til fond og seinare kan nyttast til finansiering av investeringar.

Utvikling i Aukra kommune si gjeld frå 2016 og vidare utover i økonomiplanperioden vil bli slik:

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Netto lånegjeld eksl. startlån og pensjonsforpl.	349 078	420 507	385 328	350 052	314 775	375 739	337 529
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	98 332	118 206	107 513	97 048	87 268	103 197	92 171
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	65,0	73,2	65,7	59,4	53,5	63,6	56,7





Generelle råd er at den langsiktige gjelda (utanom pensjonsforplikting) ikkje bør overstige 60% av kommunane sine brutto driftsinntekter. Ut frå føresetnader i framlagt økonomiplan vil kommunen ha ei positiv utvikling, med ein gradvis reduksjon av lånenivå fram til nytt låneopptak i 2021. For åra 2019 til 2022 har ein, med unntak av 2021, eit gjeldsnivå som er lågare enn 60%.

Finansutgifter i økonomiplanperioda

Kommunen sine finansutgifter får ei slik utvikling frå 2016 til og med 2022:

Sum eksterne finansutgifter							
	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Sum eksterne finansutgifter	29 898	35 253	42 173	43 034	43 333	51 457	51 348
Finansutgifter og avdrag i % av brt. driftsinntekter	5,3	6,0	7,2	7,3	7,4	8,7	8,6

Eksterne finansutgifter auka i 2018 etter låneopptak og vil frå 2021 igjen auke etter nytt låneopptak dette året.

Statlege rammevilkår

Inntektssystemet

Inntektssystemet definerer det statlege bidraget som kommunane får til si drift i form av rammetilskot og skatteinntekter. Dette er frie inntekter som kommunen kan disponere fritt over, utan andre føringar enn gjeldande lovar og regelverk. Nivået på dei frie inntektene vert bestemt ut frå pris- og lønsvekst, vekst i frie inntekter, innlemming av øyremerkte tilskot, korreksjon av rammetilskot for oppgåveendringar. Når nivået på samla frie inntekter er fastsett, kjem ein fram til storleiken på samla rammetilskot ved å trekkje berekna for skatteinntekter frå nivået på samla frie inntekter.

Eit overordna føremål ved inntektssystemet er å jamne ut kommunane sine føresetnader for å gje eit likeverdig tenestetilbod til sine innbyggjarar. Ved fordeling av rammetilskot tek ein omsyn til strukturelle skilnader i kommunane sine kostnader og skilnader i skatteinntektene. Dette vert gjort ved at utmålinga av rammetilskot vert påverka av utgifts- og inntektsutjamning.

Inntektsutjamning

Det er store variasjonar i skattegrunnlaget mellom kommunane, noko som skaper store skilnader i inntektsnivå. Gjennom utjamninga av skatt på inntekt og formue for personlege skattytarar vert desse forskjellane delvis utjamna. Det betyr at kommunar med skatteinntekter mellom 100 og 90 pst. av landsgjennomsnittet vert kompensert med 60 pst. av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet. Kommunar med skatteinngang over landsgjennomsnittet vert trekt for 60 pst. av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet. Kommunar som har skatteinntekter under 90 pst. av landsgjennomsnittet, vert kompensert for 35 pst. av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90 pst. av landsgjennomsnittet. Denne tilleggskompensasjonen vert finansiert ved at kvar kommune vert trekt med eit likt sum per innbyggjar.

Utgiftsutjamning

For den enkelte kommune er det utarbeidd kostnadsnøklar som saman med andre kriteriedata seier noko om

kommunen sitt utgiftsbehov. Ut frå desse indeksane vert det gjort ei fordeling til kommunane etter deira varierande utgiftsbehov. Utjamninga er ei rein omfordeling – det som vert trekt frå nokre kommunar vert delt ut til andre. Samla for landet er kostnadsnøkkelen lik 1, for Aukra kommune er denne for 2019 sett til 1,1119. Det vil seie at utgiftsbehovet i Aukra kommune samla vert vurdert å ligge 11,19 pst. (9,78 pst. i 2018) over det samla gjennomsnittlege utgiftsbehovet.

Aukra kommune vil i 2019 få kr. 20.843.000,- i utgiftsutjamning medan Aukra kommune fekk kr. 17.607.000,- året før.



Henta frå Regjeringa.no

Frie statlege inntekter i 2019 - rammetilskot og skatt på inntekt og formue

Regjeringa har i forslag til statsbudsjett lagt til grunn ein samla realvekst i kommunane sine frie inntekter i 2019 på 2,6 mrd. kroner samanlikna med revidert nasjonalbudsjett for 2018. Samtidig er det lagt til grunn ei oppjustering av skatteinntektene med kr. 2,4 mrd. som har samanheng med ekstraordinære store uttak av utbytter truleg som konsekvens av tilpassing til skattereforma.
KS vurderer at veksten i dei frie inntektene vil gå til dekning av demografiske utgifter på 1,5 mrd. kroner og pensjonskostnader utover lønsvekst 0,65 mrd. kroner. Auke i demografiske utgifter kan hovudsakleg knytast til dei eldre aldersgruppene og barn i grunnskolen. Innanfor veksten i frie inntekter ligg særlege satsingar som tidleg innsats i skolen med 200 mill. kroner, vidareføring av opptrappingsplan for rusomsorga med 200 mill. kroner og opptrappingsplan for habilitering/ rehabilitering med kr. 100 mill.

KS peiker på at det i opplysningar om kommunane sitt økonomiske handlingsrom ikkje er teke omsyn til auka innslagspunkt for ordninga for toppfinansiering for ressurskrevjande tenester eller venta auke i renteutgifter.

Rammetilskot - endringar i 2019 (sum på makro-nivå i 1000 kr)

Tabell nedanfor er henta frå berekningsteknisk dokumentasjon (Grønt hefte) lagt fram som vedlegg til statsbudsjettet (Prop. 1 S) for 2019. og viser kva innlemmingar/ korreksjonar som er gjort i kommunane sitt rammetilskot for 2019 i høve til 2018.

Oppgaveendringer m.m / korreksjoner	
Innlemmingar	
Boligsosialt kompetansetilskudd	15 599
Tilskudd til boligsosialt arbeid	8 900
Forsøk med statlig finansiering av omsorgstjenesten	-5 646
Korreksjoner:	
Auka inntektsgrense for gratis kjernetid i barnehage frå 01. august 2018nasjonal norm redusert foreldrebetaling barnehage	47 125
Gratis kjernetid i barnehage for 2-åringar frå 01. august 2019	45 736
Auka foreldrebetaling i barnehage med 110 kroner pr. mnd. Frå 01. januar 2018 heilårsverkand	-21 900
Auka foreldrebetaling i barnehage med 50 kroner pr. mnd. Frå 01. august 2019	-65 800
A.C.Møller skole, overføring av statped til Trondheim kommune	1 600
Skjønnstilskudd, engangsbevilgning 2018 til retaksering av eigedomsskatt	-74 530
Kommunal betalingsplikt for utskrivingsklare psienter i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av rusavhengige	185 000
Takstoppgjer for almennlegar i 2018, heilårsverknad	100 000
Statlege og private skuler - auke i elevtal	-103 256
Sum oppgåveendringar og korreksjonar	**132 828**

Ein del av endringane kjem som saker som er gjeve særskilt fordeling. Dette gjeld helsestasjon og skolehelseteneste som for Aukra kommune utgjer kr 648.000,- og Frivilligsentral kr 414.000,-.

Satsing på Helsestasjon og skolehelseteneste kom i Aukra på plass i 2015 ved etablering av ei stilling innanfor Helse. Frivilligsentral vart etablert i 2013 og er organisert under Kultur.

Frie inntekter i budsjett og økonomiplanperioden

Frie inntekter (rammetilskot og skatt på inntekt og formue) er i 2019 på 217 788 000 kroner før ein tek omsyn til inntekstjusteringa ut frå skattenivå. Dette inneber ein vekst for Aukra kommune frå 2018 til 2019 på 3,5 prosent. I same periode er rekna landsgjennomsnittleg vekst på 2,9 prosent. Veksten i statlege frie inntekter er rekna frå overslag på rekneskap for 2018.

Endelege skatteinntekter for 2019 vert ikkje kjent før i januar 2020. Vi har i 2018 ein vesentleg nedgang i skatt på inntekt og formue, og kva utvikling ein vil har er derfor usikkert. Det er forhold som arbeidsløyse, endring i skattytarar, årleg lønsvekst m.m. som er avgjerande for utviklinga i denne inntekta. Vi har teke omsyn til endringa i 2018 og har gjort ein reduksjon i det nasjonale anslaget på skatteinntekt for 2019 og åra framover.

Vidare i økonomiplanperioda er det lagt inn ein vekst i frie inntekter (før inntekstutjamning) på 1- 2%.

Aukra kommune sitt rammetilskot:

Rammetilskot i heile tusen:	**2019**	**2018**
Innbyggjar tilskot	88 016	85 176
Utgiftsutjamning	22 067	18 818
Overgangsordningar/INGAR (frå 2009)	-190	-257
Tilskot med særskilt fordeling	1 063	951
Veksttilskot	-	508
Skjønn - spesielle lokale forhold (fordelt av Fylkesmannen)		
Budsjettvedtak 2018 Stortinget		100
RNB 2018 - endring i rammetilskot		9
Sum rammetilskot	**110 957**	**105 305**
Nett inntektsutjamning ut frå anslag skattenivå	3 878	6 035
Sum rammetilskot	**114 835**	**111 340**

Skatt på inntekt og formue

Aukra kommune sitt skattenivå har dei siste åra fram til 2018 vore nært opp til landsgjennomsnittet. I 2018 har vi hatt ein større reduksjon i vår skatteinngang, og det er lagt til grunn at dette vil være nivået i åra framover. Overslag på skatt på inntekt og formue er for heile perioda, er vurdert å ligge på om lag 92 pst. av lands-gjennomsnittet. Ein vil då få ei inntektsutjamning med 60 pst. av differanse mellom eige skattenivå og nivå landsgjennomsnittet. Samtidig skal kommunen vere med å finansiere kompensasjonen for kommunar som har eit snitt under 90 pst. av landsgjennomsnittet, i dag fastsett til kr 398,- per innbyggjar. Netto motteke inntektsutjamning vert i 2019 ut frå dette berekna til kr. 3.878.000,-.

Utvikling i utgiftsnivå og fordeling til drift

Frie disponible inntekter som blir fordelt til drift vil frå 2018 til 2019 få ein reduksjon på 3,5 prosent i forhold til justert budsjett for 2018. I forhold til opphaveleg budsjett for 2018 har vi ein reduksjon i fordeling til drift på 1,8 prosent. Dette kan forklarast med mellom anna mindre lønsvekst enn avsett lønsbuffer i 2018 og reduserte pensjonskostnader enn det som var lagt til grunn i det opphavelege budsjettet. I tillegg vil einiga Innvandring og integrering i 2018 ha eit meirforbruk på 6,1 mill. som dei startar inndekkinga av igjen i 2019 med kr. 1 mill.

I kommunen sine utgifter vil det i økonomiplanperioda bli ei auke i rente- og avdragsutgifter grunna nytt låneopptak

i 2021 og venta auke i rentenivå, med kr 8,3 mill.

Nye føreslegne driftstiltak er løyst gjennom å disponere om innanfor einingane/avdelingane sine rammer.

Eigedomsskatt

I KS-sak 77/18 tok kommunestyret stilling til val av nytt utskrivingsalternativ etter endring av eigedomsskattelova gjeldande frå 01.01.2019. Kommunestyret vedtok at det frå 2019 vert skrive ut eigedomsskatt på «energianlegg» i eigedomsskattelova § 3 bokstav c, det vil seie «berre kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum».

Vidare vedtok kommunestyret å skrive ut eidomsskatt basert på overgangsreglane til eigedomsskattelova §§ 3 og 4.

I saka er det gjort greie for at Aukra kommune sine eigedomsskatteinntekter i all hovudsak kjem frå «energianleggene» som inngår i ny bestemming i esktl. § 3 c. Det er berre om lag 2-3 millionar kroner som kjem frå øvrige verk og bruk og som då delvis blir trappa ned etter overgangsregelen. Dette er lagt til grunn i fastsettinga av eigedomsskatteinntekter i perioda.

Rådmannen rår til at skatteøyret vert sett til 7 promille, som er den høgaste skatteøyre ein kan ha jfr. eigedomsskattelova § 11.

Frist for taksering og vedtak om utskriving av eigedomsskatt av nye objekt er 28.02 i inntektsåret, og inntektene er soleis usikre fram til taksering er ferdig. Takseringsarbeidet vil i 2019 vil ha større omfang enn tidlegare år, då alle objekta som skal skatteleggast etter overgangsreglande må takserast på nytt.

Eventuell endring i eigedomsskatt i høve til framlagt budsjett for 2019, vert innarbeidd som budsjettkorrigering i løpet av året.

Havbruksfondet

I 2018 blei det samla betalt ut 2,7 mrd. kroner gjennom Havbruksfondet til kommunane i Norge. I 2019 har Regjeringa foreslått å sette av drygt 450 mill. kroner.

Om lag 64 mill. kroner av utbetalinga i 2019, skal fordelast etter same prinsipp som i 2018.

Midlane vil da fordelast med utgangspunkt i all klarert lokalitetsbiomasse for oppdrett av laks, ørret og regnbueørret per hausten 2019. Det meste av midlane som er sett av til 2019, snaut 400 mill. kroner, skal i utgangspunktet fordelast mellom kommunar der det er klarert ny lokalitetsbiomasse for oppdrett av laks, ørret og regnbueørret innanfor siste to-årsperiode, frå 2017-2019. Det betyr at utbetalingar av desse midlane i utgangspunktet skal fordelast til kommunar der det er klarert ny lokalitetsbiomasse for lakseoppdrett. Det er altså ein anna fordelingsnøkkel som ligg til grunn for det meste av neste års utbetaling enn årets utbetaling. Det er difor ikkje muleg å seie med sikkerheit korleis desse midlane vil fordele seg.

Aukra kommune fekk i 2018 kr. 6,9 mill. frå Havbruksfondet. Utbetalinga for 2019 vil bli vesentleg mindre, då Regjeringa sitt forslag til samla utbetaling er redusert frå 2,7 mrd. til 450 mill.

Utbetaling for 2019 er difor ved skjønn fastsett til kr. 400.000,-.

Budsjettkriterier

Følgjande generelle føresetnader ligg til grunn for budsjettframlegget:

Pensjonspremie KLP	16,50 pst.
Pensjonspremie STP	11,00 pst.
Arbeidsgjevaravgift:	14,10 pst.
Prisvekst jfr. statsbudsjett 2019	2,10 pst.
Lønsvekst jfr. statsbudsjett 2019	3,25 pst.
Deflator brukt i statsbusjett 2019	2,80 pst.

Einingane sine rammer er i budsjett og økonomiplanen korrigert med tilrådde endringar og verknad av sentrale og lokale forhandlingar i 2018. Rammene er vist i tabellen «Driftsramme for 2019 – 2022» på den enkelte eining.
Det er berekna og avsett ein buffer for å møte lønsauka i økonomiplan perioden.

Renteutgifter

Aukra kommune nyttar kommunalbanken sitt forslag på budsjettrenter for 2019 – 2022. Forslaget baserer seg på offentleg tilgjengeleg prognoser og marknadsrenter. Det er då teke utgangspunkt i Norges Bank si renteprognose for åra 2019 – 2020. For 2022 er det berre marknadsrenter som er tilgjengeleg som anslag for 3 mnd Nibor rente. Som bankmargin er kommunalbanken sitt marginpåslag for Nibor-lån med 0,60 prosentpoeng nytta.



Rentenivå inklusive bankmargin, vil ut frå denne utviklinga for enkelte år bli:
2019 – 2,04 pst.
2020 – 2,49 pst.
2021 – 2,92 pst.
2022 – 2,92 pst.

Avdrag på lån som kommunen har i dag er fastsett ut frå avtalt nedbetalingsplan, og avdrag på nye lån er berekna ut frå ei nedbetalingstid på 15 år.

Drift – Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022

Budsjettskjema 1A og 1B

Tala er i heile 1000 kroner	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2018 m/end. *	Rekneskap 2017
Skatt på inntekt og formue	100 764	102 780	104 834	106 930	93 552	102 416
Ordinært rammetilskot	114 834	116 205	117 500	119 000	111 232	101 823
Skatt på eigedom	250 000	249 000	248 000	248 000	259 095	228 649
Andre direkte eller indirekte skatter	-	-	-	-	-	-
Andre gen. statlege tilskot	400	400	400	400	6 913	712
Sum frie disponible inntekter	**465 998**	**468 385**	**470 734**	**474 330**	**470 792**	**433 601**
Renteinntekter og utbytte	4 143	3 982	4 659	4 148	1 900	5 684
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	14 067	17 204	20 427	23 739	10 037	2 139
Renteutg., provisj. og andre finansutgifter	7 740	8 040	10 282	10 243	6 880	6 544
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-	-	0
Avdrag på lån	35 293	35 293	41 175	41 104	35 293	28 621
Netto finansinntekter / - utgifter	**-24 823**	**-22 147**	**-26 371**	**-23 460**	**-30 236**	**-27 343**
Til dekning av tidlegare års	0	0	0	0	0	0
rekneskapsmessige meirforbruk	0	0	0	0	0	0
Til ubundne avsetningar	162 100	157 779	147 914	140 715	153 747	141 989
Til bundne avsetningar	0	0	0	0	0	0
Bruk av tidligare års regn.m. mindreforbruk		0	0	0	2 467	11 918
Bruk av ubundne avsetningar	0	0	0	0	0	550
Bruk av bundne avsetningar	0	0	0	0	0	0
Netto avsetningar	**-162 100**	**-157 779**	**-147 914**	**-140 715**	**-151 280**	**-129 520**
Overført til investeringsreknesk	0	0	0	0	0	0
Til fordeling drift	**279 075**	**288 459**	**296 449**	**310 155**	**289 275**	**276 735**
10.1 Rådmannen, politisk og serviceavdelinga	19 281	19 121	19 321	19 141	19 520	22 420
10.3 Økonomiavdelinga	5 778	5 778	5 778	5 778	5 755	5 426
10.4 Organisasjonsavdelinga	3 356	3 356	3 356	3 356	3 449	3 982
10.7 Barnevern	7 780	7 780	7 780	7 780	7 780	6 953
10.8 Pedagogisk rådgjevar	6 352	6 352	6 352	6 352	8 333	7 640
10.9 Tilskot GassROR iks, revisjon m.m	30 227	29 657	29 657	29 657	31 560	26 604
20 Gossen barne og ungdomsskole	32 996	32 996	32 996	32 996	33 615	32 965
21 Julsundet skole	15 162	15 162	15 162	15 162	14 858	15 341
22 Barnebo barnehage	17 146	17 146	17 146	17 146	17 090	16 339
23 Bergetippen barnehage	10 501	10 501	10 501	10 501	9 742	10 005
24 Eining for innvandring og integrering	-1 000	-2 000	-3 112	0	6 112	-21
25 Oppvekst og Kultur	10 223	10 223	9 567	9 567	10 440	10 207
30 Institusjon og buteneste	47 957	45 247	43 247	43 247	54 712	52 479
32 Tenester til heimebuande	32 094	32 094	32 094	32 094	31 590	29 282
40 Helse	12 710	12 710	12 710	12 710	14 214	12 412
50 NAV	3 482	3 482	3 482	3 482	3 472	3 690
60 Plan, utvikling og samfunn	0	0	0	0	0	4 266
62/65 Teknikk, eigedom og brann	0	0	0	0	0	26 196
60/62 Tekniske tenester	26 545	26 545	26 545	26 545	28 928	0
89 Motpost kalk. Renter og avskr.	-6 274	-6 274	-6 274	-6 274	-4 896	-5 431
90 Andre tilskot/refusj.og pensjon						542
Buffer - lønnsvekst	9 057	17 365	26 421	34 472		0
Pensjon og premieavvik	-4 299	1 218	3 718	6 441	-7 000	-7 031
Korr. av føringar både i skjema 1A og 1B						
Sum fordelt til drift	**279 074**	**288 458**	**296 448**	**310 154**	**289 275**	**274 269**
Meirforbruk (+)/mindreforbr. (-)	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**2 467**

*Budsjett 2018 m/end. er lik budsjett etter vedtekne endringar i budsjettkorrigeringssak pr. 31.8.18 og disponering av resultat 2017.

Samla oversikt over tilrådde tiltak og trekk til finansiering av desse:

Rådmannen har i si innstilling til sitt forslag om tilråding av tiltak hatt eit førebyggjande perspektiv. Auka rammer til tiltak blir finansiert gjennom trekk vist i denne oversikta og trekk i rammer knytt til nedlegging av privat barnehage.

Einingar/avdelingar	**Nye tiltak**	**Utgift til tiltak**	**Trekk**	**Netto endring i ramme**
Eining 10.1 - Serviceavdelinga, Rådmannen og politisk sekretæriat	Service avd årsrapport	kr 75 000	-kr 48 458	
	Service trio lisens	kr 71 000	0	
	Service auke kontingen/lisens	kr 400 000	0	
	Ikkje erstatta rådgjevarstilling i serviceavd		-kr 703 000	**-kr 205 458**
Eining 10.3 Økonomiavdelinga			-kr 14 262	**-kr 14 262**
Eining 10.8 - pedagogisk rådgjevar			-kr 15 925	**-kr 15 925**
20 Gossen barne- og ungdomsskole	Miljøarbeider GBU	kr 190 000	-kr 81 090	**kr 108 910**
21 Julsundet skole	Julsundet ekstra lærer	kr 512 000	-kr 35 897	**kr 476 103**
22 Barnebo barnehage	Kokk	kr 674 500		
	Spes ped tiltak Barnebo	kr 317 000	-kr 39 919	**kr 951 581**
23 Bergetippen	Kokk	kr 674 500	-kr 25 369	
	Endra drift fleier småbarn	kr 180 000		
	Styrja tilbod førskolebarn endring tj. Nivå		-kr 200 000	**kr 629 131**
25 Kultur	Vedlikehold tursti	kr 50 000		
	SLT koordinator	kr 200 000	-kr 24 965	
	Reduserte leigeutg. Julsundet		-kr 70 000	**kr 155 035**
30 Institusjon og buteneste			-kr 118 817	**-kr 118 817**
32 Tenester til heimebuande			-kr 79 683	**-kr 79 683**
40 Helse	Psykolog	kr 160 000		
	Reduserte leigeutg. Julsundet		-kr 85 000	**kr 75 000**
62 Teknikk, eigedom og brann	Forvaltningsplan skog	kr 150 000	-kr 63 615	
	Auka driftsutgifter Julsundet omsorgsbase	kr 155 000		**kr 241 385**
Endringar i rammer knytt til nye tiltak og omdisponeringar		**kr 3 809 000**	**-kr 1 606 000**	**kr 2 203 000**

I tillegg til dei endringar som var i kommunestyret sitt planvedtak for 2018 – 2021 er varige budsjettkorrigering pr. 31.8.18, verknad sentrale og lokale forhandlingar arbeidd inn i nye rammer med heilårsverknad frå 2019 og utover i perioda.

10 Sentrale styringsorgan

10.1 Politiske organ, rådmannen, kommunalsjefane og serviceavdelinga

Presentasjon av tenesteområdet

Serviceavdelinga dannar saman med rådmannsteamet og politisk organ, eit samla rapporteringsområde.

Serviceavdelinga
Serviceavdelinga er ein av stabs- og støttefunksjonane i kommunen. Avdelinga yt tenester til politisk organ og rådmannsnivå, og har ein rådgjevande funksjon ut mot einingane. Avdelinga yt òg tenester til innbyggjarane i kommunen. Avdelinga har mellom anna desse oppgåvene: arkivansvarleg, felles postmottak, ekspedisjon og sentralbord, informasjonsoppgåver, informasjonsikkerheit og personvern, bestillerrolla, politisk sekretariat, digitalisering med fleire. Tilsette på avdelinga er også med i ulike faggrupper og prosjektgrupper i ROR IKT-samarbeidet. Serviceavdelinga har til saman 3,7 årsverk.

Nivå på tenester

Mange av oppgåvene avdelinga har ansvaret for, er regulert gjennom lovverket. Dette gjeld mellom anna arkiv, informasjonssikkerheit og personvern, internkontroll og gjennomføring av kommune- og stortingsval.

Utviklinga av eininga/tenesteområde i økonomiplanperioden

Avdelinga har rolla som personvern- og sikkerheitsleiar og har fått mange nye oppgåver etter GDPR vart innført 20. juli 2018. Arbeidet med å korrigere planverk og prosedyrar tek tid og samstundes skal ein gjere organisasjonen i stand til å etterleve krava i forordninga. Avdelinga må framleis ha fokus på å få nok kompetanse i den nye personvernforordninga og setje i verk dei tiltaka som forordninga krev. Sidan fleire av prosjekta i ROR IKT-samarbeidet ikkje vart ferdigstilt i 2018, er dette arbeid vi tek med oss i 2019. Av den grunn er fleire av målsetnadane vidareført til 2019.

Delmål i økonomiplanperioden

Avdelinga skal jobbe i tråd med kommuneplanen sin samfunnsdel. Målsetnadane for 2019 er noko av dei same som i 2018, men med litt justeringar. Grunnen til det er at vi held på med mykje av dei same prosjekta som året før.

Avdelinga si hovudmålsetning er i tråd med den nye samfunnsplana: *fornying, forenkling og forbetring av kommunale tenester.*

Denne målsetjinga skal serviceavdelinga jobbe mot gjennom å:

Tilby effektive digitale løysingar som set innbyggjarar og tilsette i stand til å løyse oppgåvene sine og som gir alle brukarane eit digitalt førsteval, samt sikre tilstrekkeleg kompetanse i desse løysingane gjennom å:
innføre ny heimeside for Aukra kommune med "MinSide"-funksjon, samt intranett
Ny digital løysing på heimesida for turistinformasjon, friluftsliv og aktivitetar skal utviklast for at innbyggjarar og tilreisande skal få god oversikt over kva kommunen har å tilby av attraksjonar med meir.
Etablere infoskjermar for innbyggjarar og tilreisande
sikre full utnytting av Office365 ved å lære organisasjonen å bruke systemet på ein smart måte
implementere og ta i bruk nytt saks- og arkivsystem i 2019 med Noark5-kjerne
fortsetje rydding og klargjering for depot av papirarkiv, med fokus på dei einingane som ikkje er ferdig med denne oppgåva.
avslutte og levere elektronisk arkiv til IKA Møre og Romdal IKS.
tilpasse opplæring i nye modular når desse vert rulla ut i organisasjonen

Personvern og informasjonssikkerheit skal takast i vare på alle områder

implementere system for internkontroll på området personvern og informasjonssikkerheit
etablere personvern i alle nye digitale løysingar som kommunen tek i bruk
revidere og implementere prosedyrar og opplæring i desse på området personvern og informasjonssikkerheit
auke kompetansen på dette området
gå til innkjøp av nytt kvalitetssystem saman med samarbeidskommunane i ROR IKT
gjennomføre samlingar med superbukarane i Compilo

Utfordringar og tiltak for 2019

Digitalisering i Aukra kommune og etablering av nye digitale løysingar

Digital kommunikasjon med kommunen skal vere innbyggjarane sitt førsteval når dei tek kontakt med kommunen, jf Kommuneprp. 2017. Som eit ledd i denne satsinga frå Regjeringa, meldte Aukra kommune si interesse i 2018 for å delta i ein felles digital dugnad saman med fleire kommunar, der vi betalte ein sum til ei felleskasse som skal gå til å utvikle felles digitale løysingar for kommunane. KS er ansvarleg for dette prosjektet. Vi har ikkje fått tilbakemelding frå KS om dette prosjektet enda.

I 2018 skulle kommunen få på plass ei NOARK5-kjerne og nytt saks- og arkivsystem med SvarUT- funksjonalitet. Av ulike grunnar er ikkje dette prosjektet i mål og ny prosess er starta. Nytt sak- og arkivsystem vert innført i kommunen i løpet av 2019. Som konsekvens av innføring av nytt saks- og arkivsystem, vil det komme utgifter knytt til avslutting av eldre databasar og dagens database, samt avlevering av databasane til IKA Møre og Romsdal IKS.

Arbeidet med "MinSide"-funksjon på heimesida vil vere eit prioritert arbeid framover. Å få på plass NOARK5-kjerna, er avgjerande for å realisere MinSide og dei andre digitaliseringsprosjekta. "MinSide" vil bli utvikla etter kvart som dei ulike fagsystema er klar for å ta i bruk denne løysinga.

I 2019 vil også samarbeidskommunane i ROR IKT starte arbeidet med nytt felles kvalitetssystem for Aukra, Midsund, Molde, Rauma og Vestnes.

Personvern og informasjonssikkerheit

Aukra kommune er godt i gang med å gjennomføre tiltak i tråd med den nye personvernforordninga (GDPR). Fokuset vidare blir å få på plass rutinar og prosedyrar knytt til dette arbeidet. Det ligg framføre oss eit godt stykke arbeid for å implementere ein god sikkerheitskultur i heile organisasjonen i tråd med det nye regelverket. Faggruppe for informasjonssikkerheit vil ta tak i desse utfordringane saman med kommunane.

Kommunestyre- og fylkestingval 2019

Vi skal ta stilling til om vi skal gå over til å scanne stemmesetlar ved dette valet i staden for å telje manuelt. Scanning vil erstatte ein del manuelt arbeid ved oppteljing av stemmesetlar.

Driftsramme for 2019 – 2022

Eining 10.1 - Serviceavdelinga, Rådmannen og politisk sekretæriat	Revidert Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021	Øko.plan 2022
Inngåande ramme	**22 841 356**	**19 520 000**	**19 281 000**	**19 121 000**	**19 321 000**
Kommuneval/Stortingsval	-180 000	180 000	-180 000	180 000	-180 000
It-konsulent skole var føresett teke ut frå 2017. Ny vurdering konkluderer med at denne på behaldast og vidareførast tilsvarande 85% stilling	19 400	20 000	20 000	20 000	
Profilering	-250 000				
Kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-515 000	-333 000			
Sentralele forhandlinga 2017 - mellomoppgjer - heilårsverknad	27 400				
2. tertial: Erstatning og saksomkostningar	-3 412 772				
2. tertial: Julegåver	-160 000				
Lokale forhandlingar	273 548				
Auke i kontingent til ROR ikt	802 000				
Generell rammereduksjon knytt til omdisponering		-48 000			
Auke tilskot årsrapport		75 000			
Auke Trio lisens		71 000			
Auke kontingentar og lisensar		400 000			
Rådgjevarstilling på serviceavdelinga blir ikkje erstatta		-703 000			
Lønnsoppgjer 2018	74 068	99 000			
Utgåande ramme	**19 520 000**	**19 281 000**	**19 121 000**	**19 321 000**	**19 141 000**

Tilrådde tiltak:

Auke i kontingent, lisensar og medlemsavgifter

Ramma er styrka med kr. 400 000 for å dekke auke i medlemsavgifta til ROR IKT, samt auke i kostnad til krisesenteret og Nettverk for fjord- og kystkommuner.

I tillegg er ramma styrka med kr. 71 000,- til årlege lisensutgifter knytt til telefonisystemet, og kr. 75 000 til arbeid med årsrapporten.

10.3 Økonomiavdelinga

Presentasjon av tenesteområdet

Avdelinga har det faglege ansvaret for økonomi, løn, innkjøp og finansforvaltning, og skal innanfor desse områda yte god fagleg bistand til einingane. Avdelinga er kommunen sitt eigedomsskattekontor med ansvar for det administrativt arbeidet knytt til utskriving av eigedomsskatt og taksering av skatteobjekta. Avdelinga skal vere med å sikre effektiv og forsvarleg økonomistyring ved å gje administrativ og politisk leiing gode grunnlag å fatte vedtak på.

Avdelinga har 7 tilsette i 5,8 stillingar.

Nivå på tenester

Kommunelova sine kapittel 8 og 9 med tilhøyrande forskrifter m.m. stiller krav til kvaliteten på budsjett og rekneskap, og til etterlevinga av desse. Formålet er å sikre forsvarleg økonomistyring i kommunane. Samfunnsdelen av kommuneplana gjev politiske signal om kva mål som er sett for kommunen si økonomistyring. Avdelinga skal utføre sitt arbeid i tråd med gjeldande rammeverk og overordna planar.

Utviklinga av eininga/tenesteområde i økonomiplanperioden

I 2018 var det forvaltingsrevisjon på innkjøpsområde med formål å undersøke om Aukra kommune gjer innkjøp i tråd med rammeverk. Rapport som er datert den 28.2.2018 hadde 12 anbefalingar til tiltak. Kommunestyret slutta seg til forvaltingsrevisjonen sine tilrådingar. Avdelinga vil fortsette arbeidet med å iverksette desse.

Vedteken endring i eigedomsskattelova kom som del av statsbudsjettet i 2018. Dette har ført til at avdelinga har gjort omprioriteringar på fokusområda og mål som vart sett for dette året. Endringane var store og det var nødvendig å etablere god forståing og kompetanse i forhold til konsekvensane dette førte med seg. Prinsippsak i forhold til nye utskrivingsalternativ vart vedteke i Kommunestyret den 9. oktober 2018. Arbeidet med retaksering og vedtak av nye takstar vil bli gjennomført innan 28. februar 2019

Avdelinga har dei siste åra i større og større grad blitt påverka av endringar knytt til digitalisering. Både gjennom utvikling bestemt internt i avdelinga, men og gjennom innføring av digitale prosessar knytt til sjukemelding hos NAV, EU si nye personvernordning (GDPR) og ROR-ikt sine vedtak mellom anna at tilgangsstyring skal skje via HRM-systemet for å nemne nokre. Desse endringane krev ressursar og etablering av nye rutinar både på avdelinga og i organisasjonen elles. Samtidig som ein går over til å digitalisere fleire arbeidsoppgåver må ein parallelt i ei mellomfase utføre desse manuelt. Dette er krevjande for avdelinga.

Arbeidet med digitalsering vil halde fram i åra som kjem.

Det har dei siste åra vore gjort fleire endringar i Aukra kommune sin organisasjon. Dette krev nye og endra grunndata, og fører til endra og auka oppgåver. Dette vart spesielt merkbart ved etablering av nytt tenesteområde for Innvandring og integrering, der ein ikkje fekk på plass tilgangar og elektroniske fagsystem. Ein har derfor ikkje kunne nytte dei elektroniske systema som er etablert, men har i staden vore nøydd til å nytte tidlegare manuelle rutinar.

Ny kommunelov vart vedteke i juni 2018 legg i tillegg til lovfesting av kommunalt sjølvstyre, auka vekt på kommunen sitt ansvar for å ta i vare eigen økonomi og økonomisk handlingsrom. Loven vil truleg tre i kraft frå 01.07.2019. Endringane vil føre til meirarbeid på avdelinga knytt til etablering og forankring i organisasjonen av dei nye vedtekne bestemmingane samt rutinar og reglement knytt til desse.

Grensejustering mellom Aukra og Sandøy vil medføre innarbeiding av dette i kommunen sitt rekneskap.

Fagfelta er i jamn endring og vedlikehald av kompetanse er viktig og nødvendig. Avdelinga vil derfor fortsette arbeid

med å ta i vare og styrke avdelinga si kompetanse.

Delmål i økonomiplanperioden

Rekneskapen er ferdig for oversending til revisjonen 15. februar
eHandel vert brukt til 100% av kommunen sine innkjøp knytt til inngåtte rammeavtalar
95% av alle fakturaene inn i organisasjonen er efakturaer ved årsskiftet
Elektronisk faktura-distribusjon til innbyggjarane utgjer 70% av alle fakturaer ved årsskiftet
Rett løn skal utbetalast til rett person til rett tid
KOSTRA –rapport med analysedel innanfor tenesteområda vert utarbeidd innan august.
Gjennomgang og kvalitetssikring av avdelingane/einingane sine rammer i 2019 .
Styrke kompetanse for leiarar og merkantile ressursar innan budsjettering, rekneskap, rapportering og løn gjennom jamleg kontakt og kursing.
Utarbeide digital handbok for dagleg støtte og oppfrisking av organisasjonen sitt arbeid med økonomi og løn.

Utfordringar og tiltak for 2019

Tilsette som har nødvendig fagkompetanse er svært viktig for avdelinga. Både for arbeidsbelastinga for dei tilsette, i forhold til kvalitet på oppgåveløysing og korleis vi kan medverke til å gjere organisasjonen god. Avdelinga vil i 2019 fortsette arbeidet med å betre og etablere nødvendig kompetanse som trengs for å løyse våre oppgåver. Vi fortsett og arbeidet med å etablere og betre kvaliteten på overordna rutinar, reglement, planar og rapporteringar. Revidering av samfunnsdelen av kommuneplana, ny kommunelov, grensejustering vil leggje nye føringar og gje nye oppgåver som avdelinga må ta ansvar for.

Aukra kommune er organisert med flat struktur, og delegert økonomiansvar ut til einingane. Kvaliteten på rekneskap og løn er avhengig av korrekt handsaming av innkomne faktura, grunnlag for fakturering og korrekte lønsgrunnlag i tråd med avtaleverk på einingane. Det er derfor viktig at økonomiavdelinga jamleg bidreg til å oppdatere økonomikompetansen ute på einingane. Avdelinga vil ha stor fokus på dette arbeidet og i 2019 og resten av åra i økonomiplanperioda.

Driftsramme for 2019 – 2022

Eining 10.3 Økonomiavdelinga	Revidert Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021	Øko.plan 2022
Inngåande ramme	**5 527 000**	**5 755 000**	**5 778 000**	**5 778 000**	**5 778 000**
Eigedomsskatt - juridisk og konsulent	-200 000				
Sentralele forhandlinga 2017 - mellomoppgjer - heilårsverknad	28 000				
Lokale forhandlingar 2017	149 474				
Auka lønsnivo ved tilsetting i ny stilling	180 000				
Generell rammereduksjon knytt til omdisponering		-14 000			
Lønnsoppgjer 2018	70 526	37 000			
Utgåande ramme	**5 755 000**	**5 778 000**	**5 778 000**	**5 778 000**	**5 778 000**

10.4.Organisasjonsavdelinga

Presentasjon av tenesteområdet

Kommunen har ein flat organisasjonsstruktur. Det betyr at arbeidsgjevaransvaret for fag, personal og økonomi er delegert frå rådmannen til den enkelte stabs- og einingsleiar. Ei tenesteavtale er utarbeidd og viser grensegangane på ansvar og oppgåver mellom stab/støtte og einingane.
Organisasjonsavdelinga har ansvaret for at lokale planar, retningslinjer og rutinar er utarbeidd og oppdatert og at leiarar, tillitsvalde, verneombod og elles alle tilsette har klare linjer for kva rettar og pliktar som gjeld i arbeidslivet. Lov og avtaleverk skal vere kjent og tilgjengeleg for alle. Rekruttering har stort fokus og konkurransen om arbeidskrafta veks i mange yrkesgrupper. Helse, miljø og sikkerheit vert teke i vare gjennom avtale med bedriftshelsetenesta, samarbeidsavtale om inkluderande arbeidsliv, medarbeidarsamtalar mm.
Kompetansebehovet veks og endrar seg fort i takt med utviklinga i samfunnet elles. Stønad til dei som vil vidareutdanne seg er nødvendig for å motivere og rekruttere til arbeidsoppgåver der konkurransen er størst.
Avdelinga skal legge til rette for at personalansvaret vert teke i vare på ein god og ansvarleg måte med respekt for den enkelte tilsette og med fokus på å yte gode tenester. For at dette skal fungere må innhaldet i tenesteavtalen vere godt innarbeidd og nyttast i det daglege arbeidet som leiar og arbeidsgjevar.
Avdelinga har sekretær- og saksbehandlarfunksjon til det sentrale amu og administrasjonsutvalet og alle avdelingar og einingar har høve til å skrive saker. Organisasjonsavdelinga kallar inn til møter med tillitsvaldapparatet der begge partar har ansvar for å melde inn saker. Det er etablert 13 verneområde med verneombod og vara på alle områda. I samarbeid med hovudverneombodet gjennomfører ein møter og dei får tilbod om HMS-kurs gjennom bedriftshelsetenesta. Lokale forhandlingar vert gjennomført kvart år og det er fokus på å halde ein ansvarleg lønnspolitikk. Avdelinga gjennomfører informasjonsrundar om pensjon og godkjenner søknadar til pensjonskassene. Forsikring på alle område vert teke i vare i samarbeid med forsikringsmeklar.
Organisasjonsavdelinga har 2,2 årsverk inkl 20 % for hovudverneombod.

Nivå på tenester

Som medlem i KS er kommunen bunden av hovudtariffavtalen og hovudavtalen forhandla fram av partane i arbeidslivet. I tillegg gjeld arbeidsmiljøloven, forvaltningsloven, offentlegloven og div forskrifter.
Dei fleste oppgåvene som avdelinga arbeider med er avklart med rådmannen og leiargruppa og/eller vedtatt i administrasjonsutvalet eller kommunestyret. Fleire overordna planar krev at einingane skal utarbeide lokale handlingsplanar eller tiltak. Prioriteringane er gitt ut frå kva som er lovpålagt, vedtatt lokalt eller innmeldt behov frå leiarar og tillitsvalde.
Framdrift i planlagte oppgåver og prosessar avheng og av at einingane har dei same prioriteringane.

Utviklinga av einings/tenesteområde i økonomiplanperioden

Nye digitale verktøy vert innført og krev oppfølging og opplæring frå organisasjonsavdelinga.
Avdelinga kan gje opplæring til utvalde medarbeidarar som må ta ansvar for opplæring i dei respektive einingane.
Fokusområde er IA, kvalitet i rekrutteringsarbeidet, kompetansekartlegging og at det vert ført ein god og likestilt arbeidsgjevarpolitikk. Vi stiller etiske krav i tråd med Etiske retningslinjer.
Vi skal vere ein open, ansvarleg organisasjon med høge krav til etisk standard.

Delmål i økonomiplanperioden

Rekruttering vil ha stort fokus i åra framover og det må takast i bruk nye verktøy og virkemiddel for å kunne rekruttere kvalifiserte fagfolk i konkurranse med andre kommunar.
Utvikle samarbeidet med tillitsvalde og vernetenesta til beste for organisasjonen.
Få einingane til å engasjere seg ytterlegare i amu-arbeidet og sjå amu som ein arena for arbeidsmiljøspørsmål og HMS.
Gjennomføre ROS-analysar kvart år og bistå einingane i slike analysar innanfor personalområdet.
Følgje opp planlagde tiltak på IA-området, medarbeidarundersøkingar og vernerundar.
Gjennomføre ny 10-faktor medarbeidarundersøking i 2019.

Finne nye og vidareutvikle eksisterande tiltak som bidreg til å redusere sjukefråværet.
Utarbeide og revidere planar og retningslinjer. Dette gjeld m.a overordna kompetanseplan og rekrutteringsplan.
Einingane må utarbeide eigne handlingsplanar for korleis dei skal skaffe seg påkrevd kompetanse i åra framover.

Utfordringar og tiltak for 2019

Planlegge og gjennomføre nødvendig opplæring/informasjon innafor digitale løysingar og endringar i tariffavtalar og lovverk.
Følgje opp lokale IA-handlingsplanar; at dei vert revidert og at det blir rapportert til amu.
Gjennomføre ny 10-faktor medarbeidarundersøking i 2019.
Revidere overordna kompetanseplan, rekrutteringsplan og lønnspolitisk plan.
Revidere reglement og retningslinjer.
Følgje opp at arbeidsmiljøutvalet fungerer i tråd med vedtak i amu-sak 3/17.
Sette AKAN-arbeidet på agendaen.

Driftsramme for 2019 – 2022

Eining 10.4 - Organisasjonsavdelinga	Revidert Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021	Øko.plan 2022
Inngåande ramme	**3 522 700**	**3 449 000**	**3 356 000**	**3 356 000**	**3 356 000**
IA-tiltak - 3 år	-206 000				
Deltids- og nærværsprosjekt vart ved oppstart forskjøvet i 3 mnd. og forlenges derfor tilsvarande i 2017.	-73 000				
Kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-74 000	-112 000			
Sentralele forhandlinga 2017 - mellomoppgjer - heilårsverknad	2 800				
20% stilling som hovudvernombud	164 000				
Lokale forhandlingar - heilårsverknad	76 000				
Lønnsoppgjer 2018	36 500	19 000			
Utgåande ramme	**3 449 000**	**3 356 000**	**3 356 000**	**3 356 000**	**3 356 000**

10.7 Barnevern

Tenester og oppgåver

Barnevernstenesta i Aukra er vedteke organisert i samarbeid med barnevernstenesta i Molde kommune, etter hovudtrekk i inngått samarbeidsavtale med Molde kommune som vertskapskommune. Molde kommune tek i vare oppgåver innan barnevern for Molde, Midsund, Aukra og Eide kommune.

Målet for samarbeid innan barnevern er å sikre ei robust teneste med høg kvalitet. Barnevernet si oppgåve er å yte hjelp til barn, ungdom og deira familiar, samt å gje råd og rettleiing til samarbeidspartnarar. Målet for tenesta er at brukarane skal få rett hjelp til rett tid og å støtte alle brukargrupper gjennom tverrfaglig samarbeid og utvikling. Tenesta skal sikre at barn og unge, som lev under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Vidare skal tenesta bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår. Barnevernet gjev råd og rettleiing til foreldre, unge og samarbeidspartnarar. Barnevernet si teneste har eit spesielt ansvar for å hindre at barn får varige problem, ved å avdekke situasjonar som etter lov om barnevern gir grunnlag for tiltak.

Driftsramme for 2019 – 2022

Eining 10.7 - Barnevern	Revidert Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021	Øko.plan 2022
Inngåande ramme - Barnevern	**7 780 000**	**7 780 000**	**7 780 000**	**7 780 000**	**7 780 000**
Utgåande ramme	**7 780 000**	**7 780 000**	**7 780 000**	**7 780 000**	**7 780 000**

10.8 Pedagogisk rådgjevar

Pedagogisk rådgjevar har utgreiings- og sakshandsamaransvar i høve til ressursfordeling og kvalitetsutvikling i skole og barnehage.
Pedagogisk rådgjevar har økonomiansvar mellom anna for skoleskyss, PPT, Aukrabarn som går i barnehage i andre kommunar, Tøndergård skole, vaksne som får opplæring etter opplæringslova (utanom framandspråklege), spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp for barn og elevar som går i barnehage/skolar i andre kommunar.

Ei viktig oppgåve er å leggje meining i omgrepa "Aukraskolen" og "Aukrabarnehagen". Dette inneber å identifisere kvalitetsstandardar for drifta som skal gjelde begge skolar, og begge barnehagar.

Pedagogisk rådgjevar er skole- og barnehagefagleg ansvarleg.

Skole

Elevane sitt skolemiljø
I 2018 vart det arbeidd grundig med opplæringslova kap 9a om elevane sitt skolemiljø. Vi laga gode planer og malar for å sikre elevane ein skolekvardag dei har krav på. I tillegg starta vi opp ei kursrekke som gjev oss kompetanseutvikling innafor mobbing. Dette gode arbeidet fortsett i 2019.

Det skal nytte å seie i frå – mobbing skal ikkje skje!

Elevane sitt læringsutbytte
Kjerneaktiviteten i skolen er undervisning. Kvaliteten på undervisninga påverkar elevane sitt læringsutbytte direkte. I 2019 fortsett vi med fokus på undervisningskvalitet i tilpassa opplæring;
ordinært tilpassa undervisning og spesialundervisning. I 2018 sette vi oss inn i den nyaste forskinga. Vi her felles forståing for "diagnosen" forskinga fortel om. I 2019 forsøker vi å sjå på kva den skal bety for Aukraskolen.

Kompetansekrav for tilsetting og undervisning
Status samanstilt med lovkrav vert årleg lagt fram i tilstandsrapporten på grunnskolen sitt område. Vi tilbyr også vidareutdanning for dei som treng det i 2019.

Barnehage

Forskrift om rammeplan i barnehagen
I 2019 fortsett arbeidet med å sikre at arbeidet i barnehagane er i tråd med rammeplanen.

Barna sitt barnehagemiljø
Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap. Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre. Skolen har eit skriftleg system for å vareta elevane sitt skolemiljø. I 2019 fekk kommunen eit tilsvarande system for barnehagen. Systemet vart politisk handsama i Livsløpsutvalet august 18. No gjeld det å sikre at det vert arbeidd i tråd med intensjonane i systemet.

I 2019 vert det:
felles tilstandsrapport for barnehage- og skole. Utfordringa vert å lage ein rapport, og ikkje "to rapportar som er sett saman til same dokument". Vi skal få det til!
Felles kriseplan/beredskapsplan for barnehage/skole
Plan for overgang barnehage og skole

Vi skal ha *tidleg innsats* og vere *tett på*.

Driftsramme for 2019 – 2022

Eining 10.8 - pedagogisk rådgjevar	Revidert Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021	Øko.plan 2022
Inngåande ramme - Pedagogisk rådgjevar	**7 786 000**	**8 333 000**	**6 352 000**	**6 352 000**	**6 352 000**
2 tertial 2017: Kjøp av plassar tøndergård skole - heilårsverknad	850 000				
Heilårsverkand - lokale forhandlingar 2017	37 219				
Vidare red. etter kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-100 000	-100 000			
Reduksjon tilskot etter nedlegging av privat barnehage	-254 000	-1 872 000			
Generell rammereduksjon knytt til omdisponering		-16 000			
Lønnsoppgjer 2018	13 781	7 000			
Utgåande ramme	**8 333 000**	**6 352 000**	**6 352 000**	**6 352 000**	**6 352 000**

Pedagogisk rådgjevar er barn og unge sin representant i plansaker etter Plan- og bygningsloven. I 2019 vil Aukra kommunestyre få lagt fram forslag til rutinar / prosedyrer for dette viktige arbeidet.

10.9 Tilskot GassROR iks, revisjon med meir

GassROR IKS

I ny samarbeidsavtale, godkjent av Kommunestyret den 16.06.2011, går det i punkt 5.2 fram at Aukra kommune årleg skal bidra med eit tilskot tilsvarande 10 pst. av til ei kvar tid innfordringsbar eigedomsskatt. Tilskotet vert endra ut frå anslag auke knytt til ny utbygging på Nyhamna.

For 2019 er tilskotet fastsett til kr. 25.598.000,-.

Etter overføring av tilskot i 2019, har Aukra kommune ytt eit samla bidrag på kr. 211.142.000.- til dette samarbeidet.

Aukra Sokn

Kommunen sitt økonomiske ansvar går fram av Kirkeloven § 15. Vidare er det i K-sak 36/09 pkt. 4 fatta vedtak om kommunen skal gje eit årleg tilskot til Soknet slik at dei klarar ordinær drift og økonomiske forpliktingar knytt til bygging av kyrkjelydshus.

Tilskot til Aukra Sokn er i framlagte budsjett sett til kr. 4.056.000,-.
Ramma er då auka med kompensasjon for lønsvekst med kr. 70.000,- og ei midlertidig auke med kr. 570.000,- til finansiering at investeringsprosjektet knytt til Sakristiet.

Aukra Sokn har informert om si drift og sine investeringsprosjekt slik:
Aukra Sokn er sett til å ivareta kyrkjegard, kyrkjebygg og andre bygningar samt utføre kyrkjelege handlingar og tenester. For å kunne klare dette økonomisk, er ein mykje avhengig av tilskot frå Aukra kommune. Aukra Sokn har mange større prosjekt på gang, og nokon har allereie fått tildelt ekstra midlar. Det er også søkt nyleg, og skal søkast, om ekstra midlar til nye prosjekt:

Altarring
Altarringen i kyrkja har vorte rehabilitert med eit svært nøyaktig og nitid arbeid i gamal stil. Dette er no ferdigstilt. Det har kosta dyrt, men den har virkelig blitt et vakkert skue. Det er samstundes investert i blending for sollys inn mot altarringen.

Automatisk ringeanlegg
Det planleggast å installere eit automatisk ringeanlegg i klokketårnet på kyrkja. Det har vore ein del kommunikasjon med riksantikvaren og med avdeling for slik type sak ved Møre Bispedøme, og vi ventar å få avklart for videre arbeid med å kunne få realisert prosjektet innan kort tid.

Automatisk brannsløkkingsanlegg
Det planleggast å montere automatisk brannsløkkingsanlegg, sprinklaranlegg, i kyrkja. Dette er framleis i planleggingsstadiet, og det må sankast inn meir informasjon og fleire detaljar for prosjekt, opplegg og kostnad.

Planlagde prosjekt, er:

Oppussing av Sakristi
Sakristiet treng sårt ei renovering og oppgradering, og det er gjort ei grovkalkyle for kostnad på dette. Kort fortald går arbeidet ut på å ominnreie Sakristiet til eit meir moderne og funksjonelt rom i høve til dagens krav.

HC-parkering
RLF (Rådet for likestilling for funksjonshemmede) i kommunen har teke kontakt om å legge til rette for HC-parkering nedanfor kyrkja for å lette åtkomst og tilgjengelegheit for funksjonshemma til kyrkja. Det er meldt at dei kjem tilbake seinare med kva utgift dette vil medføre. Saka vil då bli teke omsyn til ved 1. tertial.

Møre og Romsdal revisjon IKS

Auke i utgifter til Møre og Romsdal revisjon IKS
Utgiftene frå Møre og Romsdal revisjon IKS vil auke frå 2019. Det vil bli fakturert for forbrukt tid, og det er opplyst at det vil gje nokre utfordringar knytt til berekning av revisjonshonorar inn i budsjett 2019. Revisjonen har sett på forbrukt tid i 2017 og 2018 for å kunne gje oss ein peikepinn, estimatet skil mellom forvaltningsrevisjon og revisjon/kontroll av rekneskap.

Estimat for revisjonshonorar inkl. attestasjonar i 2019 utgjer kr 500.000,-
Estimat for forvaltningsrevisjon i 2019 utgjer kr 250.000,-

Totale estimerte revisjonskostnadar for 2019 utgjer kr 750.000,-. Honorar for revisjon for 2018 er eit fasthonorar på kr. 303.000,- . Føresetnad for estimatet er ein flat timepris på kr 1.000,-

Driftsramme for 2019 – 2022

Eining 10.9 Tilskot GassROR iks, revisjon m.m.	Revidert Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021	Øko.plan 2022
Inngåande ramme	**27 435 000**	**31 560 000**	**30 227 000**	**29 657 000**	**29 657 000**
Auka tilskot til GassROR IKS som ei følge av auka eigedomsskatteinntekter	155 000				
2. tertial 2017: midlertidig auke tilskot til Aukra Sokn	-350 000				
Auke i tilskot til Aukra Sokn for innkjøp av gravemaskin	190 000	-190 000			
Auke i tilskot til Aukra Sokn for investeringar i 2018	2 230 000	-2 230 000			
Auka tilskot til GassROR IKS som ei følge av auka eigedomsskatteinntekter	1 900 000				
Auka driftsramme til Aukra Sokn frå og med 2019		70 000			
Investeringstilskot til Aukra Sokn i 2019		570 000	-570 000		
Auka utgifter til Møre og Romsdal revisjon IKS		447 000			
Utgåande ramme	**31 560 000**	**30 227 000**	**29 657 000**	**29 657 000**	**29 657 000**

20 Gossen barne- og ungdomsskole

Presentasjon av tenesteområdet

Gossen barne- og ungdomsskole er ein grunnskole med 1. – 10. årssteg.

Eininga har budsjettansvar for 2 område – grunnskole og SFO.

Skolen har no 315 elevar , 58 tilsette og 1 lærling. 32 av elevane har spesialpedagogisk vedtak etter opplæringslova § 5-1 og 23 elevar har vedtak etter opplæringslova § 2-8, særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar. På barnesteget har vi 3 elevgrupper som er oppretta med undervisning på anna målform enn kommunen har.

Skolen vart opna hausten 2013, og vi har flotte rammer for opplæringa både inne og ute. Det er viktig å få på plass gode rutinar for å ta vare på bygg og uteområde.

Verdigrunnlag for skolen: Skolen skal bygge sin praksis på verdiane i formålsparagrafen, og han skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører for verda og framtida for elevane

Måla for Gossen barne- og ungdomsskole

Godt skolemiljø:
ALLE elevane skal oppleve eit trygt og godt skolemiljø
Skolen vil jobbe saman med elevane og heimane for å nå målet om at alle skal høyre til
Nulltoleranse mot mobbing, aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt dersom nokon blir krenka

Fagleg utvikling for ALLE elevane
Frå læreplan til elev: Jobbe for å sikre at alle elevane for god tilpassa opplæring og best mogleg utbyte av opplæringa i eit fellesskap.
Vi skal ha høge forventningar til alle elevane
Alle elevane i 1.-4.klasse som heng etter skal få tilbod om intensiv opplæring i lesing, skriving og rekning

Særskild norskopplæring :
Skolen har mange flyktningar og mange framandspråklege elevar. God særskild norskopplæring er viktig for å sikre at dei så raskt som mogleg vert integrert i ordinær undervisning.
I den ordinære undervisninga blir det stort sprik i elevflokken og vi må sette inn ressursar for å tilpasse opplæringa etter føresetnadene til elevane- både fagleg, sosialt og kulturelt.

Eininga jobbar kontinuerleg med å nytte ressursane/ramma vår til det beste for elevane.

Utvikling av eininga /tenesteområde i økonomiplanperioden

Sosialpedagogisk arbeid:
Innsatsteam mot mobbing: VI har blitt skolert og har etablert eit Innsatsteam mot mobbing på skolen. Vi held på å implementere den ikkje-anonyme spørreundersøkinga Spekter og bruken av observasjon på alle klassestega.
LINK: Både i Opplæringslova og i Kunnskapsløftet sin generelle del står det at skolen skal sette barn og unge i stand til å handtere liva sine. LINK er eit undervisningsopplegg som vi har valgt for å jobbe med dette.
Sos.ped team: rektor, helsesøster og rådgjevar/sosiallærar har faste møte der teama kan drøfte utfordringar i elevgruppa
Helsesøster: 4 dagar pr veke
PIS-gruppe: samtalegrupper for dei som opplever skilsmisser
Psykolog: ønske om å få psykolog knytta mot skolen og det sosialpedagogiske arbeidet vårt

Fagleg utvikling:
Dette satsar vi på:
Språkløyper: Nasjonal strategi for språk, lesing og skriving. Kompetansepakker som vi bruke i kollegiet
Vurdering for læring: Jobbe skolebasert for å heve kompetansen til lærarane
Dysleksivennleg skole: Vi ønskjer å jobbe imot å bli ein dysleksivennleg skole

Delmål i økonomiplanperioden

Utgangspunktet for drifta til Gossen barne- og ungdomsskole er det mandat vi har fått gjennom lov, forskrift og avtalar, samt læreplanverket og budsjett.

Utfordringar og tiltak 2019

Godt skolemiljø: Å sørge for at alle elevane har det trygt og godt på skolen og lærer mest mogleg både fagleg og sosialt.

Tidleg innsats: Det blir viktig å lage system for alle elvar som blir hengande etter i lesing, skriving og rekning slik at dei får intensiv opplæring.

Opplæring for språklege minoritetar: I Stortingsmelding 21: Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen (2016 – 2017) kom det fram at skolen i Norge er prega av store ulikheiter. Dette gjeld også for nykomne elevar. For barn og unge i skolen med kort butid i Norge er tidleg innsats spesielt viktig. Våre flyktningar kjem frå 5 land(Syria, Afghanistan, Somalia, Eritrea og Kongo) , og språkutfordringane er store. Mange har mangelfull skolegang, kan vere traumatisert og har store utfordringar med å ta til seg læring. Her blir det viktig med gode rutinar og samarbeid med kommunale og interkommunale instansar for at vi skal lykkast.

Kompetanse: Nytilsette lærarar får ikkje lenger undervise i norsk, matematikk og engelsk utan fordjuping. Kravet er minst 30 studiepoeng på barnesteget og 60 studiepoeng i ungdomskulen. Å rekruttere nok kvalifiserte lærarar framover vil bli ei utfordring. For å ivareta kompetansekravet tek fleire av dei tilsette vidareutdanning.

Mange nok kompetente vaksne som er tett på bade fagleg og sosialt er vesentleg for å nå måla for opplæringa I grunnskolen.

Driftsramme for 2019 – 2022

20 Gossen barne- og ungdomsskole	Revidert Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021	Øko.plan 2022
Inngåande ramme	**33 554 000**	**33 615 000**	**32 996 000**	**32 996 000**	**32 996 000**
Kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-330 000	-330 000			
Sentralele forhandlinga 2017 - mellomoppgjer - heilårsverknad	345 000				
Lokale forhandlingar 2017 - heilårsverknad	245 286				
Vidare red. etter kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-570 000	-595 000			
Generell rammereduksjon knytt til omdisponering		-81 000			
Miljøarbeider GBU		190 000			
Lønnsoppgjer 2018	370 714	197 000			
Utgåande ramme	**33 615 000**	**32 996 000**	**32 996 000**	**32 996 000**	**32 996 000**

21 Julsundet skole

Presentasjon av tenesteområdet

Julsundet skole er ein grunnskole med 1. – 10. årssteg. Skolen gjev i tillegg til elevar frå Julsundet, opplæringstilbod for ungdomsskoleelevar frå Søre Fræna heimehøyrande i skolekrinsen Aureosen. Samarbeidet med Fræna kommune er sikra med ein avtale som gjeld for 10 år. (2015-2025. Oppseiingsfrist er 3 år)

Å kunne ta i bruk 2700 kvadratmeter ny bygningsmasse har gjeve bygda og skolen eit løft. Deler av eksisterande bygningsmasse er også renovert. Når vi få nye elevbord/stolar, solskjerming og nytt golvbelegg for ungdomsskolen på plass, vil bygga vere fine og funksjonelle i lang tid framover.

Julsundet skole har 230 elevar. Vel 50 elevar kjem frå Fræna kommune.
Det har vore ein vekst i elevtalet ved skolen. Skoleåret 2014/15 var det 187, og ved skolestart hausten 2019 er vi 244. Det er ein vekst på 57 elevar som er likt fordelt på barnetrinn og ungdomstrinn. I ungdomsskolen vert det parallellar på alle trinn hausten 2019 med vel 20 elevar i kvar klasse. Aukra kommune har lagt til rette for gode fysiske rammer, og ein vil framover saman finne ei riktig driftsramme. Fleire av årstrinna i barneskolen har språkdeling (nyn./bm.).
28 elevar har vedtak om spesialundervisning. Det er 12 pst. av elevane. Det er stor variasjon i omfanget av vedtaka.
Dei fleste elevane på mellomtrinnet nyttar tilbodet med gratis leksehjelp 2 timar pr. veke..
Leiinga er sett saman av rektor og ein inspektør. Totalt utgjer administrasjonsressursen 1,6 stillingar. Vi har merkantil støtte i 80 % stilling.
Det er 37 tilsette i einninga. Einninga har budsjettansvar for 2 område: Grunnskole og SFO.

SFO har tilbod for 50 barn, og har ein koordinator som hjelper til med den daglege drifta i 30 pst. stilling.

Nivå på tenester

Julsundet skole har etter kvart klart å tilsette lærarar som har den rette kompetansen i høve krava som er innførte med minimum 60 studiepoeng i norsk, engelsk og matematikk for å undervise i desse faga i Ungdomsskolen. Fokus på kompetanse vil vere vesentleg i tilsettingar framover, og ein ser at det er vanskar med å rekruttere allmenn-lærarar.

Julsundet har ein vernepleiar som har teke vidareutdanning i «Psykiske helse for barn og unge»
Vi fekk frå skolestart 2018 helsesøster-teneste 3 dagar i veka.

Utvikling av einninga/tenesteområdet i økonomiplanperioden

Nulltoleranse for krenking/ Innsatsteam mot mobbing
1. august 2017 kom det ei revidering av reglane kring elevane sitt skolemiljø (§ 9.a). Julsundet skole har hatt stort fokus på å implementere desse. Fylkesmannen har fått ei ny og aktiv rolle.
Tilsette som ser den enkelte eleven dagleg er viktig for at elevane skal føle seg trygge.
Kompetanse kring mangfaldet i skolen vert vektlagt. Dei tilsette må stå støtt i møte med andre kulturar og vere gode rollemodellar.
Skolen har etablert innsatsteam mot mobbing, og det har vorte skolert av Læringsmiljøsenteret i Stavanger.

Tidleg innsats
Kommunen har fått øyremerka midlar til tidleg innsats. Skolane har plikt til å gje intensiv opplæring til elevar på 1.-4. trinn som strevar med lesing, skriving og rekning. Midlane skal brukast til auka lærartettleik for desse trinna. Meininga er at tiltak skal settast i verk med ein gong ein ser at det er behov for ekstra hjelp. Ein skal ikkje vente å sjå.

Ungdomstrinn i utvikling/ vurdering for læring

Julsundet skole vil ikkje sleppe taket i satsinga kring Ungdomstrinn i utvikling. Vi treng å arbeide med læringsleiing for å få elevane motiverte og aktive i si eiga læring. Alle må ha kjensle av meistring.
Viser her til vedtak i kommunestyret sak 34/15.
Vurdering for læring vert den nye satsinga vår, og vi har god kompetanse i eigne rekkjer for å leie arbeidet.

Delmål i økonomiplanperioden

Eleven sitt psykososiale læringsmiljø:
Gjennomføre ikkje-anonyme spørjeundersøkingar, og arbeide for at alle elvane har eit godt skolemiljø som fremjar trivsel og læring.
Arbeide førebyggande med elevane sitt skolemiljø. Vi arbeider no med å knytte Høgskolen i Volda til oss med kompetanse og forsking kring dette temaet
Nasjonale prøver:
Gode resultat på nasjonale prøver
Eksamen:
Ikkje vesentleg forskjell på standpunktkarakter og karakter til skriftleg eksamen i 10.klasse
Tilfredsstillande resultat
Overgang grunnskole- vidaregåande opplæring:
Alle avgangselevar skal starte i den vidaregåande skolen

Utfordringar og tiltak for 2019

Ei auke i driftsramma som sett oss i stand til å gje ei tilfredsstillande teneste.
På eitt år går vi frå 3 til 6 klasser i Ungdomsskolen.
Leiarressursen bør aukast i tråd med elevtalsutviklinga
U.skolen skoleåret 2018/19: GBU 100 elevar, Julsundet 101 elevar)

Driftsramme for 2019 – 2022

21 Julsundet skole	Revidert Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021	Øko.plan 2022
Inngåande ramme	**15 537 000**	**14 858 000**	**15 162 000**	**15 162 000**	**15 162 000**
Ekstra klasse inntil ny skole er ferdigstilt	40 000	-143 000			
Kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-150 000	-150 000			
1 tertial 2017: Reduksjon 0,6 lærarstilling og 200% assistentst. Grunna elev over til Tøndergård - heilårsverkand	-777 000				
Sentralele forhandlinga 2017 - mellomoppgjer					
Sentralele forhandlinga 2017 - mellomoppgjer - heilårsverknad	207 000				
Lokale forhandlingar 2017 - heilårsverknad	143 348				
Vidare red. etter kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-240 000	-160 000			
Generell rammereduksjon knytt til omdisponering		-36 000			
Ekstra lærer		512 000			
Omdisponert til investering i 2018	-150 000	150 000			
Lønnsoppgjer 2018	247 652	131 000			
Utgåande ramme	**14 858 000**	**15 162 000**	**15 162 000**	**15 162 000**	**15 162 000**

22 Barnebo barnehage

Presentasjon av tenesteområdet

Barnebo barnehage er ei pedagogisk verksemd regulert i Lov om barnehagar.
Rammeplan for innhaldet og oppgåvene til barnehagen gjer greie for samfunnsmandatet til barnehagen.
Samarbeidet med heimen til barna skal ligge til grunn for verksemda.

Organisering av einga:
Barnehagedrifta er organisert i avdelingar.
På Furutun, i Hjertvikvegen 10, er det 4 avdelingar for barn i alderen 1-2 år.
På Riksfjord, i Riksfjordvegen 189, er det 4 avdelingar for barn i alderen 3-5 år.

Nivå på tenester

Barnehagen sitt innhald. Lov om barnehagar § 2.
«Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter.
Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.
Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.
Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.
Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller.»

Alle barn med lovfesta rett til plass, etter § 12a i Lov om barnehagar, skal ha plass frå oppstart nytt barnehageår.
Frå august 2018 er det 99 barn i Barnebo barnehage. Drifta vert noko utvida frå januar 2019.

Skjerpa krav til pedagogisk bemanning. Etter ny norm skal Barnebo ha tilsett 10 pedagogiske leiarar. Ved oppstart august 2018 er 3 tilsette på dispensasjon frå utdanningskravet.
Norm for grunnnbemanning. Barnebo innfrir krav til norm for grunnbemanning; 3 barn under 3 år per tilsett og 6 barn over 3 år per tilsett.

Barnebo arbeider for å auke kvaliteten på tenesta under paraplyen «barns psykiske helse».
Tidleg innsats – å arbeide forebyggande og helsefremmande og fange opp behova tidleg
Trygg tilknytning - gjennom foreldreaktiv tilvenning og tilsette med god relasjonskompetanse
Godt språkmiljø og språkstimulering
Å høyre til – ha ei ressursorientert tilnærming til mangfald
Livsmestring – arbeide for at barn opplever livsglede, mestring, trivsel og eigenverd
Tverrfagleg samhandling kring barn som treng ekstra støtte

Utviklinga av einga/tenesteområde i økonomiplanperioden

Nytt barnehagebygg
Haust 2018 – Planlegging av innhald og funksjonar
2019 og 2020 - Tomtearbeid og byggeprosess
2020 – Innflytting før oppstart nytt barnehageår i august

I påvente av nytt barnehagebygg på Aukratun, vert avdelingar for barn over 3 år drive i mellombelse lokalar på Riksfjord.

Delmål i økonomiplanperioden

Auke kvaliteten på innhaldet i tenesta gjennom tiltak under «barns psykiske helse».
Barnehagebaserete kompetansehevingstiltak innan kjernekomponentane vi vel frå ny rammeplan.

Utdanne eigne tilsette til barnehagelærarar og barne- og ungdomsarbeidarar.
Fremje god helse ved å sikre kvaliteten på og utvide tilbodet om måltid i barnehagen.
Utarbeide felles tilstandsrapport for barnehage og skole.
Revidere kommunal Barnehageplan 2014-2017.
Arbeide for eit godt og inkluderande barnehagemiljø.

Utfordringar og tiltak for 2019

Fortsette implementering av Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

Å dimensjonere nivå på teneste med fødselskull som varierer mykje og samtidig praktisere ein god personalpolitikk.

Å rekruttere nok barnehagelærarar etter ny norm for pedagogtettleik og auke andelen tilsette med fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar.

Driftsramme for 2019 – 2022

22 Barnebo barnehage	Revidert Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021	Øko.plan 2022
Inngåande ramme	**16 417 000**	**17 090 000**	**17 146 000**	**17 146 000**	**17 146 000**
Kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-450 000	-362 000			
Sentralele forhandlinga 2017 - mellomoppgjer - heilårsverknad	154 000				
Lokale forhandlingar - heilårsverknad	151 486				
Styrka tilbod til førskolebarn	632 000	-632 000			
Generell rammereduksjon knytt til omdisponering		-40 000			
Kokk		675 000			
Spesped tiltak		317 000			
Lønnsoppgjer 2018	185 514	98 000			
Utgåande ramme	**17 090 000**	**17 146 000**	**17 146 000**	**17 146 000**	**17 146 000**

23 Bergetippen barnehage

Bergetippen barnehage er ei pedagogisk verksemd med tilbod for barn i alderen 1 – 5 år. Barnehagen sitt samfunnsmandat vert styrt gjennom Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagen.

Organisering av eininga

Barnehagen er flott plassert under Bergetippen i Julsundet og er organisert med 5 avdelingar.
2 avdelingar for barn i alderen under 3 år.
2 avdelingar for barn i alderen 2 – 4 år.
1 avdeling for barn i alderen 4 – 5 år.
Opningstida er kl. 07.00 – 16.30 .
Vi har litt ledig kapasitet ved oppstart hausten 2018, og kan derfor tilby plass til barn som kjem flyttande til Julsundet i løpet av året. Julsundet er som kjent ein stad med mykje tilflytting og ein opplever at det med jamne mellomrom er tilflyttarar som etterspør barnehageplass.

Nivå på tenestene

Overordna mål - Lov om barnehager.
Barnehagedrifta er regulert gjennom Lov om barnehagar. § 1. Formål *«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.»*

Grunnbemanning:

Bergetippen innfrir kravet om grunnbemanning som er 6 barn over 3 år pr. vaksen, og 3 barn under 3 år pr. vaksen. Barnehagen er open i 9,5 timar pr. dag. Tilsette arbeider 7,5 timar pr. dag. Det skal avviklast pausar, møter, pedagogisk leiar skal ha planleggingstid og det skal også avviklast opptent avspasering i denne tida. I realiteten er det 1 – 2 vaksne med alle barna store deler av dagen.

Pedagogisk bemanning:

Bergetippen treng barnehagelærarar/pedagoger for å innfri lovkravet om pedagogisk bemanning. Ifølgje lovkravet skal Bergetippen ha 7 pedagogiske leiarar. 5,5 av våre pedagogiske leiarar oppfyller utdanningskravet.
Lov om barnehager § 17 a. om Pedagogisk bemanning. *Pedagogiske ledere må ha utdanning som barnehagelærer. Likeverdig med barnehagelærerutdanning er annen treårig pedagogisk utdanning på høgskolenivå med videreutdanning i barnehagepedagogikk. Departementet kan gi forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon, forskrift om godkjenning av yrkeskvalifikasjoner fra utlandet og forskrift om unntak fra utdanningskravet for personale som arbeider i barnehagen på nattid.*

Utvikling av Bergetippen barnehage i økonomiplanperioden

Vidareutvikle ein kvalitativ god barnehage gjennom felles arbeid med Reggio Emilia filosofien. Tilsette er barnehagen sin viktigaste ressurs og deira samspel med borna er det som gjev barnehagen konkret innhald og kvalitet. Gjennom gode vaksen – barn-relasjonar vil vi fremje livsmeistring, god psykisk helse, læring og utvikling.
Vi vil tilby plass til alle som har rett til det, og til dei som har behov for plass i løpet av barnehageåret.
Vi vil tilsetje nok barnehagelærarar/pedagogar.
Fokus på kost og kosthald. Skape ein arena der barn på ein naturleg måte kan få kunnskap og gode vaner til mat og måltid.
Fange opp dei sårbare barna, - barn med særskilde behov og ikkje vente med å handle.
Arbeide for eit godt og inkluderande barnehagemiljø.
Bruke nærmiljøet til allsidig leik og læring og få kjenne at ein høyrer til i Julsundet og Aukra.
Samarbeid med Julsundet skule for å skapa heilskap i utdanningsløpet.

Delmål i økonomiplanperioden 2019.
Auke kompetanse hos alle tilsette om pedagogisk arbeid, auka kunnskap om barns utvikling i leik og læring. Kurs og kursmidlar.
Støtte tilsett som tek barnehagelærarutdanning.
Tilsette kokk/matansvarleg.
Ferdigstille arbeid med "språkvegg" og bibliotek.
Vidareføra prosjektet "Troll med ord".

Utfordringar og tiltak for 2019

- Tilby plass til alle som har rett på plass, og dei som har behov for plass i løpet av året.
- Framme god helse ved at barna får tilbod om, kunnskap og gode vaner til mat og måltid.
- Implementera ny rammeplan og auke kompetansen til personalet.
- Rekruttere/utdanne fleire barnehagelærarar for å møta lovfesta krav om kompetanse.

Driftsramme for 2019 – 2022

23 Bergetippen	Revidert Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021	Øko.plan 2022
Inngåande ramme	**11 147 000**	**9 742 057**	**10 501 000**	**10 501 000**	**10 501 000**
Kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-250 000	-197 000			
Sentralele forhandlinga 2017 - mellomoppgjer - heilårsverknad	154 000				
Lokale forhandlingar	56 584				
Nedtrekk ramme endring drift	-1 496 000				
Generell rammereduksjon knytt til omdisponering		-25 369			
Kokk		674 500			
Styrka tilbod førskulebarn, endringar i tenestenivå		-200 000			
Endra drift, fleire småbarn fører til redusert brukarbetaling		180 000			
Korr. av nedtrekk ramme 2. tertial 2018 pga ikkje teke omsyn til endringar i drift etter overføring i 1. tertial 2016.		257 661			
Lønnsoppgjer 2018	130 473	69 151			
Utgåande ramme	**9 742 057**	**10 501 000**	**10 501 000**	**10 501 000**	**10 501 000**

24 Innvandring og integrering

Presentasjon av tenesteområdet

Eining for innvandring og integrering vart oppretta 1. oktober 2016.

Eininga består av tre avdelingar:

Ei avdeling som skal busette, kvalifisere og integrere vaksne flyktningar og flyktningfamiliar.
Ei avdeling for einslege mindreårige flyktningar.
Vaksenopplæring

Busetting, kvalifisering og integrering.
Eininga busett i tråd med oppmodinga frå IMDI. Det er busett 12 flyktningar til saman i 2018. Det er 21 aktive deltakarar i kommunen sitt introduksjonsprogram. Introduksjonsprogrammet består av norskopplæring, samfunnsfag og arbeidsretta tiltak. Deltakarane får undervisning ved Aukra vaksenopplæringssenter. Vaksenopplæringa har to eigne arbeidsretta tiltak, kantine og skreddarverkstad, der deltakarane i introduksjonsprogrammet kan ha arbeidspraksis.

Einslege mindreårige flyktningar.
Eininga har to døgnbemanna bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar, Teia bufellesskap og Solsiden 1 bufellesskap (i sentrum). På Teia bur det fem gutar frå Afghanistan. Dei er i alderen 12-16 år. På Solsiden bur det to gutar frå Eritrea. Dei er 15 og 16 år. I tillegg har eininga eit bufellesskap med tilsyn, Solsiden 2. Der bur det tre gutar, to frå Afghanistan og ein frå Etiopia. Dei er alle elevar i vidaregåande skole og er i alderen 16-17 år. Det er oppretta eit einsleg mindreårig oppfølgingsteam (EMO) som følger opp desse gutane.

Fem av dei einslege mindreårige flyktningane går på vidaregåande skole, dei fem andre er elevar ved Gossen barne- og ungdomsskole.

Ein einsleg mindreårig har flytta frå kommunen og fått fosterheim i ein kommune i Nord-Noreg.

Vaksenopplæring
Aukra vaksenopplæring vart opna 21. august 2017. Det er om lag 40 elevar som får undervisning i norsk med samfunnsfag ved vaksenopplæringssenteret. 21 av dei er deltakarar i kommunen sitt introduksjonsprogram for nykomne innvandrarar. Resten er andre innvandrarar med rett og plikt til norskopplæring og betalingselevar. Det vert undervist 20 timar norsk med samfunnsfag i veka. I tillegg har deltakarane i introduksjonsprogrammet 10 timer introtimar per veke. Introtimane er arbeidslivskurs, dataopplæring, foreldrerettleiingskurs, økonomikurs, fysisk aktivitet, temakurs med eksterne førelesarar og leksehjelp. Eininga har og eit samarbeid med kulturskolen om fag i introtimane.

NAV Aukra kjøper tiltak for nokre av sine brukarar frå vaksenopplæringa. Det gjeld i hovudsak norskundervisning, men dei kan og kjøpe tiltaksplassar innanfor arbeidspraksis i kantina eller på skreddarverkstaden.

Tre deltakarar som avslutta introduksjonsprogrammet i 2018 tek grunnskule for vaksne. Dei held no på med det siste året i grunnskole og vil vere kvalifisert til vidaregåande skole hausten 2019. Desse deltakarane får undervisning ved Molde voksenopplæringssenter og får flyktningstipend frå Lånekassa. Overgang til grunnskole tel ikkje som måloppnåing i introduksjonsprogrammet, men for den einskilde deltakar betyr det likevel at dei vert kvalifisert til vidare utdanning.

Resultat for 2018: 22 personar har avslutta introduksjonsprogrammet i 2018. Av desse går 14 personar over i arbeid

eller utdanning. Det gir ei måloppnåing på 64%. Av dei resterande 22 personane er 3 personar i grunnskole for vaksne og 3 personar i arbeidsretta tiltak gjennom NAV.

Eining for innvandring og integrering har starta ei mor-barn gruppe for mødre som er i fødselspermisjon. Tilbodet er eit samarbeid med helsestasjonen i kommunen.

Nivå på tenester

Arbeidet med kvalifisering av flyktningar er regulert etter Lov om introduksjonsprogram for nykomne innvandrarar. Læreplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar er ei forskrift til introduksjonslova. Føremålet med introduksjonslova og med opplæring i norsk og samfunnsfag er å styrke nykomne innvandrarar si moglegheit for deltaking i yrke- og samfunnsliv, og deira økonomiske sjølvstende.

Arbeidet med einslege mindreårige er forankra i Lov om Barneverntenester.

Rekruttering

Det er tilsett tre personar i administrasjonen, einingsleiar og to programrådgjevarar.

I dei døgnbemanna bufellesskapa er det tilsett 8 personar på Teia og 4 på Solsiden. I EMO-teamet er det 2,5 stilling. Det er jamt fordelt på miljøterapeutar og miljøarbeidarar. Dei tilsette går i langturnus.

Einina har gjennomført ei stor nedbemanning i 2018. Flyktningstraumen til Noreg er rekordlåg, noko som gjer at kommunane busett svært få flyktningar samanlikna med tidlegare. Det gjer og at dei statlege overføringane til kommunen vert redusert. Det har derfor vore naudsynt å redusere talet på tilsette. Tre tilsette i einina har slutta. Dei har ikkje vorte erstatta. I tillegg har sju tilsette vorte sagt opp som følge av nedbemanning. I samband med nedbamanninga vart Rød bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar lagt ned 1. oktober 2018. Det vert ytterlegare nedbemanningar i 2019.

Delmål i økonomiplanperioden

Drifte ei eining som skal yte gode tenester til brukarane og som skal ha eit godt fungerande apparat når det gjeld busetting, kvalifisering og integrering
Sikre eit fagleg godt innhald i introduksjonsprogrammet
Høg overgang til arbeid og utdanning for deltakarane i introduksjonsprogrammet.
Drifte og utvikle elevbedrift der kommunen tilbyr eigne praksisplassar, både til deltakarene i vaksenopplæringa og til andre som står langt frå arbeidslivet
Fokus på arbeidsretting av introduksjonsprogrammet og kvalifisering på lavterskelnivå
Sikre god tilgang til praksisplassar for deltakarane
Godt samarbeid med andre kommunale einingar og lokalt næringsliv
Innarbeide gode samarbeidsrutiner mellom administrasjon og eiga vaksenopplæring.
Godt samarbeid med ekstern vaksenopplæring (grunnskole for vaksne) og utdanningsinstitusjonar, særskilt med tanke på utdanning av vaksne personar over 25 år
Utstrakt samarbeid med frivillige organisasjonar og kulturavdelinga i kommunen
Fleirkulturelle arrangement som syner mangfaldet i kommunen
Samarbeid med andre kommunar – flyktningfagleg nettverk
Ivareta og utvikle den gode tenesta rundt arbeidet med dei einslege mindreårige flyktningane og syte for at dei får nødvendig omsorg og oppfølging, noko som inneber tett samarbeid med skole, barnevern, helse, Bufetat osb.
I samband med få busettingar må einina vere fleksibel og kreativ for å halde på kompetanse i einina
Vere ein pådrivar i søknad om prosjektmidlar

Utfordringar og tiltak for 2019

Einina har fokus på arbeidsretting av introduksjonsprogrammet. I samband med dette kjøper einina eit arbeidslivskurs frå ekstern tilbydar, der deltakarane som er i sluttfasa av introduksjonsprogrammet får opplæring i

tema retta mot deltaking i arbeidsliv. Fokus på samarbeid med andre kommunale einingar og privat næringsliv med tanke på språkpraksisplassar, arbeidspraksisplassar og utdanningspraksis.
Eininga vil og ha større fokus på eit meir individuelt tilpassa program for den einskilde deltakar.
For nybusette flyktningar kan overgangen til det norske samfunnet vere utfordrande, då spesielt med tanke på foreldrerolla i eit nytt land med anna kultur, og på samarbeid med skole/barnehage, helsestasjon osb. Eininga søkte om midlar frå Bufetat for å legge foreldrerettleiing inn i introduksjonsprogrammet og fekk tildelt kr. 200.000,- fordelt på fire år til dette føremålet. Dei to programrådgjevarane er sertifiserte ICDP (International Child Development Program) rettleiarar og er ansvarlege kurshaldarar i dette temaet.
Det er og eit stort behov for utdanningsløp for deltakarar over 25 år, og eininga vil framleis ha fokus på samarbeid med Møre og Romsdal fylke og dei vidaregåande skolane i området.

Det vil bli lagt vekt på å halde fram med fleirkulturelle arrangement som kan vise mangfaldet i kommunen og som kan føre til samhandling mellom lokalbefolkning og innvandrarar.

Fokus på rekruttering av friviljuge som kan bidra i arbeidet med integrering.

Erfaringsutveksling med andre kommunar.

Kompetanseheving av dei tilsette.

I ei periode med låg tilstrøyming av flyktningar til landet, er det ei utfordring å kunne opprettholde ein teneste som skal gi fullverdige tilbod til innvandrargruppa. Denne situasjonen krev at eininga må tenkje nytt og vere fleksibel og kreativ for å halde på kompetanse og opprettholde tilbodet i kommunen.

Driftsramme for 2019 – 2022

24 Innvandring og integrering	Revidert Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021	Øko.plan 2022
Inngåande ramme	**-**	**6 112 000**	**(1 000 000)**	**(2 000 000)**	**(3 112 000)**
2. tertial 2018 - "underskot" driftsåret 2018	6 112 000	-6 112 000			
Inndekking av underskot		-1 000 000	-1 000 000	-1 112 000	3 112 000
Utgåande ramme	**6 112 000**	**-1 000 000**	**-2 000 000**	**-3 112 000**	**0**

25 Kultur

Presentasjon av tenesteområdet

Kulturavdelinga utfører tenester innafor arbeidsfelta ungdomsarbeid, folkehelse, rus- og kriminalitetsførebyggande arbeid, idrett og friluftsliv, frivilligsentral, kulturskole, bibliotek, samt lokalhistorisk arbeid.
Ein viktig og avgjerande samarbeidspart for alle tenestene er alle som engasjerer seg som frivillige, det frivillige kulturlivet og einingane i kommunen.
Eininga har delt drifta inn i ni ulike fagområde. Desse er sjølvstendige, med eige ansvarsområde i driftsbudsjettet.
Den store bredda i fagfelta vert utnytta som ei styrke i utviklinga av kulturfeltet i kommunen. Utfordringa med organiseringa er at dei fleste arbeider åleine på sitt fagfelt.
Overordna mål for tenesteområdet er vedtatt i Kulturplan 2017-2020:

Arena for kulturaktivitet	Frivillig sektor	Barn og unge	Kulturformidling	Kultur og næring	Folkehelse, fysisk aktivitet og friluftsliv
Gjennom målretta kulturarbeid vere ein attraktiv bukommune der alle kjenner at dei høyrer til.	Skape god kommunikasjon og møteplassar mellom kommunen og frivillige, samt skape gode rammer for frivillig aktivitet.	Alle barn skal oppleve ein trygg oppvekst og ha tru på eigne krefter.	Formidle historia vår og skape identitet gjennom kunst- og kulturformidling.-	Bygge merkevare rundt kultur-opplevingar og attraksjonar.	Folkehelsearbeidet skal styrkast ved godt tverrsektorielt samarbeid og tilrettelegging innan fysisk aktivitet og friluftsliv.

Nivå på tenester

Folkehelse: Satsinga på folkehelse i kommunen må vidareførast og er eit gjennomgåande tema i samfunnsplanen. Lov om folkehelse og fleire stortingsmeldingar peiker på kor viktig det er med samhandling på tvers av sektorar. I tillegg til tidleg innsats og gode levekår, er psykisk helse eit viktig satsingsområde.

Aukra Kulturskole: Kulturskolen sitt samfunnsoppdrag er forankra i opplæringslova, paragraf §13-6: «*Alle kommunar skal åleine, eller i samband med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknyting til skoleverket og kulturlivet elles.»* Aukra kulturskole skal være eit ressurs- og kompetansesenter for kulturfag I kommunen gjennom opplæring, oppleving og formidling innan fagområda dans, kunst, musikk, teater og teknologi. For Aukra kulturskole er nasjonal rammeplan og lokal læreplan styringsverktøy for innhaldet og organiseringa.

Aukra folkebibliotek: Lov om folkebibliotek seier at *«Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.»* Med endring i lova frå 2013, skal folkebiblioteket legge stor vekt på møteplassfunksjonen og rolla som formidlar. Tenestene skal vere gratis og tilgjengeleg for alle.

Utvikling av eininga/tenesteområdet i økonomiplanperioden

Område eininga vil arbeide for å styrke kvaliteten:
Aukra er godt i gang med satsinga på barn og unge, med fleire stillingar på det førebyggande området. Arbeidet med koordinering av tenestene for å oppnå gode resultat skal halde fram.
Gode møteplassar der folk kan kjenne at dei høyrer til er eit viktig tiltak for å auke trivsel og livskvalitet.
Alle i kommunen skal kunne finne frivilligsentralen som møteplass, uansett alder. Sentralen skal være ein aktiv medspelar for innbyggjarane og for frivillige lag og organisasjonar.
Vi skal arbeide for å nå måla i Fritidserklæringa: At alle barn, uavhengig av foreldra sin sosiale og økonomiske situasjon, skal få høve til å delta jamleg i éin organisert fritidsaktivitet.
Styrke ungdom sitt engasjement og deltaking i tiltak for ungdom.

SLT-modellen skal bidra til at kommunen bygger gode oppvekstvilkår for dagens barn og unge. Kommunen skal satse systematisk på å unngå kriminalitet framfor å reparere.
Eininga skal aktivt delta i planlegging av innhald og funksjonar i Kulturhuset. Gjennom bruk av metoden tenestedesign skal brukarane av huset involverast i prosessen.
Synleggjere kulturskolen si rolle som lokalt ressurssenter for kunst og kulturfag slik at kompetansen som skolen innehar vert nytta på tvers av fag og sektorar.
Kulturskolen skal arbeide for eit tettare samarbeid med foreldre/føresette. Jamleg kontakt mellom kulturskole og heim om utvikling, trivsel, frammøte og øvingsinnsats er avgjerande for utviklinga og framgangen til eleven.
I samarbeid med frivillige skal vi registrere, ta vare på og formidle kulturskattane i Aukra i samsvar med kulturminneplan.

Delmål i økonomiplanperioden

Ungdomsarbeid

Gjennom betre opplæring skal Ungdomsrådet bli styrka i rolla som arrangør av Ung Kultur Møtast (UKM). Dette får vi til i samarbeid med kulturskole og frivilligsentral.
To årlege aktivitetar retta mot ungdom i samarbeid med Unge MOTivatorar. Dette for å skape eigarskap og glede over å vere med, samt å styrke rolla som Ung MOTivator.
Utdanne to Unge MOT leiarar på MOT camp for å styrke MOT lokalt og ungdom sitt engasjement i lokalmiljøet.
Ungdomsrådet skal vere aktive deltakarar i Kulturhusplanane og uttale seg i planarbeidet.
Arbeide for at Kulturhuset vert ein naturleg møtestad for alle barn og unge.
Etablere tilboda Open Kveld og Etter skuletid på Julsundet skole og fleirbrukshus.

Samordning av lokalt rus- og kriminalitetsførebyggande arbeid

Gjennom bruk av samordningsmodell for lokale, førebyggande tiltak mot rus og kriminalitet skal vi sikre at dei ressursane som allereie er i kommunen og hos politiet, blir meir samkøyrt og målretta. Modellen grip inn på alle nivå frå toppleiing til utførarnivået.
Bruke tid på å komme fram til felles forståing av kva som er kommunen sine viktigaste utfordringar, og kva tiltak som skal settast inn.
Søke om tilskotsmidlar til førebyggande tiltak når satsingsområde er fastsett.
Kompetanseheving på tema som omhandlar utanforskap for barn og unge.

God helse/idrett og friluftsliv

Halde fram med å prøve å organisere og strukturere folkehelsearbeidet i kommunen.
Utvikle og systematisere tilboda i aktiv på dagtid og frisklivssentral saman med andre einingar i kommunen. Målet er framleis å få fleire deltakarar med.
Halde fram samarbeidet med velforeiningar og grendalag gjennom årlege møter og felles prosjekt.
Auke vedlikehaldet på turstiane saman med tekniske tenester og frivillige lag og organisasjonar.
Etablere ei ny Stikk-UT KulTur løype med postkasser og historisk materiale på Falkhytten som skal registrerast i Morotur.
Auke marknadsføringinga av bassengtilbodet for å få fleire brukarar.
Målet er fortsatt å arbeide for forlenging av Aukra kyststi.

Aukra frivilligsentral

Sende ut nyheitsbrev vår og haust gjennom «Tilskuddsportalen» og få alle lag og organisasjonar registrert i «Tilskuddsportalen».
Ta initiativ til to årlege møter for frivillige lag og organisasjonar der dei kan samarbeide på tvers, ha idédugnadar og planlegge større arrangement.
Lage ein aktivitetskalender for born og unge i Aukra som alle elevar i grunnskolen skal ha tilgang på.
Eit årleg infobrev om frivilligheit i Aukra til alle innbyggarane.
Frivilligsentralen skal vere ein sentral aktør i pilotprosjektet *«Utløse frivilligressursen for god folkehelse for alle»* i samarbeid med Nasjonalforeningen for folkehelse og frivillige lag og organisasjonar i Aukra kommune.
Registrere Frivilligsentralen på frivillig.no.
Stimulere til at fleire frivillige blir med i besøksvenn- og aktivitetsvennordninga.

Ta initiativ til oppretting av velforeining på Falkhytten.

Lokalhistorisk arbeid
Ta i bruk Primus, eit digitalt registrering- og forvaltingssystem for å få eit systematisk register av kommunen si samling av gjenstandar, foto, film, dokument og anna.
Skape større interesse for krigsminna i Løvika gjennom å bidra til å etablere venneforeining.
Vidareutvikle engasjement for det lokalhistoriske arbeidet gjennom å etablere historielag.
Gjennomføre dei prioriterte tiltaka som er vedtatt i handlingsdelen av kulturminneplan.
Vi skal vere pådrivar for at kulturhuset skal vere ein god arena for formidling av den lokale historia både gjennom utsmykking, utstillingar og andre arrangement.

Aukra Kulturskole
Undervisninga i faga i kulturskolen blir organisert innanfor tre opplæringsprogram med ulik profil og målsetting: *Breiddeprogrammet, Kjerneprogrammet* og *Fordjupingsprogrammet*. Programma skal ta vare på behovet for tilpassa opplæring og er graderte i høve til undervisningsmengde og krav til eigeninnsats. Kulturskolen ønskjer for planperioden å ha fokus på:
Breiddeprogram: Etablere og utvikle nye tilbod = tilbod med lav terskel for deltaking, fagleg og økonomisk.
Kjerneprogram: Utøve undervisning til 250 elevplassar innan dans, musikk, teater, kunst og teknologi.
Fordjupningsprogram: Utøve undervisning til elevar som viser særleg evne og interesse for sitt fag. Dette kan og gjerast i samarbeid med andre kulturskolar i regionen. Minst to elevplassar kvart år.
Kompetanseheving blant tilsette innan IKT og bruk av digitale verktøy i undervisninga.
Rekruttere kulturskolelærar med band- teknisk- og digital kompetanse. Dette i samband komande ressursbehov i det nye kulturhuset.
I tråd med rammeplan arbeide systematisk med pedagogisk utviklingsarbeid for å vidareutvikle skolen sine fag.

Aukra folkebibliotek
Arbeide for å få eit best mogleg bibliotek i det nye kulturhuset. Vi skal halde fram med å sjå på framtidsretta løysingar, og hente inspirasjon frå gode folkebibliotek.
Samarbeide med Eining for innvandring og integrering om å lage eit serveringstilbod/ein møteplass i biblioteklokala. I dei midlertidige lokala våre ligg det fint til rette for det.
Etter innflytting i midlertidige lokale eit lite stykke unna sentrum må vi arbeide aktivt for å trekke folk til biblioteket, mellom anna ved å ha ulike aktivitetar og arrangement.

Utfordringar og tiltak for 2019

Arbeidet med implementering av ny rammeplan for kulturskolen er ein langsiktig og vedvarande prosess. For å imøtekomme rammeplanen sine forventningar om kulturskolen som lokalt ressurssenter er vi avhengig av eit samarbeid som famnar breitt. Tilboda er tenkt organisert i samarbeid med helsesektor, barnehage, SFO og skole, samt utvikling av eigne kulturskoletilbod.
Kulturskolen har sidan 2010 nytta Mac som arbeidsverktøy. Å drifte dette utan tilførte budsjettmidlar er ei stor utfordring, då maskinane ikkje er med i kommunen si rulleringsplan.
Den store satsinga på turstiar og friluftsområde har medført eit stort behov for drift og skjøtsel av desse områda. Det er begrensa ressursar til dette arbeidet.
Samordning og systematisk arbeid er ei utfordrande oppgåve, men viktig for å få eit godt folkehelsearbeid i kommunen.
Vi opplever at dei økonomiske rammene innafor fleire av fagfelta er ei utfordring for langsiktig planlegging av aktivitet for brukarane/innbyggarane. Vi er i stor grad avhengig av å søkje om eksterne tilskotsmidlar, noko som gjer det usikkert med tanke på gjennomføring.

Driftsramme for 2019 – 2022

25 Kultur	Revidert Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021	Øko.plan 2022
Inngåande ramme	**9 773 000**	**10 440 000**	**10 223 000**	**10 223 000**	**9 567 000**
Bygdebok Aukra (korr. 2. tertial 2015)	-200 000	-200 000			
Kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-276 000	-180 000			
Sentralele forhandlinga 2017 - mellomoppgjer - heilårsverknad	30 000				
Lokale forhandlingar	146 739				
Auka avsetning til fond for tilskot til frivillige lag og org.	200 000				
Kultuformidlar	656 000			-656 000	
Generell rammereduksjon knytt til omdisponering		-25 000			
SLT koordinator		200 000			
Reduserte leigeutgifter etter etablering av Julsundet omsorgsbase blir overført til eininga TET		-70 000			
Lønnsoppgjer 2018	110 261	58 000			
Utgåande ramme	**10 440 000**	**10 223 000**	**10 223 000**	**9 567 000**	**9 567 000**

Tilrådde tiltak:

Stilling som SLT-koordinator i Aukra kommune vart vedtatt oppretta i K-sak 4/18. Med innvilga tilskot forpliktar kommunen seg til å finansiere differansen mellom innvilga tilskot og totale lønskostnadar for ei 50% stilling. Maksimal tilskotsbetaling er kr. 400.000,- fordelt over tre år. Kr. 200.000,- det første året og vidare kr. 100.000,- år to og tre.

Budsjett SLT-koordinator:

År 1	Tilskot frå Kompetansesenter for kriminalitetsforebygging	kr. 200.000,-
	Eigenandel Aukra kommune	kr. 200.000,-
År 2	Tilskot frå Kompetansesenter for kriminalitetsforebygging	kr. 100.000,-
	Eigenandel Aukra kommune	kr. 300.000,-
År 3	Tilskot frå Kompetansesenter for kriminalitetsforebygging	kr. 100.000,-
	Eigenandel Aukra kommune	kr. 300.000,-

Frå og med år fire og vidare vil Aukra kommune finansiere stilling som SLT-koordinator i si heilheit.

30 Eining institusjonstenester

Presentasjon av tenesteområdet

Einings sitt ansvarsområde er Aukra Omsorgssenter Institusjon, avlastingsbustad for barn og unge opp til 18 år, Bergtun bufellesskap og støttekontakttenesta for aldersgruppa 0 til 70 år. Eining heimetenester og Eining institusjon har tett samarbeid i tenesteutøvinga.
Beskriving av tenesta:
Aukra Omsorgssenter Institusjon har pr september 2018 24 langtidsplassar, og 6 korttids/avlastningsplassar.
Frå 1 juni 2015 vart det oppretta eit interkommunalt samarbeid med Molde om Kommunale Akutte døgnsenger (KAD).
Kjøkenet på Aukra Omsorgssenter er institusjonskjøken som i tillegg til å levere mat til sjukeheimsbebuarane òg lagar middag for om lag 140 heimebuande kvar veke. Vi har òg eit prøveprosjekt til elevar ved Gossen barne og ungdomsskole der 10 klasse i ei periode har fått varm lunsj servert i kantina kvar måndag. Tilbodet vert utvida i 2020.
Bergtun bufellesskap for funksjonshemma har 10 bebuarar. Aukra kommune
bygg to nye bustader i samband med drifta på Bergtun, som vert ferdig i april 2020.
Avlastingsbustaden har i dag 3 personar på avlasting, i tillegg får 3 person avlasting i eigen heim.
Dagsenteret for psykisk utviklingshemma har for tida 9 brukarar.
Vi har i dag omlag 21 aktive støttekontaktar som arbeider med personar under 70 år.

Overordna mål i Omsorgsplan 2020
Helse- og omsorgstenestene skal ha fokus på aktivitet uavhengig av funksjonsnivå,
med aktivitetstilbod som er tilgjengelig for alle. Helse og omsorgstenestene skal styrke satsinga på førebyggjande helsearbeid på tvers av tenesteområda. Helse- og omsorgstenestene skal sikre at alle som treng det får rehabilitering.
Pleie og omsorg skal jobbe med kvardagsmeistring som førebyggjande og rehabiliterande tankesett som vektlegg den enkeltes mestring i kvardagen uansett funksjonsnivå. Brukarstyring og vektlegging av den enkeltes ressurs og deltakling står sentralt.

Organisering av einings
Tenesta er organisert med einingsleiar og 3 avdelingsleiarar med ansvar for Aukra Omsorgssenter Institusjon, Bergtun/avlastingsbustad, og Kjøken og miljøarbeid. Rådgjevar økonomi og merkantil personale yt til begge einingane Institusjon og Heimebaserte tenester.

Rammer på tenester

Helsepersonell er styrt av faglege og yrkesetiske retningslinjer som ligg til profesjonen.
Kvalitet på tenesta
Heiltidskultur for helsepersonell er nådd i Aukra Omsorgssenter Institusjonstenesta. Vi har pr sept 2018 ingen på ufrivillig deltid. Dette gjer at færre personar med helsefagleg utdanning følger opp pasientane, noko som gir kontinuitet og betre pasientsikkerhet på alle plan.
Nye arbeidstidsordningar har heva det faglege nivået på tenesteytinga i Institusjon.
Vi har på plass eit fungerande Arbeidsmiljøutval og saker som går på organisering, bemanning, arbeidstidsordningar med meir blir teke i dette fora.

Utviklinga av einings/tenesteområde i økonomiplanperioden

Det er godt kjent at talet på yngre og eldre brukarar er stigande for helse- og omsorgstenesta. Samtidig vert det færre hender i arbeid, og dette krev nye løysingar. Aukra kommune er i en prosess for å imøtekomme framtida sine utfordringar på ein best mogleg måte. Aukra pleie og omsorg har tatt i bruk velferdsteknologiske løysingar som skal bidra til å auke kvaliteten på tenesta for brukarar og tilsette. Dette feltet er stort og krev ei kontinuerleg kompetanseutvikling i Pleie og Omsorg.
Endring i tenestebehov etter at samhandlingsreforma starta 01.01.12 vert meir tydeleg.

Erfaringane hittil er at pasientane vert tidligare skrivne ut frå sjukehuset, og treng meir omfattande behandling enn før. Det er ei utfordring å tilføre medarbeidarane ny kunnskap om nye behandlingsmetodar. Det er eit auka behov for sjukepleiekompetanse.

Delmål i økonomiplanperioden

Pleie og omsorg skal ha effektiv og funksjonell organisering av tenestene. Gode overgangar mellom eining Helse, Heimetenester og Institusjon.
Pleie og omsorg arbeider for å redusere kostnadane i driftsnivået og samtidig oppretthalde god kvalitet på tenestene.

Behov for juridisk kompetanse
Pleie- og omsorgstenestene har komplekse saker som krev saksbehandling der fleire lovverk gjeld i enkeltsaker.
Kvalitetsmål for pleie og omsorg i 2020

Møtet mellom tenestemottakar og Aukra kommune skal ha i seg ei grundig behovskartlegging og avklaring av forventningar, slik at tenestemottakar får rett hjelp. Vi har eige forvaltningsmøte med saksbehandling og gjer vedtak kvar veke. Forvaltningsmøtet skal basere seg på grundig forarbeid med tverrfaglege vurderingar av enkeltsaker. Lege, fysioterapi- og ergoterapiteneste i samarbeider med institusjons og heimetenester om kartlegginga.

Utfordringar og tiltak for 2019
2019 vert første heile året i drift i nye Aukra Omsorgssenter. Basert på dagens status og erfaringane som vi har gjort gjer at vi ser utfordringar i å halde vedtatt økonomisk ramme.

Driftsramme for 2019 – 2022

30 Institusjon og buteneste	Revidert Budsjett 2018	Revidert Budsjett 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021	Øko.plan 2022
Inngåande ramme	**50 708 000**	**54 712 000**	**47 957 000**	**45 247 000**	**43 247 000**
Bergtun utbygging - drift	800 000				
Kostnads- og effektiveringsgj.g. - Omlegging drift til heildøgns omsor	-5 889 000				
1. tertial: Bergtun - uke i årsverk med 0,57 i 2017 og ytterligare 1,18 i 22.06.-17. Avlasting auke på 1,25 årsverk					
1 tertial: Meirforbruk Aukraheimen i 2017 grunna omlegging av drifta	-2 100 000				
1 tertial lokale forhandlingar Heilårsverknad 2017					
Korrigering for 2 gonger rammeauke lokale forhandlingar 2016					
Sentralele forhandlinga 2017 - mellomoppgjer					
Sentralele forhandlinga 2017 - mellomoppgjer - heilårsverknad	552 000				
2. tertial: midlertidig auke i ramme knytt til meirforbruk	-2 902 000				
Lokale forhandlingar	416 507				
Auka sjukepleiardekning jmf. Kompetansekrav	112 000				
Bergtun, overgang til aktiv nattevakt	332 000				
Bergtun, endring i tenestetilbod	2 576 000				
Kostnads- og effektiveringsgj.g. - Omlegging drift til heildøgns omsorg		-1 961 000			
Bergtun, Dokumentasjon av tvangsvedtak	425 000	-425 000			
Kostnads- og effektiveringsgj.g. - forsinka innfasing av ny omsorgstruktur	4 710 000		-2 710 000	-2 000 000	
2. tertial 2018 - midlertidig rammeauke	4 500 000	-4 500 000			
Generell rammereduksjon knytt til omdisponering		-119 000			
Lønnsoppgjer 2018	471 493	250 000			
Utgåande ramme	**54 712 000**	**47 957 000**	**45 247 000**	**43 247 000**	**43 247 000**

32 Eining heimetenester

Presentasjon av tenesteområdet

Eining heimetenester har ansvar for teneste til brukarar som bur heime.
Dei tradisjonelle heimetenestene er tildelt på enkeltvedtak ut frå individuelle vurderingar.
Kvardagsrehabilitering og grupper med balansetrening i samarbeid med eining Helse
Demensomsorg
Psykisk helse og rus
Matombringing vert gjort i samarbeid med frivillige og Frivillig sentralen.
Dagsenterdrift er for målgrupper eldre, personer med demens og personar med utfordringar med psykisk helse og rus.
Overordna mål i «Omsorgsplan 2020 for Aukra kommune» omtalar at tenestene

- Skal ha fokus på aktivitet uavhengig av funksjonsnivå.
- Skal styrke satsinga på førebyggjande helsearbeid på tvers av tenesteområda.
- Skal sikre at alle som treng det får rehabilitering uavhengig av alder, diagnose og funksjonsnedsetting.
- Skal gje tilrettelagte tenester slik at den enkelte kan meistre eigen kvardag heime lengst mogleg.

Eining heimetenester er i utvikling til ein organisasjon som skal meistre utfordringane som samfunnsutviklinga og nasjonale føringar krev når det gjeld somatiske-, psykisk helse- og ruslidingar. For å sikre kvalitet på tenester er det behov for mål og langsiktige tiltak som ein gradvis skal implementere i organisasjonen. Det gjeld både korleis ein organiserer tenestene, personalet sin kompetanse og korleis dei utøver rolla si som medarbeidar i Aukra kommune.

Nivå på tenester

Kommunane har ansvar for tenestetilbodet til alle med behov for helse- og omsorgstenester, uavhengig av alder eller diagnose jf *Helse- og omsorgstjenesteloven §§ 3-1, 3-2 og 4-1, Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1a, Helsepersonelloven § 4, Forvaltningsloven §17 og forskrifter*

Tenester vert vedteke etter søknad og individuell kartlegging. Systematisk kartlegging for å få fram ressursar, behov og kva som er viktig i for den enkelte er grunnlag for å tilpasse vedtak om tenester. Aktivitet og styrking av brukarane sine eigne ressursar er viktig med tanke på utvikling av eininga/tenesteområde i økonomiplan perioden

Eininga har fokus på områder som brukarmedverknad, tenesteproduksjon, og personaloppfølging/utvikling.
Aukra kommune er i ein prosess for å imøtekomme framtida sine utfordringar på ein funksjonell måte. Ein ser på strukturelle endringar for å utnytte ressursane på ein god måte.
Heimetenesta har merka ei auke i tenesteproduksjon no når talet på institusjonsplassar er redusert.
Den samla tenesteytinga i heimetenesta vil auke når vi tek i bruk velferdsteknologi.
Kommunen har som målsetting at alle trinn i omsorgstrappa skal nyttast slik at brukarar kan leve i eigen bustad lengst mogleg. Velferdsteknologi gjer dette mogleg.

Delmål i økonomiplanperioden

- Heimetenesta skal sikre effektiv og funksjonell organisering av tenestene
- Sikre forvaltning i samsvar med lovverk og brukarane sine behov og rettigheiter
- Sikre brukarmedverknad
- Utvikle velferdsteknologiske løysingar og implementere det i tenesteproduksjon
- Implementere pakkeforløp i rus og psykisk helse
- Arbeide systematisk med kompetanseheving i samarbeid med institusjonstenesta, for å imøtekomme framtidas krav til tenesteyting
- Yte tenester på nye måtar ved bruk av velferdsteknologi

Utfordringar og tiltak for 2019

- Utvide dagsentertilbodet slik at det dekker brukarane sine behov, og pårørande sine behov for avlastning.
- Vidareføre og kvalitetssikre systematisk kvardagsrehabilitering i tenesteytinga ved hjelp av heimetrening.
- Implementere velferdsteknologiske løysingar i tenester til heimebuande.
- Manglande erfaringsgrunnlag i bruk av velferdsteknologi for heimebuande skapar eit uforutsigbart ressursbehov
- Fleire multisjuke pasientar skal ha behandling i kommunen

Driftsramme for 2019 – 2022

32 Tenester til heimebuande	Revidert Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021	Øko.plan 2022
Inngåande ramme	**30 733 000**	**31 590 000**	**32 094 000**	**32 094 000**	**32 094 000**
Kostnads- og effektiviseringsgj.g. - Omlegging drift til heildøgns omsorg	4 001 088	1 329 000			
Kostnad og effektivseringsgj.g. -Omlegging drift til heildøgns omsorg - brukarar flyttar til midlertidig omsorgsbustad	-1 694 547	-566 000			
Sentralele forhandlinga 2017 - mellomoppgjer - heilårsverknad	248 459				
2. tertial: midlertidig auke i ramme knytt til meirforbruk	-3 118 000				
Lokale forhandlingar	425 768				
Vidareføring av prosjektstilling demens	323 000	-323 000			
Auka behov for brukarstyrt personleg assistent	399 000				
Generell rammereduksjon knytt til omdisponering		-80 000			
Lønnsoppgjer 2018	272 231	144 000			
Utgåande ramme	**31 590 000**	**32 094 000**	**32 094 000**	**32 094 000**	**32 094 000**

40 Helse

Presentasjon av tenesteområdet

Helse administrerer legekontor, fysioterapi, ergoterapi med hjelpemidler, ambulanse- og legeskyssbåt, legevakt og kommunale akutte døgnplasser (KAD senger) som er etablert i Molde. Dessutan førebyggjande tenester som helsestasjon, fallførebyggjande trening, skolehelseteneste, jordmorteneste, psykolog, frisklivssentral og klinisk ernæring. I tillegg kjem beredskap, psykososial krisehandtering, miljøretta helsevern og medisinsk fagleg rådgjeving.

Overordna mål

Befolkninga skal ha tilgang på helsetenester som vert gjeve på en forsvarleg og effektiv måte. Tenestene skal ha høg fagleg kvalitet tilpassa brukarane sine behov. Arbeidet skal vere tufta på verdiane fagleg solid, vere å lita på, nyskapande, open og respektfull. Vi legg vekt på god samhandling. Helsetenesta skal sikre best mogleg kvalitet og nivå på tenestene til den enkelte pasient og unngå unødvendig forbruk av sjukehustenester i tråd med samhandlingsreforma.

Nivå på tenester

Det er eit bra nivå på alle helsetenester i kommunen og i alle stillingar er det tilsett kvalifisert personell med relevant utdanning og erfaring. Skulehelsetenesta er styrka og vi har oppretta psykolog og ernæringsfysiolog stillingar. Frisklivssentral legg vekt på førebyggjande tenester. Ambulanseteneste i nær samarbeid med legevakt gir tryggleik, sikrar beredskap og tilgang på legetenester heile døgnet.

Utviklinga av eininga/tenesteområde i økonomiperioden

Samhandlingsreforma er basert på folkehelselova og helse- og omsorgstenestelova og gir kommunen auka ansvar for kurativ og førebyggjande tenester. Målretta førebyggjande tenester som psykolog, ernæringsfysiolog, fallførebyggjande arbeid og frisklivssentral har som mål å redusere behov for helsetenester på sikt.

I folkehelsemeldinga ber ein om at kommunane styrker helsestasjon og skulehelsetenesta. Helsesøstrane har fått auka kompetanse i foreldreveiledning. Det er budsjettert med kr 160.000 til psykolog teneste i 2019 for m.a. å styrke psykisk helse for barn og unge.

Fleire eldre med kroniske og alvorlege sjukdommar, færre sjukeheimsplassar og senger på sjukehusa, overføringa av meir ansvar frå sjukehusspesialistar til fastlegane har ført til større behov for kommunale helsetenester og beredskap. God samhandling mellom helsetenesta og PLO er etablert for å sikre riktig nivå på pleie og omsorgstenester.
Kravet til allmennlegar er at dei skal vere spesialist i eller under spesialisering i allmennmedisin som tek minimum 5 år.

Aukra kommune går inn for at legevakta blir en del av en nasjonal pilot for utvikling av legevakttenesta. Prosjektet er leia frå Helsedirektoratet og Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin. Beredskapsferge og lokal satellitt med helsepersonell blir en del av ordninga men endeleg utforming av tenesta er ikkje klar før januar 2020. Inntil då blir dagens ordning ført vidare.
Når ny legevakt vert sett i drift vil driftskostnadane bli endra og endeleg oversikt over det vil vere klart før prosjektet vert sett i drift.
Behovet for og talet på Ambulansebåtar vert vurdert av Helseforetaket i løpet av 2019.

Frå 2017 er kommunale akutte døgnplasser òg omfatte av rus og akutt psykiatri.

Delmål i økonomiplanperioden

Deltaking i nasjonal pilot for legevakttenesta. Sikre stabil og kvalifisert legevakt for befolkninga med fokus på tilbod om både sjukebesøk og rask transport til lege.
Oppretthalde dagens beredskap når det gjeld ambulanse og ambulansebåt.
Vaksinedekning nær 100 %.
75 % amming ved 5 mnd. alder.
100 % oppslutning om heimebesøk av jordmor og helsesøster.
Sikre god samhandling og kommunikasjon mellom helse og PLO.
Styrke psykiske helsetilbod for barn og unge med psykolog i samhandling med lege og helsesøster.
Utarbeide ny pandemiplan.

Driftsramme for 2019 – 2022

40 Helse	Revidert Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021	Øko.plan 2022
Inngåande ramme	**12 915 000**	**14 214 000**	**12 710 000**	**12 710 000**	**12 710 000**
Kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-313 000	-208 000			
1 tertial: Midlertidig auke i bemanning på Dr. Rieber	-520 000				
Sentralele forhandlinga 2017 - mellomoppgjer - heilårsverknad	119 000				
2 tertial: auke i sjukevikarutgifter med verkand fram til 01.05.2018	-377 000	-173 000			
Lokale forhandlingar	256 806				
Ny kommunelege	1 027 000	-300 000			
Psykolog		160 000			
Reduserte leigeutgifter etter etablering av Julsundet omsorgsbase blir overført til eininga TET		-85 000			
Lønnsoppgjer 2018	136 194	72 000			
2. tertial 2018 - midlertidig rammeauke	970 000	-970 000			
Utgåande ramme	**14 214 000**	**12 710 000**	**12 710 000**	**12 710 000**	**12 710 000**

Tilrådde tiltak:

Utvikle tilbodet med ultralyd i diagnostikk og behandling hos fastlege.

50 NAV

Presentasjon av tenesteområdet

NAV Aukra er arbeids- og velferdskontoret i kommunen. NAV betener både statlege og kommunale tenester. På den statlege sida er hovudoppgåvene våre å hjelpe menneske til å kome i arbeid, yte rekrutteringsbistand overfor arbeidsgjevarar og informere og rettleie omkring 50 statlege trygdeytingar. På den kommunale sida har eininga ansvar for sosialadministrasjonen i kommunen. Dette inneber ansvar for førebyggjande sosialt arbeid, råd og rettleiing, økonomisk sosialhjelp, økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving, særlege tiltak overfor rusmiddelbrukarar, Husbanken sine låne- og tilskotsordningar for private.

NAV Aukra skal levere tenester som byggjer opp under hovudmåla til NAV, disse er:
fleire i arbeid og aktivitet, færre på stønad
ein velfungerande arbeidsmarknad
rett teneste og stønad til rett tid
god service tilpassa brukaren sine føresetnader og behov
ein heilskapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning

I tillegg ligg følgjande lokale mål til grunn for samarbeidet:
Utvikle gode samarbeidsformer med andre kommunale og statlege tenester.
Utvikle gode samarbeidsrelasjonar med eksterne tenesteleverandørar og institusjonar.
Brukarane som tek kontakt med kontoret skal oppleve å bli tatt på alvor, bli møtt med respekt og møte kompetente og løysingsorienterte medarbeidarar.
Arbeidsmiljøet skal vere inkluderande, prega av openheit, respekt for kvarandre og bruk av den enkelte sin kompetanse.

NAV Aukra har i dag 5,8 tilsette, 2,8 kommunale årsverk, 3 faste statlege årsverk. 2 av dei faste statlege tilsette har permisjon fram til desember 2018 og ei til desember 2019. I dei stillingane er det no tilsett 1 i mellombels stilling fram til 2019. Personen i permisjon fram til desember 2018 har sagt opp stillinga si frå januar 2019, og vi er no i gang med rekruttering til ein fast statleg stilling.
Vi har i 2018 auka den kommunale delen av dei tilsette frå 2,3 årsverk til 2,8 årsverk, ein har auka med ei mellombels stilling i 50%. Dette grunna ei auke dobling av antall søknadar om økonomisk sosialhjelp.

Nivå på tenester

Etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga, paragraf 3 og 4, har kommunen ansvar for å utføre oppgåver og å yte tenester etter denne lova for alle som oppheld seg i kommunen. Tenestene som ytes skal vere forsvarlege.
Loven regulerer i tillegg dei generelle oppgåvene som kommunen i arbeids- og velferdsforvaltninga har ansvar for. Dette gjeld mellom anna generell førebyggjande verksemd, informasjon til kommunen sine innbyggarar, samarbeid med andre deler av forvaltninga og frivillige organisasjonar og bustadar til vanskelegstelte.

NAV Aukra sine individuelle tenester er på forsvarleg nivå. Når det gjeld generell førebyggande verksemd og informasjon til kommunen sine innbyggarar, så har tenestene våre hatt ei positiv utvikling. Vi har nå god informasjon på kommunen si heimeside og vi fokuserer på førebyggande arbeid i kontakt med våre brukarar, spesielt gjeld dette personleg økonomi.

NAV har ansvar for å hjelpe brukarar med å finne eit mellombels botilbod i ein naudsituasjon. Det er mangel på mellombelse bustadar i kommunen.

NAV Aukra har ansvar for Husbanken sine låne- og tilskotsordningar.
Etter Bustøttelova, paragraf 1, er målet med den statlege bustønaden å sikre personar med låge inntekter og høge bustadutgifter ein høveleg bustad.
Etter Forskrift om startlån frå Husbanken, skal startlån tildelast kommunar for vidare utlån. Startlån skal bidra til at

personar med langvarige bustadfinansieringsproblem kan skaffe seg ein eigna bustad og behalde denne. Startlån skal tildelast etter ei behovsprøving. Husbanken sine ordningar vert forvaltar etter Husbanken sitt regelverk.

Utvikling av eininga i økonomiplanperioden

Regjeringa innførte frå januar 2017 aktivitetsplikt til mottakarar av økonomisk sosialhjelp under 30 år. Dette innebar at kommunane skal ha plikt til å gje eit tilsvarande arbeidsretta aktivitetstilbod. NAV Aukra har eit godt samarbeid med dei andre einingane i kommunen, og har på den måten klart å få etablert noko lågterskel tilbod for dei ungdomen som er under 30 år.

Fylkesmannen held ein årleg fagdag i sosialtenestelova, der fokus vert aktivitetsplikt for dei som er mottakarar av økonomisk sosialhjelp under 30 år, samt oppdateringar i lovverket. Dette er noko alle tilsette ved NAV Aukra gjennomfører.

Delmål i økonomiplanperioden

Auka individuelt tilpassa tiltaks- og virkemiddelbruk, derunder auke bruken av moglegheitene i kommunen
Auka tilgang på mellombelse bustadar i kommunen
Auka samhandling med brukarar og samarbeidspartnarar, spesielt vektlegging av tettare samarbeid mellom fleire einingar i kommunen, men også til den lokale arbeidsmarknaden.
Gjennomsnittsscore i brukarundersøkinga på spørsmål om heilhetleg service skal være 4,5 for både personbrukarar og arbeidsgjevarar

Utfordringar og tiltak for 2019

NAV Aukra ynskjer å auke tilboda i kommunen for eit arbeidsretta lågterskeltilbod om arbeidsretta aktivitet retta mot brukarar som står litt lenger frå arbeidslivet.
NAV Aukra skal prioritere arbeidet med å få lagt til rette for eit permanent arbeidsretta aktivitetstilbod i kommunen, ei av tiltaka kan vere gjennom ei ytterlegare tettare samarbeid på tvers av einingane.
Det er mangel på mellombelse bustadar i kommunen.
NAV Aukra skal prioritere arbeidet med dei tiltaka som vi har fått ansvar for i kommunen sin bustadsosial handlingsplan.

Vi ser at ein auking i bruk av sosiale lån og økonomisk sosialhjelp.
NAV Aukra ynskjer ei auka fokus på førebyggjande arbeid og tiltak, blant anna gjennom auka bruk av økonomisk gjeldsrådgjeving.
Auka fokus på økonomisk veiledning frå tidleg fase i oppfølgingsprosessen

Fleire av brukarane til NAV-kontoret er òg brukarar av tenester i andre einingar i kommunen. For å styrke tilbodet, og nytte den samla fagkompetansen i kommunen og ressursane i samfunnet til brukaranes beste, ser vi behov for eit godt samarbeid med brukarane og mellom einingane i kommunen, næringslivet og frivillige organisasjonar. NAV Aukra ynskjer å vere ein pådrivar i å vidareutvikle dette samarbeidet òg i 2019. Vi vil spesielt prioritere samarbeidet og tenesteutvikling retta mot arbeid, spesielt innanfor dei ulike gruppene: unge under 30 år, innvandrarar som har avslutta introduksjonsprogrammet utan å ha vidare tilbod, arbeidsledige som har vore utan arbeid over lengre tid
Auka bruk av ordinært arbeidsliv som tiltak (arbeidspraksis)
Vi identifiserer raskare kva for brukarar som har mest behov for bistanden vår
Vi bidreg til ein meir saumlaus interaksjon med andre offentlege etatar gjennom raus samhandling

Driftsramme for 2019 – 2022

50 NAV	Revidert Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021	Øko.plan 2022
Inngåande ramme	**3 379 000**	**3 472 000**	**3 482 000**	**3 482 000**	**3 482 000**
Lønnsoppgjer 2018	18 884	10 000			
Utgåande ramme	**3 472 000**	**3 482 000**	**3 482 000**	**3 482 000**	**3 482 000**

62 Tekniske tenester

Frå 1.1.2018 vart tre einingar slått saman til ei eining, Tekniske tenester. Budsjettet for 2019 er for første gong utforma etter ny organisasjonsmodell.

Presentasjon av tenesteområdet

Følgjande tenesteområde vert ivaretatt av einingа Tekniske tenester (TET)
Vatn, avløp og renovasjon (VAR - området).
Vedlikehald og drift av alle kommunale bygg og eigedomar.
Kommunal samferdsel som kommunale vegar, veglys og vegtekniske anlegg
Forvaltningsoppgåver etter lov
Brannvern, utrykkings- og tilsynsområdet
Utarbeiding og deltaking i arbeid med kommuneplan, reguleringsplaner og fagplaner
Byggesak, oppmåling, kart-tenester og adressering, kjøp og sal av eigedom
Landbrukstenestene og natur- og miljøforvalting. Aukra kjøper landbrukstenestene og viltforvalting frå Fræna kommune tilsvarande 60 % stilling.
Planlegge og gjennomføre alle investeringsprosjekt innanfor bygg og anlegg.

Organisering

Einingа har 51 tilsette, inkludert brannmannskap, og er organisert med einingsleiar og fagleiarar. Faga er organisert i tre team: bygg- og eigedomsteam, plan-team og VA-team. Kvart av teama har ein eller to fagleiarar.

Bygg- og eigendomsteam
Eigedomsavdelinga med 20 tilsette og avdelingsleiar høyrer til bygg- og eigedomsteamet. Det same gjeld brannvern, som fagleg er underlagt Molde brannvesen. Etter at einingane vart slått saman til Teknisk eining, har vi berre to reindyrka prosjektleiarstillingar, mot fem slike stillingar i Utbyggingsavdelinga i 2017. Leiing av fleire bygge- og anleggsprosjekt er no kombinert med fagstillingar innan ordinær drift. Dette fører til noko meir innleige av rådgjevarar. Teamet har fem vaktmeisterstillingar.

Plan-teamet
Einingа produserer eigne planer og administrerer innleidde konsulentar i deira planarbeid. Tidvis er det mange planer under arbeid samstundes. Tenesteområda geodata, oppmåling og byggesak høyrer til dette teamet. Innan landbruk og viltforvalting kjøper Aukra framleis av tenester frå Fræna kommune, noko som fungerer tilfredstillande.

VA-teamet
Teamet har to driftsingeniørar, der ein fungerer som fagleiar, fire driftsoperatørar og ein fagarbeidar. Begge driftsingeniørane er og prosjektleiarar innan anleggsprosjekt.

Nivå på tenester

Aukra kommune har store bygge- og anleggsprosjekt. I dei største prosjekta vert det leigd inn rådgjevarar for å styrke leiing og fagleg kompetanse. Det vert stadig høgare krav til nivå på vaktmeistertenestene etter kvart som vi tek i bruk nye kompliserte bygg. Einingа har i 2018 styrka kompetansen på drift av tekniske anlegg i bygg.
Einingа har gode ressursar på planområdet. Mange av tenestene her er lov- og regelstyrt, noko som set standard for korleis saker skal handsamast. Einingа behandlar eigne plansaker (reguleringsplanar og kommuneplanar) og private reguleringsplanar.
Aukra kommune har og gode ressursar innan geodata, der vi og servar kommunar i ROR-området.
Innen bygge- og delingssak har kommunen svært kort saksbehandlingstid og det er få klagesaker.
Ingeniørkompetanse innen VA er jamt over ei utfordring for små kommunar. Aukra kommune har vore heldig, og har i dag to driftsingeniør med denne bakgrunn. Ressursen til dette arbeidet vart redusert i 2018, slik at begge driftsingeniørane leiar store anleggsprosjekt i tillegg til å ha det daglege ansvaret for drift av VA-nettet og

produksjon av vatn.

Utviklinga av eininga/tenesteområde i økonomiplanperioden

Ytterlegare to store bygg skal ferdigstillast i løpet av økonomiplanperioda. Dette betyr at det framleis vert viktig med kompetanse innan leiing av byggeprosjekt, spesielt for kulturhus/basseng som vert eit komplekst bygg.
Eininga skal ha eit stort fokus på å bygge opp kompetanse innan eigedomsdrift i perioden. Dette gjeld både ved å sikre kompetente tilsette, og å drifte effektivt med omsyn til forvaltning-, drift- og vedlikehaldskostnader.
I økonomiplanperioden vil det aller meste av vassleidning av asbestsementrøyr verte skifta ut. Effektiv drift av vassleidningsnettet og sikker vassproduksjon vil ha fokus i åra framover. I økonomiplan-perioda skal avtalen om vass-samarbeidet med Fræna reforhandlast i samband med ny kommunestruktur. Aukra kommune har store investeringar som ventar innan avløp. Ny avløpsrammeplan skal utarbeidast i 2019, og vil innehalde ei tilrådd handlingsplan i økonomiplan-perioden for dette arbeidet.
Aukra kommune har eit fagleg sterkt plan- og byggesaksteam. Dette er fagkompetanse som kan verte vanskeleg å behalde ettersom kommunane rundt Aukra får store og sterke fagmiljø. Vi bør difor sjå på eventuelle områder for samarbeid her, samtidig som vi bygger kompetanse i eiga eining.

Delmål i økonomiplanperioden

Evaluerer organisering av Eigedomsavdelinga
Sette i drift eit toppsystem for styring av SD-anlegg i kommunale bygg
Automatisering av Tverrlia Vassverk
Reforhandle interkommunale avtalar
Rett nivå på kommunale abonnementsgebyr
Ferdigstilling av hovudplan innan avløp
Etterdrift av eldre avfallsdeponi
Gjennomføringa planar i vedteken planstrategi.
Sikre god medverknad og engasjement omkring planarbeid
Rehabilitering av vasstårnet
God leiing av prosjekta kulturhus/basseng og Aukratun

Utfordringar og tiltak for 2019

Evaluere organisering av eininga Tekniske tenester
Kompetanseheving innan fagfelta byggesak og oppmåling.
Etablere betre rutinar for tomtesal
Tilrettelegging av kart-tenester på nett og ajourhald av kartgrunnlaget gjennom Geovekst-samarbeidet og Statens Kartverk.
Sluttrapportere utbyggingsprosjekt innan fristane
Kompetanseheving på prosjektleiing
Enøk-prosjekt for å redusere straumutgiftene
Kartlegging av eigedommar/friområder og kva ansvar kommunen har

Driftsramme for 2019 – 2022

62 Teknikk, eigedom og brann	Revidert Budsjett 2018	Øko.plan 2019	Øko.plan 2020	Øko.plan 2021	Øko.plan 2022
Inngåande ramme	**21 922 000**	**28 928 000**	**26 545 000**	**26 545 000**	**26 545 000**
Etterbruk/riving av vasstårn	600 000	-700 000			
Kostnads- og effektiviseringsgjennomgang	-653 000	-435 000			
Sentralele forhandlinga 2017 - mellomoppgjer - heilårsverknad	150 000				
Lokale forhandlingar	178 193				
Ny leiar i felles eining	518 000				
Overført ramme frå Plan utvikling samfunn frå 01.01.-18	3 841 340	-68 000			
Generell rammereduksjon knytt til omdisponering		-64 000			
Vedlikehold tursti		50 000			
Forvaltningsplan skog		150 000			
Auka utgifter beredssskapsavtale brann og redning Julsundet		485 000			
Auka driftsutgfiter Julsundet omsorgsbase - intern overføring av spart leigeutgifter frå Kultur og Helse		155 000			
2. tertial 2018 - midlertidig rammeauke	2 100 000	-2 100 000			
Lønnsoppgjer 2018	271 467	144 000			
Utgåande ramme	**28 928 000**	**26 545 000**	**26 545 000**	**26 545 000**	**26 545 000**

Tilrådde tiltak for 2019

Forvaltningsplan skog kr. 150.000
Kommunestyret i Aukra gjorde følgjande vedtak i sak 81/13, den 17.10.2013: «Aukra kommunestyre ber rådmannen legge fram sak som greier ut planar og tiltak for å hindre attgroing og ta vare på det opne landskapet i Aukra kommune.» Dette vedtaket har ikkje blitt følgd opp i god nok grad, og kontrollutvalet etterlyste ei orientering om saka i deira møte den 08.05.2018.
Saka vart på nytt aktualisert då Opplysningsvesenets fond (OVF) hausten 2017 sette i gang uttak av tømmer frå deira teig av Aukraskogen ved Aukrahallen. Aukra kommune overtok dei sørlegaste delane av Aukraskogen frå OVF i 2014 gjennom oppkjøp ved hjelp av tilskottsmidlar frå Direktoratet for naturforvalting til sikring av offentlege friområde.
Bestillinga frå kommunestyret i sak 81/13, om ein plan for fjerning av sitkagran og innplanta furuartar synest ikkje å ta omsyn til dei komplekse verknadane dette kan få for naturmiljøet. Det er klare omsyn som taler for å fjerne mykje av plantefelta, med konsekvensane må vera gjennomtenkte. Rådmannen kan vanskeleg sjå for seg å lage ein plan som i hovudsak gjeld privat eigedom, utan mynde til oppfølging. Det vil vere naturleg å kome inn på tema rundt forvalting av leplantefelta i denne planen.

Vedlikehald turstiar kr. 50.000
I 2017 vart ansvar for vedlikehald av turstiar overført til teknisk eining gjennom ei overføring av midlar frå Eining for Kultur. I 2019 vert dette området ytterlegare styrka gjennom eit driftstiltak på kr.50.000. Aukra kommune har over mange år opparbeidd eit godt turstinett i kommunen. Dette er ei svært god investering i folkehelsa og å gå på tur er ein populær aktivitet året rundt. At besøkstala på turpostane aukar er merkbart og dette krev også vedlikehald. I tillegg har vi mange andre stiar også som krev større vedlikehald.

Investering - Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022

Budsjettskjema 2A og 2B

Investeringar i anleggsmidlar (Tala er i heile 1000 kr.)	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2018 m/end. *	Rekneskap 2017
10 Sentrale styringsorgan	1 228	1 228	1 228	1 228	2 528	908
20 Gossen barne- og ungdomsskole	0	0	800	4 000	0	108
21 Julsundet skole	900	0	0	0	34 303	78 214
22 Barnebo barnehage	29 500	26 000	0	0	500	-
23 Bergetippen barnehage	0	0	0	260	0	
24 Innvandring og Integrering						
25 Kultur	8 177	42 000	100 300	49 200	6 700	2 234
30 Institusjon og butenesta	400	400	400	4 900	84 284	134 857
32 Tenester til heimebuande	1 350	1 300	1 050	1 050	3 118	1 037
40 Helse	1 088	0	0	0	0	
50 NAV						
60/62 Tekniske tenester	30 950	18 800	35 550	20 900	56 593	30 725
Sum anleggsmidlar	**73 593**	**89 728**	**139 328**	**81 538**	**188 026**	**248 084**
Utlån og forskutteringer	2 000	3 000	4 000	3 000	1 800	2 157
Kjøp av aksjer og andeler	950	1 000	1 050	1 100	998	903
Avdrag på lån	783	792	830	837	1 100	1 694
Avsetningar	-	-	-	-	-	400
Årets finansieringsbehov	**77 326**	**94 520**	**145 208**	**86 475**	**191 924**	**253 237**
Finansiert slik:						
Bruk av lånemidlar	2 000	3 000	104 000	3 000	1 800	114 632
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	8 000	10 000	5 000	-	1 000	583
Tilskot til investeringa	-	2 000	-	14 500	91 300	984
Mva-kompensasjon	8 753	15 590	25 500	11 682	27 895	46 570
Mottekne avdrag på utlån og refusj.	783	792	830	837	755	1 419
Andre inntekter	-	-	-	-	-	757
Sum ekstern finansiering	**19 536**	**31 382**	**135 330**	**30 019**	**122 750**	**164 945**
Overført frå driftsbudsjettet	0	0	0	0	0	0
Bruk av avsetningar	57 790	63 138	9 878	56 456	69 175	88 292
Sum finansiering	**77 326**	**94 520**	**145 208**	**86 475**	**191 924**	**253 237**
Udekket/udisponert	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

*Budsjett 2018 m/end er lik vedteke budsjett etter endringar i budsjettkorrigeringssak pr. 31.8.18

Investeringar – store tiltak

Tiltak	Beskriving	2019	2020	2021	2022	SUM
257000	Kultur og basseng	7 000 000	41 700 000	100 000 000	48 900 000	197 600 000
301001	Riving og etterbruk Aukraheimen	-	-	-	4 000 000	4 000 000
602003	Nautneset Vest - oppfølging av reguleringsplan	-	150 000	-	3 500 000	3 650 000
620014	Riving og etterbruk Riksfjord skole	-	-	-	4 000 000	4 000 000
645204	Utbygging del av Falkhytten sentrum, alt 2	7 000 000	-	5 500 000	10 000 000	22 500 000
645503	Veg og industriareal Hollingen	200 000	5 000 000	5 000 000	-	10 200 000
648115	Hovudvassleidning Rødabukta - Rindarøya	10 400 000	-	-	-	10 400 000
648117	Hovudvassleisdning siste del Flatvoll - Hukkelberg	4 000 000	-	-	-	4 000 000
648119	Fullføre vassleidning Skarshaug - Løvika	2 000 000	2 000 000	-	-	4 000 000
648519	Avløp Holmesundet	-	200 000	3 500 000	-	3 700 000
651002	Vassleidning Julsundet skole - Eidskrem	-	-	100 000	6 000 000	6 100 000
662550	Etterbruk Rothaugen	2000000	3000000	2000000	0	7 000 000
669002	Aukratun	29 500 000	26 000 000	-	-	55 500 000
679102	Gang- og sykkelveg Smågekrysset til Smågetoppen	-	200 000	10 000 000	-	10 200 000
TOTALT		**62 100 000**	**78 250 000**	**126 100 000**	**76 400 000**	**342 850 000**

257000 Kultur og basseng
Revidert oppstartsvedtak blei vedtatt i kommunestyret i k-sak 27/17. Økonomisk ramme for prosjektet er 192 000 000,- kr (2017). I K-sak 55/17 vart det vedtatt å legge inn undervisningsareal for framandspråklege i bygget. Budsjettet vart difor korrigert med 4,9 millionar.
Det er lagt til grunn eit hovudbasseng med lengde 25m med delt vassflate med forskjellige temperatur. Endeleg omfang og tekniske løysingar skal fremjast som politisk sak i november 2019 før signering av kontrakt. Byggestart er planlagt til 2020 med ferdigstilling første kvartal i 2022.

301001 Riving og etterbruk Aukraheimen
Riving av to etasje bygning og sjukeheimsfløya i 2022. Når kulturhus og basseng er ferdig vil aktivitetane som har midlertidige lokale i Aukraheimen flytte ut. Truleg vert løysinga ein kombinasjon av riving og tilpassing til nye formål. Prosjektet må utviklast/planleggast i 2020-2021 og kalkyle utarbeidast.

602003 Nautneset Vest - oppfølging av reguleringsplan
Ny veg til Nautneset industriområde.Planen føreset bygging av ny kommuneveg i nord – austleg retning frå Asbjørn Varhaugvik sin eigedom i retning mot Auka overnatting. Vegen er ein føresetnad for at Aukra overnatting skal kunne kome i gang med si flytting av brakkeriggen mot vest. Tilkomsten til Nautneset industriområde blir betra og vegen kjem lenger unna busetnaden i området. Tiltaket vil auke attraktiviteten for etablering på Nautneset industriområde. Nytt areal blir tilgjengeleg når kommunen har flytta sitt utelager. Ny regulering for Nautneset industriområde blir oppstarta i 2019. Tiltaket vil tene som miljøtiltak for busetnaden i området.

620014 Riving og etterbruk Riksfjord skole
Riving av basseng- og mellombygg med tilpassing i 2022. Når kulturhus og basseng er ferdig vil aktivitetane som har midlertidige lokale i det gamle skulebygget flytte ut. Truleg vert løysinga ein kombinasjon av riving og tilpassing til nye formål. Prosjektet må utviklast/planleggast i 2020-2021 og kalkyle utarbeidast.

645204 Utbygging del av Falkhytten sentrum, alt 2
Reguleringsplanen Falkhytten sentrum, alt.2, er godkjend av kommunestyret i sak 32/14 den 08.05.14. Denne planen er no detaljert i planarbeid. Planområdet dekker tidlegare utarbeidd områdeplan for Falkhytten sentrum. I tillegg er det tatt med eit område langs FV 220 frå kryss med FV 216 nordover til kryss med Nautnesvegen. Føremålet med planen er å legge til rette for plassering av sentrale sentrumsfunksjonar som kulturhus, svømmebasseng, hotell, forretningsføremål, parkering og gatetun. Prosjektet gjeld utbygging av dette arealet, Når planarbeid og prosjektering er gjennomført i 2018 vil ein ha betre talgrunnlag for 2019 og 2020. Samla investeringar for full utbygging av veg og flater er her i størrelsesorden 15,5 mill.kr. To millionar vert øremerka utekunst på festplassen.
Oråde langs FV 220 frå kryss med FV 216 nordover til kryss med Nautnesvegen og gatetun ikkje teke med i kostnadsvurderinga. Ein kan pårekne at budsjettbeløpet i 2021 og 2022 kan bli betydeleg høgare.

645503 Veg og industriareal Hollingen
Utviding av industriarealet på Hollingen, finansiering av ny veg. Reguleringsplan er under arbeid. Planen omfattar utviding av industriområdet i samsvar med kommuneplanen sin arealdel. I tillegg skal planen legge til rette for ny tilkomst til Bunnpris / Hollingbygg. Reguleringsplanen er planlagt ferdig 1. halvår 2019.
Planen føreset ny veg til industriområdet (samla for eksisterande og utvida område). Same veg blir dimensjonert for å gi vegtilkomst til nytt bustadfelt, Torhaugmyra vest. Medfinansiering frå private utbyggarar er ein føresetnad her. Det er utarbeidd forprosjekt for vegføringa.

648115 Hovudvassleidning Rødabukta - Rindarøya
Prosjektet gjeld fullføring av skifte av hovudvassleidning av asbestsementrør på strekninga frå parkeringsplass ved Rødabukta og til Rindarøya, inkludert sjøleidning. Leidnings-strekket er hovudvassforsyninga til industriområdet på Rindarøya. Prosjektet er siste del fornying av hovudstrekket til eit område med eksisterande og framtidige produksjonsanlegg som må prioriterast for å sikre stabil vassleveranse. Prosjektet ligg i handlingsplan Hovedplan Vatn.

648117 Hovudvassleisdning siste del Flatvoll - Hukkelberg
Utskifting av siste del av hovudvassleidning av asbestsementrør frå Hukkelberg til Flatvoll. Denne delen vart lagt inn som ein opsjon i konkurransegrunnlaget for første del av strekninga. Her må planlegging samordna med tilrettelegging for forsyning til kulturhus og basseng.

648119 Fullføre vassleidning Skarshaug - Løvika
Prosjektet gjeld fullføring av utskifting/oppgradering av hovedvassleidning på strekninga frå krysset til Skarshaugen til Løvika. Vidareføring av vassleidning frå Skarshaug mot Løvik (2 km).
Ved utbygging av veglys Skarshaug – Løvik vart det planlagt utbygging av vassleidning til og med Løvikvegen 120, Aukra kommune skal fortsette vidare på Løvikvegen med vegbelysning og fiber finn vi det naturleg å fortsette med oppgradering av vassleidning til og med Hermetikkvegen ca. 1400 m. og vidare med brannvatten til snuplass (Purkeneset) 400 m.Det er per dags dato for lite brannvatn på strekninga frå kryss Løvik/ Hellgota til Purkeneset i høve krav. Det er planlagt ny 225 mm PVC leidning på strekket for å oppnå nok kapasitet til å forsyne vatn til Vikenco dersom hovudvassleidning Horrem- Rød er ute av drift.

648519 Avløp Holmesundet
Dette er eit området der det framleis er private anlegg i eit tettbygd område. 20 private enkeltutslipp til sjø. Prosjektkostnad vurdert til kr. 3.500.000. Midlar er lagt inn året før bygging.

651002 Vassleidning Julsundet skole - Eidskrem
Det er behov for utskifting av eksisterande vassleidning frå Fanghol til Eidskrem, ca. 2,3 km. I dag ligg det ein 150 mm asbestleidning på denne strekninga. Eksisterande kapasitet på vassleveranse bremsar vidare utvikling i området mellom anna pga krav til brannvatn. Berekna tiltakssum omfattar ikkje tiltak i høve utbygging Kobbevika panorama.

662550 Etterbruk Rothaugen
Fylkesmannen i M&R avdekka ved tilsyn ved Rothaugen avfallsdeponi fleire avvik i forhold til krav om avslutning og etterdrift av deponi. Tilsynet vart utført 23.09.14. Følgjande 3 avvik blei avdekt.
1. Manglar plan for avslutning og etterdrift.
2. Internkontroll for rutinar i etterdrift (prøvetaking, tilsyn).
3. Prøvetakingsplan for sigevatn.

Kommunen har sidan 2016 jobba med ei avslutning og etterdriftsplan saman med konsulentselskapet Cowi. Dette har resultert i følgjande naudsynte tiltak:
1. Godkjent avslutning
2. Godkjent etterdrift.
3. Prøvetakingsplan
4. Etterdriftsfond (Fond som skal sikre etterdrift i 30 år etter avslutning)

669002 Aukratun
Ny barnehage ved Furutun er planlagt bygd med fem avdelingar for born 3-5 år.
Det nye barnehagebygget er for barn 3-5 år og er planlagt med 5 avdelinger hver på 140 m2 BRA og en administrasjonsavdeling på 300 m2 BRA. Totalt 1.400m2 BTA. Bygget er planlagt klart til bruk fra 1. august 2020.

679102 Gang- og sykkelveg Smågekrysset til Smågetoppen
Gang- og sykkelveg med veglys på ca. 1100 meter. Tiltaket er prioritert i Trafikktryggingsplana 2013-2016.
Prosjektet er kalkulert til om lag 10 millionar kroner. Planleggingsmidlar er foreslått i 2020.
Legg her til grunn noko tilskott frå trafikktryggingsmidlar.

Investeringar – små tiltak

Tiltak	Beskriving	2019	2020	2021	2022	SUM
104002	RORikt - investeringar	1 228 000	1 228 000	1 228 000	1 228 000	4 912 000
201003	Teppe i inngang/garderobar GBU	-	-	800 000	-	800 000
210027	Nye stolar og bord til ungdomsskolen	600 000	-	-	-	600 000
230104	Teppe i inngang/garderobar Bergetippen barnehage	-	-	-	260 000	260 000
255000	Kommunal eigenandel ved spelemidlar	300 000	300 000	300 000	300 000	1 200 000
255008	Kunstisbane i tilknytning til energisentralen	300 000	-	-	-	300 000
255011	Digitalt utstyr Kulturskolen	112 000	-	-	-	112 000
255012	Skjøtsel av Horrem kvernhus	165 000	-	-	-	165 000
255013	Treningspark i tilknyting til tursti ved Aukraskolane	600 000	-	-	-	600 000
300014	Velfersteknologi nytt omsorgssenter	300000	300000	300000	300000	1 200 000
302003	Utskifting av medisinsk utstyr	100 000	100 000	100 000	100 000	400 000
303202	Avlastningsbustad ved Bergtun	-	-	-	500 000	500 000
320000	Bilar heimetenesta	250 000	500 000	250 000	250 000	1 250 000
320001	IKT velfrerdsteknologi Heimetenesta	500 000	500 000	500 000	500 000	2 000 000
320004	Tryggleiksalarmar	100 000	100 000	100 000	100 000	400 000
320006	Velferdsteknologi nytt omsorgssenter, heimetenesta	200000	200000	200000	200000	800 000
401001	Ultralyd apparat	1 087 500	-	-	-	1 087 500
620101	Energibrønnar og varmepumpe ved Furutun barnehage	1 000 000	1 100 000	-	-	2 100 000
620102	Energibrønnar til kulturhus og basseng	-	-	2 000 000	-	2 000 000
621001	Pumpekum Nautneset	-	400 000	-	-	400 000
624006	Renovering Bergtun	300 000	-	-	-	300 000
625004	KOble kommunehuset til energisentralen	-	-	1 550 000	-	1 550 000
630286	Slamavskiller Nerbøstranda	-	-	1 500 000	-	1 500 000
648000	Generelle investeringar vatn	500 000	500 000	500 000	500 000	2 000 000
648116	Utbygging regulering Rindarøya	-	-	500 000	-	500 000
648120	Hovudvassleidning Løvik - Oterhalsen	-	-	-	100 000	100 000
648121	Automatisering Tverrlia	500 000	500 000	-	-	1 000 000
648121	Tiltak Tverrlia, ny linje	-	-	-	300 000	300 000
648500	Generelle investeringar avløp	500 000	500 000	500 000	500 000	2 000 000
648520	Avløp Eikrem	-	200 000	2 500 000	-	2 700 000
651003	Rehabilitering vasstårnet	-	1 250 000	-	-	1 250 000
653211	Garderobe brann	500 000	-	-	-	500 000
653212	Ny brannbilar	-	1 500 000	-	-	1 500 000
662511	Solskjerming Julsundet skole og GBU	300 000	-	-	-	300 000
662512	Felles toppsystem alle kommunale bygg	250 000	1 500 000	-	-	1 750 000
679107	Gangveg ved Aukratun	100 000	800 000	-	-	900 000
683023	Fiber Småge - Smågetoppen	-	-	400 000	-	400 000
689001	Lager vatn og avløp Nyland	1 700 000	-	-	-	1 700 000
TOTALT		**11 492 500**	**11 478 000**	**13 228 000**	**5 138 000**	**41 336 500**

104002 RORikt – investeringar
Aukra kommune sin del av RORikt sine investeringar.

201003 Teppe i inngang/garderobar GBU
"Renholdssoner" (tepper) i garderober/inngang bør byttes. Det er 382 m² med slike teppe på Gossen Barne og Ungdomsskole.

210027 Nye stolar og bord til ungdomsskolen
Under utbygginga vart det sagt at manglande tiltak i Ungdomsskolen skulle kompenserast over investeringsbudsjettet. Stolar og bord er nedslitne, og inventar i fellesområdet i eksisterande ungdomsskole er kasta på grunn av slitasje. Søkjer om 500000 kr til elevbord og stolar, jmf vedlegg med prisliste frå Lindbak. Kr.100000 er tenkt til møblar i fellesområdet i Ungdomsskolen.

230104 Teppe i inngang/garderobar Bergetippen barnehage
Bergetippen Barnehage Det er pr i dag 75 m² med Renhaldssoner på Bergetippen, men det er eit areal på 46 m² som det er ønskje om Reinhaldssoner på.

255000 Kommunal eigenandel ved spelemidlar
Kommunal eigenandel ved spelemiddelsøknader:
Ved søknad om spelemidlar kan ein søkje om tilskot på inntil 50 % av godkjent kostnad. Grunnlaget for tilskot til nærmiljøanlegg er frå 2015 auka til kr. 600 000,-. Maksimalt tilskot per anleggseining er kr. 300 000. Eigendelen er knytt opp mot vedteken handlingsplan i plan for idrett, aktivitet og friluftsliv. Eigenandelen har vore uendra kr. 300.000,- sidan 2015.

255008 Kunstisbane i tilknytning til energisentralen
Bygging av ein kunstisbane er først og framst eit bulysttiltak, eit tiltak for born og unge. Ideèn kom opp da fagkonsulenter for energisentralen viste til at det her ligg spesielt godt til rette for eit slik anlegg. Kunstisanlegget vil gje ein auka effekt på varmepumpa gjennom at temperaturen i energibrønnene blir noko høgare. Ved å bygge kunstisanlegget er det antyda at kommunen kan unngå å bygge ca 10 eneribrønnar og slik gje ein reduksjon på ca kr.1 mill i investeringane til energisentralen trinn II. Midlar til planlegging av eit kunstisanlegg i sentrum er lagt inn i 2019. Anlegget er eit tiltak som det kan søkast tippemidlar for (maks. 2 millionar) når tiltaket er planlagt og kalkulert. Det er ikkje ført opp investeringbeløp ut over planleggingsmidlar da planlegging først må gjennomførast. Kalkyle på skissenivå i 2015 var på 5,85 mill. eks. mva. Kunstgrasdekke med ballnett for bruk om sommaren var da inkludert. Driftskostnadane med anlegget var stipulert til ca. 200 000,- pr. år. Eit nytt forprosjekt vil kvalitetssikre både investerings- og driftskostnadar.

255011 Digitalt utstyr Kulturskolen
I Læreplan for Kulturskolen er visuelle kunstfag eit av fagområda i kjerneprogrammet. Kulturskolen har digital kultur som satsingsområde og digital kunst er eit av tilboda vi ønskjer satse på i komande år. (ref «utvikling av eininga/tenesteområde», budsjett 2018).
Kunstfaglærar i kulturskolen er utdanna fotograf og vi ønskjer å nytte hennar kompetanse innan faget til å lære elevane på kunstfag foto, samt gi tilbod om kurs og workshop til andre barn, unge og vaksne i kommunen.Mykje av utstyret kan også brukast til digitalt kunstarbeid.

255012 Skjøtsel av Horrem kvernhus
I kulturminneåret 1997 vart Horrem Kvernhus valt som kommunen sitt kulturminne og restaurert i samarbeid med Romsdalsmuseet.I vedtatt handlingsprogram i Kulturminneplan for 2017-2020 var dette eit prioritert tiltak i 2018. Etter synfaring og mottatt tilstandsrapport viste det seg at omfanget av vedlikehald var mykje større enn først antatt. (sjå eige vedlegg) Vi har godt samarbeid med grunneigar og velforeininga og noko arbeid kan gjerast etter avtale med dei. I hovudsak er likevel dette arbeid som må gjerast med same tilverknadsmetode og handverksmessig utføring som originalen. Drenering ved kvernhuset må også kartleggast og utbetrast fordi eit større tilfang av vatn gjer at utløpet truleg ikkje er stort nok.
Vi undersøker moglegheit for å søke om tilskot til dette tiltaket, men det er pr. i dag ikkje avklart.

255013 Treningspark i tilknyting til tursti ved Aukraskolane
Treningspark i tilknyting til tursti ved Aukraskolane. En treningspark består av enkle konstruksjonar til bruk for eigenvekttrening. Det er ønskje om å plassere apparata nært til tursti frå Falkhytten til Riksfjordremma og ved tursti frå Matberget til Lauvåsen.
Dette er treningsapparat som alle kan nytte seg av, heilt gratis og når som helst. Her kan alle stoppe når dei er på tur og ta ei treningsøkt, og skoleelevar kan bruke dei i gymtimane. Desse apparata har inga aldersgrense og vil vere eit godt bidrag til folkehelsa for innbyggarane i Aukra.
Kostnad:

2 stk. sett med treningsapparat à kr. 200.000,-	kr. 400.000,-
2 X fundamentering og montering	kr. 200.000,-
Total kostnad	kr. 600.000,-
Mogleg finansiering med spelemidlar	kr. 300.000,-

300014 Velferdsteknologi nytt omsorgssenter
Årleg investeringsbehov for å ta høgde for nye digitale tenester og oppgradering av dagens teknologi.

302003 Utskifting av medisinsk utstyr
Vidareføring av investeringstiltak 183007
Medisinsk utstyr må oppdaterast. Det er behov for innkjøp av til dømes okygenkonsentrator, EKG apparat, løftestolar mm.

303202 Avlastningsbustad ved Bergtun
Dagens avlastningsbustad vart bygd som ei midlertidig løysing. Aukra kommune har behov for ein permanent avlastningsbustad, og denne er foreslått bygd ved Bergtun for å kunne nytte felles personalressursar. Planleggingsmidlar vert foreslått lagt til 2022.

320000 Bilar heimetenesta
Planlagt skifte av bilar i heimetenesta kvart år, for å unngå store investeringar på enkelte år.

320001 IKT velfrerdsteknologi Heimetenesta
Veksten i pleie- og omsorgstenestene i heimetenestene fører til fleire brukarar. Ved hjelp av ny teknologi kan løyse ein del av utfordringane, slik at fleire greier seg lenger heime. Framtidige investeringsplanar med investering i ny teknologi kan effektivisere drifta der det er mogleg. Eksempel er alarmar med GPS, medikamentdispenser, automatisk blodsukkermåling.

320004 Tryggleiksalarmar
Tryggheitsalarm med GPS-sporing og to-veistale er tatt i bruk. Dei har ei levetid på om lag 3 år. I tråd med auka tal på eldre i befolkningen er det behov for midlar til både nyinnkjøp og utskifting.

320006 Velferdsteknologi nytt omsorgssenter, heimetenesta
Årleg investeringsbehov for å ta høgde for nye digitale tenester og oppgardering av dagen sin teknologi.

401001 Ultralyd apparat
Det er behov for eit nytt ultralyd apparat på legekontoret. Ultralyd er svært nyttig i diagnostikk og behandling av ei lang rekke sjukdomar. Vi får raskare og sikrare diagnosar, slepp unødvendige henvisningar til sjukehus og bruker også ultralyd til veiledet injeksjonsbehandlingar. Ny teknologi gjer diagnostikken enda sikrare. Vi har opparbeidet oss god erfaring og kunnskap i bruk av ultralyd dei siste 12 åra og underviser også kollegaer i dette. Vi nyttar ultralyd både på legekontoret, på vakt, ved tilsyn på sjukeheim eller heimebesøk til alvorleg sjuke pasientar.

620101 Energibrønnar og varmepumpe ved Furutun barnehage
Energibrønnar og varmepumpe Furutun barnehage. Det er planalgt å bygge energibrønnar for det nye barnehagebygget. Dette er tiltak i eksisterande barnehage. Barnehagen vart tilrettelagt for bruk av gass. I dag er det el-kjel som varmer bygget. Ombygging til bruk av varmepumpe vil meir enn halvere kostnaden med oppvarming.

620102 Energibrønnar til kulturhus og basseng
Utviding av brønnpark for Energisentralen pga Kulturhus og basseng Sentralen må utvidast med 10 brønnar for å kunne levere til nytt kulturhus og basseng.

621001 Pumpekum Nautneset
Området ved Nautneset industriområde er per dags dato ikkje kopla til slamskiljar og difor går all kloakk frå industriområde ureinska ut i sjø. Utslepp av avløpsvatten er regulert i forureiningsforskrifta §12 og § 13. Utslepp utan reinsking er ikkje tillate.Det må gjerast tiltak for å pumpe spillvatn frå industriområde til slamskiljar P52 Nautneset.
Tiltak:
- Ny pumpekum
- Nedsetting av pumpekum (utkopling/ innkopling)/ legging av pumpeledning frå pumpekum til eksisterande slamskiljar.
- Reasfaltering
- Flytting/ utskifting av styringsskap

- Kabelpåvisning/Sikring

624006 Renovering Bergtun
Nytt golvbelegg og nytt kjøkken i fellesarealet ved Bergtun. Golvbelegget er utslitt og er i tillegg misfarga (svart) pga varmekablane. Kjøkkeninnreiinga ber også preg av stor slitasje. Denne har blitt utvida etter kvart som ho har blitt for lita med ulike skap som har vore utrangert i andre bygg. Både golvbelegget og kjøkkeninnreiinga er frå bygget var nytt i 1998.

625004 Koble kommunehuset til energisentralen
Kommunehuset har eit svært høgt straumforbruk, slik at prosjektet vil vere lønsamt på sikt.
Bygging av anlegget samtidig med at kulturhus/basseng skal koblast til energisentralen.

630286 Slamavskiller Nerbøstranda
Kloakkutslepp U56 Nerbøstrand har sidan 1977 hatt midlertidig utsleppsløyve på ureinska utslepp, dette har vore i omtala i føregåande avløpsrammeplan og gjeldande rammeplan for avløp frå 2000.
Utslepp av avløpsvatten er regulert i forureiningsforskrifta §12 og § 13. Utslepp utan reinsking er ikkje tillate.Det er kjøpt og regulert eit område for plassering av slamskiljar ved Nerbøstrand. Dette området treng tilrettelagt tilkomstveg for slambil.
Beskriving av eksisterande utsleppsleidning seier at denne ligg på 10 meter djupne, og dette er ikkje etter forskrift. Dette betyr at det naudsynt med forlenging av utsleppsledning. Dette krev dykkarar.
Eksisterande veg ned til planlagt tomt kan vere krevjande med stor bil og det trengs tiltak for å gjere det mogleg å køyre ned med f. eks slambil.

648000 Generelle investeringar vatn
Tiltaket gjeld nødvendige tilpasningar i samband med nyanlegg, og oppgradering av vass og brannvasskummar. Tiltaket ligg i handlingsdelen i Hovedplan Vatn. Det er eit generelt problem at mange av dei eldre vasskummane ikkje har tilstrekkelig drenering, og dette gjer at dei blir ståande fulle av vatn. Dette er ikkje heldig både med tanke på hygiene og på drift og vedlikehald.
Neddykka kummar kan føre til innsug av skitvatn ut på nettet ved f. eks store uttak av brannvatten. Rust på armatur og sluser kan hindre stenging i neddykka kummer.

648116 Utbygging regulering Rindarøya
Prosjektet gjeld utbygging av offentleg vegareal i reguleringsplanen for Rindarøya.
Planen er godkjend av kommunestyret i sak 3/16 den 02.02.16, og stadfesta av fylkesmannen 06.07.16. Målet med reguleringsplanen er å legge til rette for gjennomføring av tiltak, og planen omfattar i tillegg til hovudveg med vegtekniske anlegg også gangveg med kulvertar. Bygging av gang- og sykkelveg er ei kommunal oppgåve medan bygging av hovudveg er ei oppgåve som vegeigar Statens Vegvesen har ansvar for. Ei utbygging her er ikkje prioritert av vegeigar så langt ein kjenner til. Planen inneheld nytt næringsareal som, når utbyggingsbehovet oppstår, mogeleg kan bidra til finansiering. Dersom utbygging av offentleg vegareal, eller delar av offentleg vegareal, skal skje i økonomiplanperioden, må dette førebuast gjennom prosjektering og utarbeiding av gode kalkyler. Samla investeringar for full utbygging av vegtekniske anlegg er her i størrelsesorden 50 mill.kr.Planleggingsmidlar bør budsjetterast for å vurdere om prosjektet er gjennomførbart.

648120 Hovudvassleidning Løvik - Oterhalsen
Prosjektet gjeld sikring av ringvassforsyning gjennom oppdimensjonering av hovedvassleidning på strekninga Løvika – Oterhalsen (tverrleding). Planleggingsmidlar er foreslått i 2022.

648121 Automatisering Tverrlia
Prosessanlegget ved Tverrlia har per dags dato lite automatisering. Dosering og justering av kjemikaliar skjer manuelt og vaktmannskap må over til Tverrlia ved situasjonar der det blir stor auke eller reduksjon i produksjonsmengder.
Målet med automatisering av vassproduksjonen er å få et anlegg som regulerer produksjonsmengder og dosering av kjemikaliar etter behov og produksjonsmengder styrt etter nivå i høgdebasseng. Dette gir berte kontroll på

doseringsmengder. På sikt vil dette gi innsparingar både på kjemikaliar og personalressursar. Tiltaket ligg i handlingsdelen i Hovudplan Vatn.

648121 Tiltak Tverrlia, ny linje
Prosjektet gjeld utgreiing av nødvendig oppgradering i Tverrlia reinseanlegg. I 1996 blei reinseanlegget renovert og bygd om til fullreinseanlegg. I 2005 blei det bygd nytt høgdebasseng og pumpestasjon i Tverrlia. I 2010/2011 blei det installert 2 stk. UV aggregat som kvar dekker maks produksjonen på 216m3. Same år blei nedføringsleidninga frå behandlingsanlegget og fram til Jendem skifta ut. Det er no 20 år sia hovedombygginga og det vil vere behov for generell oppgradering og investering i dei to reinselinene, Planleggingsmidlar er foreslått i 2022.

648500 Generelle investeringar avløp
Eksempel på tiltak i innan denne posten:
Tiltak 1: Aukrasanden (ferjekai). Ny pumpekum ved Aukra ferjekai, da eksisterande har kollapsa og tek inn vatten. Dette gjer at ureinska kloakk går på overløp ut i sjø. Oppflyt av framandlekamen har også ført til tilstopping inn på kioskbygg på ferjekai. Per dags dato er styringsskap for pumper plassert inne i kioskbygg som AK ikkje har tilgang til.
Naudsynte tiltak:
Tiltak 2: Kloakk ved Aukra hotell. Aukra hotell har problem med tilstopping av kloakk. Problemet ligg i kommunalt avløpsnett utanfor Aukra Hotell. Det er ei svokt i avløpsledning som gjer at kloakk stoppar opp. Kloakk ligg djupt, dette gjer utbetringssituasjon utfordrande.
Tiltak 3: Sikring av kloakkpumpestasjon i Bakkemyr. Kloakkpumpestasjon ved pumpestasjon i Bakkemyr har usikra pumpesump og det er berre eit provisorisk aluminiumsdeksel som beskytter pumpesump. Dette er sårbart og ikkje i tråd med krav til HMS krav. Det er då spesiell fare for fallskader. Det må lagas eit skikkelig beskyttelsesdeksel med todelt inspeksjonslokk for kvar pumpe. Dette vil gje ein mykje tryggare arbeidskvardag for dei som skal gjere rutinemessig vedlikehald av pumpesump og pumper. Etablere løftetalje i tak, om takkonstruksjon tåler dette.

648520 Avløp Eikrem
Overtaking av privat kloakkanlegg samt tilknytning av privatutslepp frå enkelthus. Det er usikkerhet kring omfanget og tilstand på anlegget.

651003 Rehabilitering vasstårnet
Det har lenge vore diskutert om ein har nytte av vasstårnet som høgdebasseng. i gjeldande økonomiplan vart tiltak vasstårn lagt inn med ein sum til riving.
Vurderinga no er at ein vel å behalde vasstårnet som høgdebasseng, og difor vert formålet for løyvet som låg inne i 2020 no foreslått endra til renovering av tårnet.

653211 Garderobe brann
Brannmannskap jobbar ofte i skitne omgjevnader (røyk, støv, gass). Dette gir krav til skilje mellom skitten og reine soner. Viser til lovverk: AML §3-1, §3-8, internkontrollforskriften §5 andre ledd punkt 6.Aukra brann og redning gjennomførte i 2017 vernerunde ved Aukra brannstasjon. Vernerunde vart gjennomført saman med Molde brann- og redningsteneste. Rapporten avdekka manglande sanitærforhold i branngarasje, manglande hygieniske forhold då det ikkje er fysiske skilje mellom rein og skitten sone. Brannmannskapet har i dag toalett inne i TET driftsbygg. Dette kan gi eksponering for forureining/smitte viss dei må inn på bygget i utrykningsklede.

653212 Ny brannbil
Bytte ut brannbil Mercedes Sprinter. Denne bilen dreg på åra og feil og manglar byrjar og melde seg. Det er også ein del rust som byrjar å komme til syne. Dette er ein erstatningsbil som blei kjøpt for 4 år sidan, som Aukra brann og redning skulle ha til vi kjøpte inn ein ny.
I tillegg til at bilen begynner å svikte litt, er det mykje utstyr som manglar på den for at vi skal kunne bruke den fullt ut. Nokre dømer: firehjulstrekk, automatgir, vinsj, lysmast, slukkeanlegg, Locus.
Bilen er kjøpt frå Ålesund Brannvesen. Dei brukte bilen som dykkarbil, den er derfor ikkje hensiktsmessig oppbygd for oss. Hausten 2015 starter vi opp med «Mens du venter på ambulansen». Tanken er da å bruke «Sprinteren» til ambulanseoppdrag. Firehjulstrekk er et must i mange situasjonar da det ofte ikkje er brøyta når vi rykker ut på nattetid.

662511 Solskjerming Julsundet skole og GBU
Solskjerming i ungdomsskolefløya Julsundet skole. Solskjerming GBU, der det er ein del solskjerming som ikkje fungerer slik den skal.

662512 Felles toppsystem alle kommunale bygg
Alle nye kommunale bygg er tilrettelagt for sentralt driftsanlegg. Dette gjer at dei tekniske anlegga kan overvakast og til dels driftast via nettet. Dette vil medføre at personell ikkje behøver å reise til bygget for å justere det tekniske anlegget, og dermed frigjere ressursar.
Entreprenørane har kome med ulike løysingar for toppsystema som styrer dette. Gjennom eit samarbeid med Molde Eigedom KF er dei tekniske anlegga tilrettelagt basert på deira krav. Eit forprosjekt vil gje svaret på kva me ynskjer av løysing for eit felles toppsystem og kva dette vil koste å tilpasse bygga våre. Det er både enklare og rimelegare med eit system enn fleire.

679107 Gangveg ved Aukratun
Gang-og sykkelvegen er vist i godkjent reguleringsplan for Barnebo barnehage (Aukratun) vedtek i k-sak 11/2017. Det er i vedtektene § 6 eit rekkefølgjekrav om at gang- og sykkelveg skal byggast ut og knytast til eksisterande gang- og sykkelveg langs fylkesveg 216 før nytt barnehagebygg kan takast i bruk. Planlegging i 2019 og bygging i 2020.

683023 Fiber Småge - Smågetoppen
Forutsett utbygging av gang og sykkelveg på same strekk

689001 Lager vatn og avløp Nyland
Det har i lengre tid vært eit ønske om å frigjere det området som TET disponerer nede på Nautneset til marine interesser. For å få til dette må verksemda til TET flyttast frå Naustneset til industriområde Nyland.
Foreslått etablering ved ledig industritomt Nyland. Denne er ferdig grovplanert og det de lagt inn vatn og kloakk til tomta. Naudsynte tiltak for nyetablering:
- Ny isolert telthall.
- Inngjerding av område.
- Asfaltering av naudsynte areal for lagring.
- Påkopling vatn og avløp.

Sal av sjønært areal på Nautneset vil bidra til finansiering av tiltaket.

Vedlegg

Økonomiske oversikter drift 2019 - 2022

Tall i heile 1000 kroner	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2018 m/end. *	Rekneskap 2017
Driftsinntekter						
Brukerbetalinger	11 992	11 992	11 992	11 992	11 872	13 494
Andre salgs- og leieinntekter	36 022	36 022	36 022	36 022	30 851	29 036
Overføringer med krav til motytelse	44 736	44 736	44 736	44 736	39 242	45 904
Rammetilskudd	114 834	116 205	117 500	119 000	111 232	101 823
Andre statlige overføringer	27 958	27 958	27 958	27 958	43 727	40 833
Andre overføringer	177	177	177	177	20	529
